

”No byggjer vi nye Høyanger”

- Ein diskursanalytisk studie av omstillingsprosessen i Høyanger.




Masteroppgåve i samfunnsgeografi

Institutt for geografi

Universitetet i Bergen

Vår 2007

Synne Nessestrand Vefring



Forord

Merkelig er det, ja, å begynne å skrive på det som skal vere noko av det siste eg gjer før eg fullfører masterstudiet. Noko slikt krev refleksjon rundt ein prosess som for meg har vore givande på mange områder. Gjennom masterstudiet har eg fått høve til å studere eit tema som både interesserar og engasjerar meg. Eg har lært mykje og utvikla meg som person. Eg har fått utfordringar som verka skremmande, men som eg ved å takle har gitt meg ei oppleving av at eg kan få ting til! Eg har fått vennskap som eg set pris på og som eg håper vil vare evig.

At dette studiet har vore fint, og at prosjekt masteroppgåve snart er i hamn, er det mange som skal takkast for. Takk til deg Arnt! Du støtta meg på at Høyanger i omstilling var eit interessant prosjekt. Du gav fridom, og tillit til mine val. Du har vore tilgjengeleg, du har inspirert og du har motivert.

Takk til alle informantane som gjorde feltarbeidet til ei fin oppleving! De har vore imøtekommende, hjelsame og kunnskapsrike. Spesielt takk til Kristine som ikkje bare var tilgjengleg under feltarbeid, men som har gitt informasjon og data fram til dags dato. Du anar ikkje kor mykje tid og frustrasjon du har spart meg.

Takk til alle medstudentar på institutt for geografi. Det er de som har gjort det kjekt å gå på skulen kvar einaste dag. Takk for alle gode, meir eller mindre, faglege diskusjonar, for støtte og hjelp. Takk til Romy, Hilde, Maren, Tonje, Tina og Marina for dykkar engasjement i oppgåva mi. Takk til deg Kari Anne. Du fortener ein stor klem! Din kunnskap og din glede over å diskutere med meg har vore ein inspirasjonskjelde utan maken.

Takk til mamma for at du er ein god diskusjonspartner, og til pappa for at du set masteroppgåva i eit større perspektiv når tankerekken mine blir urasjonelle, og trua på meg sjølv liten. Takk til Idun og Frida for at de er stolt over storesøstera uansett! Takk til Bjarte for at du er verdens mest tolmodige og fantastiske kjærast!

Bergen 14.mai 2007

Synne Nessestrand Vefring

Innhaldsforteikning

FORORD	I
FIGURLISTE	V
KAPITTEL 1. INNLEIING	1
1.1 OPPGÅVA SITT TEMA	1
1.2 TIDLEGARE FORSKING PÅ FELTET	2
1.3 FORMÅLET MED OPPGÅVA	3
1.4 GANGEN I OPPGÅVA	6
KAPITTEL 2. KONTEKST	9
2.1 INNLEIING	9
2.2 LOKALISERING	10
2.3 Ei HISTORIE VERD Å KJENNE	11
2.4 HØYANGER I DAG	13
2.4.1 <i>Befolkningsutvikling</i>	13
2.4.2 <i>Næringsstruktur og næringsutvikling</i>	16
2.5 AVSLUTNING	19
KAPITTEL 3: TEORETISK TILNÆRMING	21
3.1 INNLEIING	21
3.2 REGIONAL UTVIKLING; EKSogene OG ENDOGENE FORKLARINGSMÅTAR, SAMT STIAVHENGIGHEIT	22
3.3 POSTMODERNISMEN OG “DEN KULTURELLE VENDINGA”	25
3.4 STAD	27
3.4.1 <i>Stad som sosial konstruksjon</i>	27
3.4.2 <i>Promotering og kommodifisering av stad</i>	29
3.5 KLARGJERING AV OMGREPA DISKURS, NARRATIV OG REPRESENTASJON	31
3.5.1 <i>Diskurs</i>	31
3.5.2 <i>Narrativ</i>	32
3.5.3 <i>Representasjonar av stad</i>	34
3.6 MOT EIN MODELL	35
3.7 OPPSUMMERING	37
KAPITTEL 4: METODOLOGI OG METODE	39
4.1 INNLEIING	39
4.2 FELTARBEID I EIGEN KULTUR, OG MIN STATUS SOM ”HØYANGERJENTE”	40
4.3 GENERERING AV DATA	43
4.3.1 <i>Skrivne kjelder</i>	43
4.3.2 <i>Utval av informantar, intervju og intervju-situasjonen</i>	44
4.3.3. <i>Observasjon med og utan deltaking</i>	47
4.4 VAL AV METODE FOR ANALYSE	48
4.4.1 <i>Diskursanalysens tre skritt</i>	48

4.4.2 Dekonstruksjon	50
4.4.3. Semiotisk tilnærming	51
4.5 FORSKINGA SIN KVALITET: TRUVERD, STADFESTING OG OVERFØRBARHEIT	53
4.6 OPPSUMMERING	55
KAPITTEL 5: INDUSTRISTADEN HØYANGER	57
5.1 INNLEIING	57
5.2. INDUSTRISTADEN HØYANGER; HISTORIE, KULTUR, OG NÆRINGSLIV	58
5.2.1 <i>Ei betydningsfull historie</i>	58
5.2.2 <i>Ein dominerande industriarbeidarkultur</i>	60
5.2.3 <i>Historie og kultur gjer Høyanger god på industri</i>	64
5.3 KONKLUSJON	68
KAPITTEL 6. NARRATIVET OM NYE HØYANGER	71
6.1 INNLEIING	71
6.2 STAD I OMSTILLING	72
6.2.1 <i>Omstilling forstått som alternativ tenking, nyskaping og endring</i>	72
6.3 STAD I ENDRING	75
6.3.1 <i>Høyanger har fått eit nyskapingsperspektiv</i>	75
6.3.2 <i>Høyanger er blitt meir mangfaldig og robust</i>	77
6.3.3 <i>Omstilling gjer Høyanger lik Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid</i>	80
6.4 KONKLUSJON	82
KAPITTEL 7. NARRATIV OM STAD, PRAKSIS OG MATERIELLE ENDRINGAR	85
7.1 INNLEIING	85
7.2 ENDRINGAR I KVARDAGSLEG SAMHANDLING	86
7.2.1 <i>Kommunikasjon og tillitt</i>	86
7.2.2. <i>Støtte, oppfølging og kompetanseheving</i>	88
7.3 NARRATIV OM STAD OG MATERIALISERING AV PRAKSIS	90
7.3.1 <i>Større industrielle satsingar</i>	91
7.3.2 <i>Mindre bedrifter og alternative satsingsområde</i>	93
7.4 KORLEIS STÅR HØYANGER FRAM SOM LOKALITET I DAG ?	96
7.5 KONKLUSJON	100
KAPITTEL 8: KONKLUDERANDE DRØFTING	101
8.1 INNLEIING	101
8.2 HØYANGER ER EIN STAD I ENDRING.	102
8.3 BIDRAG TIL AUKA FORSTÅING AV ØKONOMISKE OMSTILLINGSPROSESSAR	103
8.3.1 <i>Førestillingar, meinинг og praksis.</i>	104
8.3.2 <i>Stadar er dynamiske, mangfaldige og ulike</i>	105
8.4 AVSLUTNING	107
REFERANSAR:	109
VEDLEGG	115

Figurliste

Figur 2.1	Kart over Høyanger kommune	s.10
Figur 2.2	Bilde av Høyanger frå 1917	s.12
Figur 2.3	Bilde av Høyanger, 2005	s.13
Figur 2.4	Folketalsutvikling	s.14
Figur 2.5	Netto innflytting i prosent	s.15
Figur 2.6	Prosentvis tal av befolkninga med høgare utdanning	s.15
Figur 2.7	Prosentvis tal sysselsette fordelt på næring	s.16
Figur 2.8	Industrirelaterte arbeidsplassar i Høyanger tettstad, 2005	s.17
Figur 2.9	Endringar innanfor ulike næringar 1990-2001	s.18
Figur 3.1	Forholdet mellom diskurs, narrativ, representasjon og praksis	s.36
Figur 7.1	Bilde av den nye industrietableringa sin lokalitet	s.92
Figur 7.2	Bilde av C-hallstomta før og etter riving	s.93
Figur 7.3	Bilde av Høyangerbadet	s.95
Figur 7.4	Bilde frå prosjektet ”frå fjord til fjell”	s.96
Figur 7.5	Nyetablerte arbeidsplassar pr.01.01.07	s.97
Figur 7.6	Utvikling i sysselsetting frå 2003 og fram til 2008	s.98

Kapittel 1. Innleiing

"Høyanger er jo ikkje som det ein gong var. I hvertfall er ein på veg vekk frå det ein var ein gong. Både næringsstrukturmessig og mentalitetsmessig. Denne omstillingsprosessen og dette med nedlegging har tvunge ein til å tenke litt nytt i forhold til næringsstruktur. At det på sikt, i alle fall, vil forandre Høyanger frå å vere kun eit stort aluminiumskokeri, det trur eg heilt sikkert. Alle har jo si greie. Balestrand er turisme og kunst, Gaular er landbruk. Høyanger og Årdal er industri, banna bein! " (Informant 1).

1.1 Oppgåva sitt tema

Gjennom 1980 og fram til i dag har stadig fleire rurale stadar i Noreg opplevd at konkurranse utanfrå har ført til store omveltingar. Det samfunnet og staden har støtta og utvikla seg på gjennom historia, er ikkje lenger eit grunnlag å byggje framtidig utvikling på. Rammevilkåra endrar seg, og dei makroøkonomiske prosessane påverkar stadar, menneskjer og samfunn (Panelli, 2001). Prosessane skapar nye rammer for korleis menneskjer skal leve, samt korleis dei forholder seg til omgivnadane rundt. Endringane og utfordringane er store.

For norske kommunar er omstilling og tilpassing til nye rammevilkår ein del av kvardagen. Hos enkelte er det ei ”føre var” handling, medan det for andre er utfordringar tvunge fram gjennom store omveltingar i samfunnet. Kunnskap om regionar, regionale utviklingsprosessar og vilkår for eigenutvikling er viktig for å auke moglegheita for ei framtid for lokalsamfunn. Endringar i rammevilkåra aukar utfordringane for det regionale Noreg, og gjer at ein må ha fokus på regionale utviklingsprosessar, handlingskapasitet og utviklingsstrategiar i ulike delar av landet, og i auka grad prøve å forstå desse.

Eit område ramma av endringar er samfunn knytt opp til kraftkrevjande industri. Slike samfunn har oppstått som ein konsekvens av tilgang til energiressursar. Bedrifter, som til dømes Norsk Hydro, lokalisiert i tilknyting til desse områda har fungert som stadoppbyggjar og forma stad- og næringsutvikling i desse områda. I dag, når slik råvareindustri ikkje er like stadbunden, opplever ein at samfunna møter store utfordringar og må omstille seg som ein konsekvens av at hjørnestearinsbedrifta reduserar si verksemnd.

Temaet for oppgåva er stadutvikling og næringsutvikling i eit samfunn utsett for endringar i rammevilkår, og som er avhengig av å omstille seg. Eg ynskjer å oppnå ei forståing av korleis ein omstellingsprosess kan endre aktørars forståing av ein stad, samt korleis denne forståinga formar framtidig utvikling. Vidare ynskjer eg å sjå kva ein slik prosess gjer med aktørar sin vurdering av moglege satsingsområde, i tilknyting til kva fordelar dei opplever staden har i den framtidige utviklinga.

1.2 Tidlegare forsking på feltet

Omstilling og regional utvikling er ikkje eit nytt forskingsområde i geografi, men faget har hatt ulike tilnærmingar til forståing av regional utvikling, samt romlege og lokaliseringsmessige sider ved økonomisk aktivitet. Formålet er ikkje å presentere all forsking som har blitt gjort innanfor feltet omstilling, regional utvikling, samt stad- og næringsutvikling. Tanken er heller å gi eit innblikk i kva fokus og tilnærming geografifaget har hatt til slike tema. For meg er det viktig å få fram kva anna forsking har fokusert på, samt kva som er mogen til å byggje vidare på i denne oppgåva.

Geografifaget har frå 1950 stadig utvikla seg, samt si tilnærming til forståinga av regionar og regional utvikling. Som ein start, når slike tema kom i fokus, vart ulikheit i regional økonomisk utvikling forstått ut frå korleis økonomiske aktørar forklarte si lokaliseringsavgjersle innanfor eit kapitalistisk, industrielt system. Ein kopla regional ujamn fordeling opp mot fordeling av innsatsfaktorar og marknad, samt nærværet av eksterne stordrifts- og agglomerasjonsfordelar og kumulative prosessar. Til grunn for forklaringsmodellane låg eigenskapar ved den kapitalistiske økonomien, samt prosessar som la føring på mønster og utviklingsbaner for industrilokalisering og regional utvikling (Lindkvist og Vatne, 2004). Møglegheit for økonomisk vekst var avhengig av om lokalisering av bedrifter sin produksjon innebar kostnadsfordelar. Kostnadsfordelar knytt til ei lokalisering framfor ei anna innebar økonomisk vekst for ein stad ved auka tiltrekningeskraft på investeringar og arbeidskraft utanfrå. Tilnærminga klarte ikkje å gripe sosiale og kulturelle faktorar, og har i etterkant blitt kritisert for akkurat dette (Bukve, Onsager og Selstad, 2004).

I takt med auka globalisering, og endringane i rammevilkåra som følgde med, endra geografifaget karakter. Frå 1970 vart forståinga av regional utvikling i auka grad retta mot

forholdet mellom strukturelle rammevilkår og lokale handlingsalternativ (Lindkvist og Vatne, 2004). Utgangspunktet var at regional eigenart i historie, utviklingsforløp og føresetnadar skapar områdespesifikke ressursar, som er viktig for å respondere treffande på endringar i rammevilkår eller eksogene impulsar (Bukve, Onsager og Selstad, 2004:42). Fokuset vart difor retta mot korleis historia forma lokalsamfunnet, samt dei immaterielle og materielle investeringane si betyding for desse samfunna (Lindkvist og Vatne, 2004). Ein vekta dei historisk utvikla og territorielt forankra ressursane i eit område, og såg korleis desse verka inn på utviklingsprosessar og utviklingsmoglegheiter i eit område (Bukve, Onsager og Selstad 2004). Lokale ressursar sin moglegheit til å endre og tilpasse seg nye rammevilkår, kopla til overordna global utvikling, vart sett som medbestemmande for å forklare utvikling i regionar. Tilnærminga fokuserte på handlande aktørar og eksistensen av lokale ressursar som opererer i ei verd med sterk global påverknad (Lindkvist og Vatne, 2004).

Sidan 90-talet har ein i geografi, som i samfunnsvitskap elles, opplevd ei ”kulturell vending”. Ei slik vending innebar større fokus på kulturelle perspektiv, og vekta forholdet mellom menneske og stad (Berg m.fl., 2004). Stad som ein sosial konstruksjon vart sentralt og fokuset vart retta mot den kulturelle og sosiale meininga knytt til rurale rom, livstilar og stadar (Cloke, 2006). Korleis språket definerar ei ramme og legg føring på kva vi meinar og kan vite, samt skapar vårt røyndomsbilde, vart nytt. Ei forståing av stadar som meiningsfulle, og ein arena der vi eksisterar og handlar, gjer at aktørar blir forstått som involvert i fortolking. Ei slik fortolking influerar og guidar handling eller praksis, men ein kan også sei at praksis informerer meining ein legg i stad (Cresswell, 1996). Makt til å definere stad inneber difor makt til å definere kva handlingar som er tillete/ikkje tillete, og påverkar ein stad si utvikling. Stadutvikling og næringsutvikling inneheld alltid motsetnadar og spenningar, der ulike aktørar forsøkjer å fremje enkelte forståingar eller fortolkingar (Panelli, 2001). Mitt mål i denne oppgåva er å belyse stadutvikling og næringsutvikling gjennom eit fokus på den diskursive konstruksjonen av stad, og korleis denne konstruksjonen legg føringar og skapar eit rammeverk for den framtidige retninga ein stad si utvikling tar.

1.3 Formålet med oppgåva

Korleis kan ein forstå stad- og næringsutvikling gjennom ei diskursanalytisk tilnærming til studie av stad? Opp gjennom historia har ein utvikla seg ei forståing av ein stad, samt kvifor

ein stad eksisterar slik den gjer. Ein har tileigna seg kunnskap om kva staden er god på og ikkje. Forståinga av fordelar og ulemper ved staden ligg ofte så sterkt forankra hos aktørar at det kan vere vanskeleg å sjå for seg at eit samfunn som gjennomgår omveltingar skal endre seg til å bli noko nytt. Aktørgrupper har gjennom historia brukt og opplevd staden. Dei har gjennom relasjonar til andre skapt seg interesser, og dermed forventningar om kva som er ei god stadutvikling (Røe, 2002). Ein stad er difor aldri berre ein fysisk lokalitet, men inneheld også sosiale og kulturelle kontekstar som gir staden mening ut over det reint praktiske og fysiske (Holloway & Hubbard, 2001).

For å forstå ein stad- og næringsutviklingsprosess, gjennom ei diskursanalytisk tilnærming, vil eg ta utgangspunkt i omgrepa diskurs, narrativ og representasjon. Ein diskurs strukturerer vår fortolking, ved at vi gjennom kommunikasjon produserar og reproducere ein måte å forstå omgivnadane, og dermed utviklar ei felles oppfatning. Når aktørar tar slike "fakta" for gitt, samt deltar i å reproduusere dei, er dei ein del av ein felles diskurs. Ein diskurs kan, på den andre sida, endre seg ved at nye førestillingar og idear kjem til syne, til dømes gjennom narrativ. Narrativ er diskursivt konstruerte forteljingar, der sekvensar av representasjonar blir satt saman av aktørar for å beskrive ein situasjon, eit fenomen, kvifor eit fenomenet eller ein situasjon er som den er, samt kva som er beste løysinga ut av ein uønska situasjon. Til dømes staden Høyanger og kva omstilling skal endre ved staden. Eit narrativ om Høyanger, i tilknyting til omstilling, kan endre eller erstatte tidlegare førestillingar. Aktørar si fortolking kjem til uttrykk gjennom representasjonar. Representasjonar er teikn som kommuniserar mening om verda, gjennom det talte ord eller praksis. Representasjonar gjennom praksis formar den materielle utviklinga på ein stad. Innanfor ein diskurs kan det eksistere ulike narrativ. Narrativ blir fremja ovanfor aktørar som konsumerar dei, fortolkar dei og representerar dei. Diskursanalyse grip dermed om det abstrakte, eller dei mentale førestillingar hos aktørar, skapt gjennom diskursiv kommunikasjon, samt det konkrete, gjennom praksisar, og den materielle utviklinga desse praksisane fører med seg.

Studie av stadutvikling og næringsutvikling i Høyanger kommune, belyst gjennom ei diskursanalytisk tilnærming, inneber fokus på meir enn faktiske forhold som sysselsetting, næringsstruktur, avstand, og så vidare for å auke forståinga. Eg ynskjer å gripe forteljingane aktørar har om staden og korleis desse har innverknad på framtidig utvikling. Meiningsinnhaldet slike forteljingar vil avdekke er truleg meir påverknadsfulle på stad- og næringsutvikling enn ein trur. Korleis aktørar konstruerar og fortolkar Høyanger og

omgivnadane dei er del av kan forklare kvifor ein omstillingssprosess får spesielle utfall. Ein stads meiningsinnhald strukturerar aktørar si forståing av kva som er mogleg å få til og ikkje. Kva som eksisterar i kommunikasjonen rundt Høyanger, omstilling og utvikling vil difor vere viktig for meg. Gjennom å gjere dette meiner eg at eg vil sette fokus på faktorar som ikkje ligg opent tilgjengeleg for alle å gripe fatt i.

Vidare vil det ved å fokusere på det prosessuelle ved ein omstillingssprosess vere mogleg å sjå korleis ein omstillingssprosess påverkar Høyanger ved at aktørar kommuniserar om, samt handlar annleis på staden no enn tidlegare. Fører omstillingssprosessen til at stadkonstruksjonen er i endring, og opnar dette for nye formar for praksis? Kan ein omstillingssprosess opne opp for endringar som er så djuptliggende hos aktørar på staden at dei endrar sin fortolking av den, sine praksistar og dermed korleis staden står fram som ein materiell lokalitet?

Formålet med oppgåva er difor å studere omstillingssprosess i Høyanger gjennom ei postmodernistisk og diskursanalytisk tilnæming. Utifrå tanken om å gripe ulike aktørar sitt meiningsinnhald knytt til stad, samt korleis dei handlar på bakgrunn av dette, har eg formulert nokon problemstillingar eg ynskjer å drøfte:

Hovudproblemstilling:

Korleis kan diskursanalyse av stadkonstruksjon auke forståinga av økonomiske omstillingssprosesser på einsidige industristadar?

Her ynskjer eg å sjå nærmare på korleis diskursanalyse kan gi nye innfallsvinklar, samt auke den teoretiske forståinga av omstilling på stadar kategorisert som einsidige industristadar. Problemstillinga vil belysast gjennom tre underproblemstillingar:

Underproblemstillingar:

1. *Kva er det dominerande narrativet om staden Høyanger?*

Her ynskjer eg å gjere greie for det dominerande narrativet om Høyanger ved å sjå korleis det kjem til uttrykk gjennom aktørar sin måte å fortelje staden. Eg vil hevde at narrativet er knytt

til industri og industriell utvikling, og dermed framstiller Høyanger med kompetanse, fordelar og sterk forankring til industri.

2. *Korleis influerar Hydro si avgjersle om å fase ut delar av verksemda, og den påfølgjande omstillingsprosessen, til endringar i korleis Høyanger som stad narrativiserast?*

Eg ynskjer her å sjå om aktørar narrativiserar Høyanger annleis etter Hydro si utfasing, og gjennom den påfølgjande omstillingsprosessen. Eg vil hevde at stad i mindre grad vert kopla til Hydro, og i større grad til alternative næringsaktivitetar og verksemder, og dermed eit større mangfold.

3. *Korleis påverkar dei ulike narrativa økonomisk praksis på stad?*

Her ynskjer eg å sjå korleis narrativa påverkar, og eventuelt endrar, kvardagsleg samhandling og praksis i Høyanger, samt om desse praksisane materialiserar seg og formar Høyanger som lokalitet. Eg vil hevde at narrativet om Høyanger, i tilknyting til Hydro si utfasing og den påfølgjande omstillingsprosessen, endrar delar av dei etablerte praksisane for korleis næringsaktivitet skal gå føre seg, og kan sjåast att i konkrete endringar på staden.

1.4 Gangen i oppgåva

Oppgåva vil vere strukturert i åtte kapittel. Dei fire første kapitla klargjer for rammeverket eg arbeider innanfor med omsyn til kontekst, teori og metode. Dei tre neste kapitla drøftar mine empiriske funn. Siste kapittel drøfter den overordna problemstillinga.

Kapittel 2:

I dette kapitlet gir eg ei beskriving av Høyanger som stad og region. Eg gir ein introduksjon til Høyanger si historie og vise korleis utviklinga har vore fram til i dag. Ved å gjere dette vil eg gi eit innblikk i korleis staden har utvikla seg, og korleis dette kan forme framtidig utvikling. Vidare vil eg komme inn på situasjonen i Høyanger i forhold til befolkningsutvikling, næringsstruktur og sysselsetting. Eit bilet av denne situasjonen vil auke forståinga av Høyanger sine utfordringar.

Kapittel 3:

Her presenterar eg det teoretiske rammeverket i oppgåva. Som ein grunnleggande vitskapsteoretisk tilnærming ligg postmodernismen. Andre sentrale teoriar er diskursteori og teoriar om stad. Teoriane følgjer med vidare i analysen.

Kapittel 4:

Kapitlet omhandlar mi metodiske tilnærming. Eg vil gjere greie for, samt grunngje dei metodiske vala eg har gjort. I tillegg vil problem og utfordringar bli klargjort, og kvaliteten på datamaterialet bli drøfta. Eg gjer også greie for metodologiske verktøy for vidare analyse.

Kapittel 5:

I dette kapitlet startar eg på den analytiske delen av oppgåva. Eg vil gjere greie for den dominerande forståinga av staden ved å sjå korleis informantar representerar og narrativiserar Høyanger.

Kapittel 6:

Her ynskjer eg å sjå om omstillingssprosessen endrar aktørar si fortolking av staden. Eg vil fokusere på korleis Høyanger, i tilknyting til Hydro si utfasing og den påfølgjande omstillingssprosessen, vert representert og narrativisert. Skil slike førestillingar og fortolkingar seg frå det dominerande narrativet?

Kapittel 7:

Kapitlet omhandlar narrativ om staden sitt forhold til praksis, og eventuelle endringar i praksis. Eg vil fokusere på både aktørar si kvardagslege samhandling, samt praksisar knytt til produksjon og konsumaktivitetar sitt utslag i materielle endringar. Endrar Høyanger seg som ein materiell lokalitet?

Kapittel 8:

Her skal eg drøfte den overordna problemstillinga. Eg vil argumentere for at ei diskursanalytisk tilnærming av stadkonstruksjon klarar å gripe det dynamiske aspektet ved stad, samt forhold ved økonomiske omstillingssprosesser som tidlegare teoriar ikkje har fokusert på.

Kapittel 2. Kontekst

"Høyanger er eit moderne industrisamfunn som har vaks fram i takt med Hydro Aluminium/Høyanger Metallverk. Ved sida av aluminiumsindustrien, ein del småindustri, detaljhandel og servicenæringer, er jordbruk den viktigaste levevegen i bygdene langs fjorden. Høyanger var den første "industribyen" i Sogn og Fjordane. Historia til Høyanger kan beskrivast gjennom fossespekulantar, visjonære industrifolk og sterke politiske spenningar mellom bondesamfunn og radikale innflyttarar" (www.hoyanger.kommune.no).

2.1 Innleiing

Bakgrunnen for valet av Høyanger som studieområde er kommunen sin omstillingsstatus. Ein slik status vart vedteke i fylkestinget 25.03.04, og inneber overføring av midlar frå statleg og fylkeskommunalt hald til gjennomføring av tiltak, samt arbeid innanfor stad- og næringsutvikling. Årsaka til statusen var Hydro Aluminium si avgjersle om, på grunn av strengare miljøkrav, å stenge delar av sin produksjon. Høyanger opplevde dermed fråfall av arbeidsplassar som gjorde at dei stod ovanfor konkrete utfordringar. Samtidig vart behovet for å utvikle eit meir allsidig næringsliv nødvendig. Desse utfordringane gjer at Høyanger kommune jobbar spesifikt med stad - og næringsutvikling, og dermed er interessant å sjå nærrare på. Vidare er staden valt fordi eg har god kjennskap til den. Eg er oppvachsen i Høyanger tettstad og har eit engasjement ovanfor staden som eg ikkje har ovanfor andre tilsvarande stadar. Eg har følgt utviklinga over tid, og omstillingsprosessen har engasjert meg og fått meg til å stille spørsmål ved temaet.

I dette kapittelet introduserar eg Høyanger si historie, og viser korleis staden si utvikling har vore fram til nyare tid. Ved å gjere dette vil eg gi eit innblikk i kva prosessar som ligg bak dagens situasjon, samt kva som kan legge føringar på den framtidige utviklinga. Vidare kjem eg inn på korleis situasjonen i Høyanger er i forhold til sysselsetting, næringsstruktur og befolkningsutvikling. Eit bilet av denne situasjonen vil auke forståinga av kva utfordringar Høyanger har, samt står ovanfor i framtida. Først vil eg lokalisere Høyanger som stad og region.

2.2 Lokalisering

Høyanger kommune strekker seg på begge sider av Sognefjorden og tilhører Sogn og Fjordane fylke. Kommunesenteret Høyanger ligg inst i Høyangerfjorden, på nordsida av Sognefjorden. Nabokommunar er Fjaler og Gaular i nord, Balestrand og Vik i aust, Modalen og Masfjorden i sør og Gulen og Hyllestad i vest. Kommunesenteret er tettstaden Høyanger som ligg ca. 50 km frå regionssenteret Førde og 170 km frå Bergen. Av befolkninga på 4420 (01.01.07), bur ca. 2500 i tettstaden. Der finn ein den størst konsentrasjon av arbeidsplassar. Resten av busetnaden i kommunen er spreidd i mindre bygder. Avstanden rundt er liten, noko som gjer tettstaden til ein arbeidsmarknad for dei fleste innbyggjarane (Høyanger kommune, 2005).




Fig. 2.1. Høyanger kommune.

Omkring 1980 og 1990 vart infrastrukturen i området utvikla. Gjennom utbygging, samt betra vegforbinding inn og ut av Høyanger, vart avstand til dei omkringliggende kommunane mindre. Dette førte til auka pendling inn i kommunen frå nabokommunar som Balestrand og Gauldalen. Samstundes forenkla det tilkomsten til Førde og Bergen, kor dei fleste som pendlar ut av kommunen reiser (Høyanger kommune, 2005).

2.3 Ei historie verd å kjenne

Perioden mellom 1900 til 1916 var prega av sterk oppvekst av industri i Noreg. Tilgang på elektrisk kraft førte til at storindustri, basert på vasskraft, vart etablert i utkant Noreg, der tilgangen var enklast. Lokalisering av nye industrianlegg førte til ei rekke einsidige industristadar i landet, blant anna Rjukan, Sauda og Høyanger. I løpet av få år endra bygder seg frå mindre jordbruksbygg til industribygg i kontrast til kringliggende bygder. Isolert geografisk lokalisering førte til at bedriftene i stor grad forma samfunna. Verka deltok i bustadbygging, drift av skular, sjukhus, vegbygging og så vidare (Byrkjeland, 1990).

Høyanger var i 1890 åra eit jordbruksbygg med 120 innbyggjarar og 13 gardar. I 1915 starta utarbeidinga av planar for kraftutbygging og industrireising i Høyanger. Aksjeselskapet Naco (Norsk Aluminium Company) vart etablert, og i februar 1916 starta utbygginga av aluminiumsfabrikk i Høyanger. I løpet av eit par års tid bygde 1200 mann opp kraftstasjon, røygater, aluminiumsfabrikk på 5000 kvadratmeter, støyperi, elektrodefabrikk, brakkebygningar, bustadar, forsamlingshus for arbeidarar og ingeniørar, m.m. Den første aluminiumen vart framstilt i 1918. I 1928 vart det også bygd oksidfabrikk, med arbeid til 150 personar, for å sikre tilgang på råstoff til aluminiumsproduksjon (ibid.). I 1930 var folketalet 2218. Høyanger var blitt ein av dei største tettstadane i fylket.

(http://nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/fylkesleksikon/1381989.html).



Fig. 2.2. Høyanger frå 1917 (NRK.no- Fylkesleksikon)

På 1960 talet skjedde det endringar i norsk industri. Utviklinga gjekk mot større einingar for å stå sterkare i konkurransen med selskap i andre land. I Høyanger vart Naco ein del av Årdal og Sunndal Verk (ÅSV). ÅSV vart i 1986 kjøpt opp av Norsk Hydro, som i dag er eigar av aluminiumsverket i Høyanger. Ein av dei største moderniseringane og utvidinga som har funne stad ved Høyanger metallverk er A-hallen, bygd i 1981 (Byrkjeland, 1990).

I 1969 vart oksidfabrikken lagt ned på grunn av ulønsam produksjon. Med den mista ein ca. 200 arbeidsplassar som måtte erstattast. Arbeidet med etablering av nye fabrikkar vart satt i gang, og i 1973 bygde Årdal og Sunndal Verk ny slaggfabrikk. Seinare, i 1977, vart også bedrifta Fundo etablert, som produserar aluminiumfelgar til bilindustrien. Fram til 2000 var Hydro hovudaksjonær, men selde då til det arabisk eigde AluWheels. Bedrifta gjekk konkurs i 2001, men vart redda da Høyanger kommune kjøpte seg inn som medeigar med 70 % av aksjane. Slaggfabrikken, og 72 årsverk, vart nedlagt i 1999.

Etableringa av aluminiumsverket i Høyanger, og seinare etablering av nye bedrifter som erstatning for tapte arbeidsplassar har forma Høyanger fram til notid. Etableringa av aluminiumsverket gav lokale ringverknadar. Det oppstod handverksbedrifter, mekaniske bedrifter, samt handel – og service bedrifter. Verket, med dei relativt høge lønningane dei tilbydde, kan truleg ha hindra etablering av større arbeidskrevjande bedrifter i området. I den seinare tid kan ein sjå at Hydro har ei mindre dominerande rolle i samfunnet. I 1997 hadde Hydro 850 tilsette i Høyanger, medan dei i dag har ca. 210. Arbeidsplassane tilknytt Hydro har forsvunne med at Hydro selde Hydro energi til Statkraft, sette bort vedlikehaldsavdelinga tilknytt metallverket til Kværner Oil & Gas, no ISS, selde Fundo til arabiske investorar, samt

la ned slaggfabrikken. I tillegg har Hydro konsernet fasa ut delar av dei administrative funksjonane.

Høyanger, slik som det eksisterar i dag, kan difor sjåast i samanheng med den industrielle utviklinga som starta i 1916. Sidan slutten av 60- talet har staden blitt ramma av svingingar i marknaden knytt til dei største bedriftene. Oppgangs- og nedgangstider har ført til at kommunen tidlegare har møtt utfordringar knytt til tap av arbeidsplassar. I dag er kommunen, som sagt, inne i ein omstillingsprosess som følgje av Hydro si avgjerd om å ikkje modernisere den eldste produksjonsteknologien (Søderberg-teknologien). Denne heldt ikkje statlege miljøkrav og vart stengd 27. februar 2006.

2.4 Høyanger i dag



Fig. 2.3. Høyanger 2005 (Høyanger Næringsutvikling).

2.4.1 Befolkningsutvikling

Høyanger kommune hadde pr 01.01.07 eit innbyggjartal på 4420 (SSB). Folketalsutviklinga i kommunen har sidan slutten av 70- talet hatt ein negativ trend. I 1970 hadde kommunen eit folketal på 5416 (SFF). Det betyr at nedgangen har vore på omtrent 1000 innbyggjarar i

perioden fram til i dag. Største nedgang finn ein den siste 10 års perioden, der ein har hatt ein nedgang frå 4822 (1995) til 4420 (01.01.07). Figur 2.4 viser korleis folketalsutviklinga har vore i Høyanger i tidsperioden mellom 1964 og 2007. Her kan ein sjå at utviklinga har gått nedover, men med ei utflating på nittitalet. Frå midten av nittitalet og fram til 2005 har folketalet sokke med nesten 10 %.




Fig. 2.4. Folketalsutvikling, Høyanger kommune

I perioden 2002 til 2003 flytta meir enn 1 % av innbyggjarane frå kommunen, altså 46 personar. Vidare, i perioden mellom april 2004 og april 2005, sank folketalet med 50 personar. Mellom 2001 og 2005 var Høyanger blant dei fire kommunane i Sogn og Fjordane fylke med størst fråflytting, då 151 personar flytta frå kommunen. Dei andre kommunane var Vågsøy, Askvoll og Årdal (ibid.). Vågsøy og Årdal kan forståast som å stå ovanfor liknande utfordringar som Høyanger. Ei relativt stor utflytting kan truleg sjåast i samanheng med nedleggingane som fann stad, og usikkerheita rundt dei eksisterande bedriftene, frå slutten av nittitalet og fram til i dag (jf. kap.2.2). Vidare har utviklinga ført til at arbeidsstyrken, personar i alderen 16 til 74 år, har blitt redusert frå 3409 personar til 2999 i perioden mellom 1990 og 2006 (NAV, 2006). Talet på pendlarar inn i kommunen ligg på ca. 300, medan utpendling ligg på ca. 60. Figur fem illustrerer prosentvis netto innflytting i kommunen.




Fig. 2.5. Netto innflytting i prosent (Høyanger kommune, 2005).

I Høyanger er det spesielt gruppa mellom 20 og 30 år som flyttar ut. I 2005 var det 30 % fleire i denne gruppa som flytta frå Høyanger enn 16 år tidlegare. Dette har truleg samanheng med at ungdom reiser for å ta utdanning. Den seinare tida har talet på gutter som vel å flytte ut auka (Høyanger kommune, 2005). Skilnaden mellom menn og kvinner er difor i ferd med å jamne seg ut. Dette kan sjåast i samanheng med utviklinga elles i fylket og landet (SFF, 2005). Vidare har Høyanger kommune ein lågare del av befolkninga, enn fylket og landet, med høgare utdanning. Dette gjenspeglar kompetansenivået i regionen. Figur 2.6 illustrerer forholdet.

	Kommunen	Fylket	Landet
Befolkning med høgare utdanning	14,5 %	17,9 %	22,3 %
Menn	13,2 %	16,0 %	22,1 %
Kvinner	15,9 %	19,8 %	22,5 %

Fig. 2.6. Prosentvis tal av befolkning med høgare utdanning (SBB, Utdanning, 2002)

I følgje Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har folketalet, i Høyanger tettstad, gått ned med 5 % i perioden 01.01.1995 til 01.01.2004. På den andre sida meinar fylkeskommunen at ein kan spore ei muleg positiv utvikling ved at talet kvinner, samt barn under 16 år har gått opp med 17 %. Ei slik utvikling kan sjåast som positiv for folketalsutviklinga på sikt. Desse tala kan vere uttrykk for at det eksisterar ei positiv haldning ovanfor framtida i bygda, og at

utviklinga går rett veg (SFF, 2005). Ei folketalsutvikling lik dagens vil kunne gi kommunen økonomiske utfordringar, og forsterke ein negative trend.

2.4.2 Næringsstruktur og næringsutvikling

Høyanger er prega av ein dominerande industrisektor. Talet industriarbeidsplassar var i 2001 over gjennomsnittet for fylket og landet, og låg på ca. 37 % av den totale sysselsetjinga i kommunen. Tilsvarande tal for fylket ligg på 24 %. Vidare er arbeidsplassar innanfor kommunal og statleg sektor viktig med tilsvarande sysselsetjing som industrisektoren. Sysselsetjing innanfor næringsretta tenesteyting som turisme og varehandel er lågare enn elles i fylket og landet (Høyanger kommune, 2005, SFF). Figur 2.7 viser talet på sysselsette fordelt på næring i Høyanger i 2001.




Fig. 2.7. Prosentvis tal sysselsette fordelt på næring 2001 (Høyanger kommune, 2005).

Metallindustrien er viktig i Høyanger. To av dei tre største private arbeidsgjevarane i Høyanger, Fundo Wheels og Hydro, er knytt til denne typen verksemrd. Den tredje største bedrifta, ISS (tidlegare Kværner), driv vedlikehaldsrelatert arbeid knytt til dei to føregåande. Industriverksemrdene i Høyanger er i stor grad eksportretta. Dei største industribedriftene eksporterar til marknadar utanfor Noreg. Næringa svingar difor i takt med makropolitiske, og økonomiske forhold elles i verda. Figur 2.8 visar industrirelaterte arbeidsplassar i Høyanger i 2001.




Fig.2.8: Industrirelaterte arbeidsplassar i Høyanger tettstad 2001 (Høyanger kommune, 2005).

I tiltaksplan for partnarskap om omstillingsarbeidet i Flora, Høyanger og Årdal skriv fylkeskommunen i Sogn og Fjordane dette om situasjonen i Høyanger: ”*Ut frå sysselsetjing etter næring er Høyanger enno avhengige av Hydro Aluminium. Det er indikasjonar på at dette er i endring. Hydro er ikkje lenger den største arbeidsgjevaren i kommunen. Fundo som produserar bilfelgar for den internasjonale marknaden har i dag over 300 tilsette. I dag er denne verksemda avhengig av flytande metall frå Hydro for å oppretthalde si produksjon på ovnssmelting av metall. Dei to verksemdene fungerar i stor grad i symbiose, men Fundo arbeider for å gjere seg mindre avhengige av Hydro*” (SFF, 2004).

Ser ein på sysselsetjingsendringar mellom 1990 og fram til 2001 har Høyanger opplevd ein til dels sterkt nedgang i industriarbeidsplassar. Størst vekst har det vore i statleg sektor, noko som må sjåast i samanheng med staten si overtaking av det psykiatriske sjukehuset Trondvik (Høyanger kommune, 2005). Figur 2.9 illustrerer endringar innanfor dei ulike næringane i perioden. Figuren samanliknar tala med Årdal og Karmøy.




Fig. 2.9: Endringar innanfor ulike næringar 1990-2001 (Høyanger kommune, 2005)

Figuren visar at Høyanger og Årdal si utvikling i stor grad er lik, noko som kan sjåast i samanheng med liknande utvikling og utfordringar. Stadane har i motsetnad til Karmøy opplevd nedgang i sysselsette innanfor privat verksemd, utanom privat tenesteyting. Innanfor næringar knytt til varehandel, samt bygg og anlegg kan nedgangen, i Høyanger og Årdal, sjåast i samanheng med nedgangstider, usikkerheit, og manglande investeringsvilje i påvente av Hydro si avgjersle om sine satsingar i desse lokalsamfunna. At Høyanger har hatt vekst innanfor transportnæringa kan koplast til bedrifta Per A. Øren sin ekspansjon.

Etter at Høyanger kommune starta med omstillingsarbeidet har det kome ein del nyetableringar til kommunen. I tillegg har eksisterande bedrifter ekspandert. Desse endringane er ikkje representert i statistikken presentert her, og gjeld i hovudsak små og mellomstore bedrifter innanfor industri, transport, konsulenttenester osv. I ein presentasjon av omstillingsarbeidet, til Tinn kommune den 27.08.06, vart det av rådmannen sagt at ulike nyetableringar og ekspansjonar innanfor eksisterande bedrifter pr 10.05.06 hadde skapt 69 nye arbeidsplassar i kommunen. Det må her takast til etterretning at desse arbeidsplassane er av ny dato, og dermed usikre, samt at det i etterkant truleg har kome fleire. Omstillingsprosessen sin innverknad på sysselsetting og næringssstruktur vil eg komme tilbake til i kapittel 7.4.

2.5 Avslutning

I dette kapitlet har Høyanger si historie blitt presentert. Ein kan sjå at Høyanger si utvikling kan knytast til oppstarten av aluminiumsverket. Vidare har eg gjort greie for befolkning, befolkningsutvikling, næringsstruktur og næringsutvikling. Folketalsutviklinga i Høyanger kommune er negativ, spesielt innanfor aldersgruppa 20-30 år. Vidare har kommunen eit lågare tal av befolkninga med høgare utdanning. Med tanke på næringsstruktur og næringsutvikling er Høyanger knytt til industri, og næringslivet blir påverka av svingingar i marknaden elles i verda. Det er teikn til endring innanfor næringsstruktur ved at talet på industrirelaterte arbeidsplassar har gått ned. På den andre sida ser ein at talet på sysselsette i offentleg sektor har auka, noko som kan indikere at hovudvekta av nyestablerte arbeidsplassar fram til 2001 ikkje er skapt av nye private næringsaktørar. Gjennomgangen plasserar mitt studie i ein kontekstuell samanheng. Neste kapittel vil gjere greie for mi teoretiske tilnærming til studiet av Høyanger og den pågåande omstillingsprosessen.

Kapittel 3: Teoretisk tilnærming

"...in our view restructuring is not a change in one "sector" that has multiplier effects on other sectors. Restructuring involves fundamental readjustments in a variety of spheres of life, where processes of change are causally linked" (Hoggart og Paniagua, 2003:3).

"...non-events should be as important as events in understanding the character and comprehensiveness of change" (ibid:4).

3.1 Innleiing

Som nemnt innleiingsvis ynskjer eg å sjå korleis diskursanalyse av stadkonstruksjon kan auke forståinga av økonomiske omstillingsprosessar på einsidige industristadar. Definisjonen av omstilling, ovanfor, som fleirdimensjonale, samanlinka endringar, inneber at omstilling må forståast som altomfattande. Dette gjer at prosessen kan forståast som å endre vilkåra for menneskjers kvardagslege praksis, og dermed for korleis aktørar fortolkar og gir stad meining. På den andre sida kan stadkonstruksjon gjere altomfattande endringar vanskeleg ved at meiningsinnhaldet gitt stad, samt stads fordelar og ulemper, ligg sterkt forankra hos aktørar. For å gripe korleis Høyanger konstruerast og blir gitt meining, korleis ein omstillingsprosess kan influere og endre dette meiningsinnhaldet, samt korleis dette formar praksis og den materielle utviklinga, treng eg eit teoretisk rammeverk. Kapittelet skal presentere teori som er forklarande for mine problemstillingar (jf.kap.1.3), og som vil gi den vidare analysen rammeverk.

For å forstå mi teoretiske tilnærming er det viktig å kjenne epistemologien som ligg til grunn. Ein postmodernistisk epistemologi vil auke forståinga av korleis aktørar fortolkar og konstruerar staden. For å operasjonalisere tilnærminga tek eg utgangspunkt i teori om diskurs, narrativ og representasjonar, samt omgropa sitt forhold til praksis og ein stads materielle eigenskapar. Med eit slikt utgangspunkt vil eg utarbeide ein modell som forklrar korleis eg teoretisk tilnærmar meg Høyanger og den pågående omstilingsprosessen. Fokuset ligg på det sosiale og kulturelle meiningsinnhaldet som aktørar knytt til stad. Kapitlet startar med ein gjennomgang av tidlegare forsking rundt temaet stad- og næringsutvikling, samt omstilling.

Ein slik gjennomgang vil setje oppgåva mi inn i ein større samanheng, samt vise korleis ei diskursanalytiske tilnærming kan vere forklarande for ein slik problematikk.

3.2 Regional utvikling; eksogene og endogene forklaringsmåtar, samt stiavhengigkeit

Regionaløkonomiske teoriar har henta inspirasjon frå ulike fagtradisjonar. Forenkla sett kan ein skilje mellom eksogene og endogene perspektiv, der utviklinga har gått frå ei eksogen til ei meir endogen tilnærming i forståinga av regional utvikling (Bukve, Onsager og Selstad, 2004, Selstad, 1997). Ei slik utvikling inneber at ein har endra fokus frå å sjå prosessar utanfor regionen som styrande for utvikling, til at ein fokuserar på eigenskapar ved regionen i seg sjølv, saman med eksogene impulsar, som forklarande for kvifor enkelte regionar opplev vekst og andre ikkje (ibid).

På 1950 talet var ynskje om ei systematisk teoriutvikling målet for den faglege utviklinga. Dette innebar i hovudsak ei inkludering av nyklassisk økonomi som eit teoretisk fundament, og ei integrering av økonomane sin lokaliseringsteori (Lindkvist og Vatne, 2004). Ulikskap mellom regionar vart forstått med utgangspunkt i at regionar vart påverka av prosessar utanfrå. Då anten gjennom vekstspreiing frå sentrum til periferi, eller gjennom etterspurnadsdriven eksportvekst basert på komparative fordelar i tradisjonelle produksjonsfaktorar (Bukve, Onsager og Selstad, 2004). Med utgangspunkt i ei forståing av økonomisk liv som marknadsøkonomisk, eller liberalistisk, ynskja økonomisk geografi å forklare den romlege orden som slike grunnprinsipp skapte (Selstad, 1997). Fokuset låg på ulike lokaliseringsfaktorar som innebar kostnadsfordelar, som til dømes transport og arbeidskraft.

Med eit slikt utgangspunkt såg ein for seg at rasjonelle økonomiske aktørar valde lokaliseringsstad ut frå målet om maksimal ressursallokering og kostnadsminimalisering. Bedrifter var nøytrale aktørar, fri til å flytte dit kor slike forhold låg best til rette (Hayter, 2004). Kostnadsfordelar knytt til ei lokalisering framfor ei anna innebar økonomisk vekst for ein stad. Ujamn regional fordeling vart dermed sett i samanheng med fordeling av innsatsfaktorar og marknad, samt nærveret av eksterne stordrifts- og agglomerasjonsfordelar og kumulative prosessar (Bukve, Onsager og Selstad, 2004). Tilnærminga klarte ikkje å gripe

faktorar av sosial og kulturell natur, samt førestillingar om stad og region. Stadar og regionar vart passive rom med gitte produksjonsfaktorar, utan nærver av aktørskap (*ibid.*). Utvikling vart skapt gjennom fokus på å auke kostnadsfordelane ved lokalisering i ein region, då gjennom utbetring av infrastruktur, og som i Høyanger, ved å opne for tilgang til naturressursar som vasskraft.

I takt med auka globalisering, og endringane i rammevilkåra som følgde med, endra geografifaget karakter. Frå 1970 åra vart forståinga av regional utvikling i auka grad retta mot forholdet mellom strukturelle rammevilkår og lokale handlingsalternativ (Lindkvist og Vatne, 2004). Fokuset på endogene faktorar, og korleis lokalsamfunn og regionar kunne forme eiga framtid vart viktig. Ei forståing av at regional eigenart i historie, utviklingsforløp og føresetnadar skapte områdespesifikke ressursar, som igjen var viktig for å respondere treffande på endringar, kom inn i faget. Ein vekta dei historisk utvikla og territorialt forankra ressursar og kapabilitetar i eit område, og korleis dei påverka utviklingsprosessar og moglegskapar i eit område (Bukve, Onsager og Selstad, 2004).

Etterkvart fekk nyare institusjonell økonomisk teori fotfeste, med eit breiare fokus på regional utvikling. Retninga tok avstand frå nyklassisk tenking, og ynskja å gi analytisk prioritet til prosessar av politisk, økonomiske og sosiale relasjonar, samt teknologiske endringar i eit forsøk på å forstå økonomisk åtferd (Hayter, 2004). Ei forståing av at bedrifter påverkar eigne lokalitetar og utviklar si konkurranseevne gjennom å utnytte, samt å skape kapabilitetar i ein region auka. Evna til læring og innovasjon var viktig for bedrifters overlevingsmoglegheit. Regionar og stadar utan tradisjon for læring og innovasjon vart forstått som taparar på lengre sikt.

Slike faktorar vart sett i samanheng med den historiske utviklinga til ein stad. Dermed utvikla det seg ei forståing av eit gjensidig forhold mellom bedrifter og næring på den eine sida, og det territorielle miljøet og regionen på den andre sida. Lokaliserte ferdigheitar og historisk utvikla kapabilitetar vart sett som viktige for regional utvikling (Lindkvist og Vatne, 2004). Regionar vart dermed oppfatta som ein viktig ressurs for å oppnå konkurransefordelar i ei verd med sterke konkurranser på høgare skala. Regional konkurranseevne hang saman med ikkje-økonomiske faktorar som kognitive, sosiale, kulturelle og institusjonelle forhold. Dette vart sett som viktig for kunnskapsproduksjon, læring og økonomisk utvikling, og igjen forstått

som romleg forankra, forma og reproduusert gjennom interaksjon mellom lokale aktørar på ein stad (Boschuma, 2004).

Økonomisk utvikling i eit område er difor forstått som ein prosess der tidlegare investeringsavgjersler påverka framtidige val, og utvikling er forstått som stiavhengig (Doreen Massey, 1979, ref. i Fløysand, 2004). Tanken er at kulturelt forankra kunnskap hemmar eller fremjar næringsmiljø si omstillingsevne når globale prosesser endrar rammene for næringsmiljøet på ein stad. Ei spesifikk næring si dominans set preg på arbeidskraft, samt institusjonar for utdanning og sosialisering som finst og vert etablert. Gjennom spesialisering av den tilgjengelege arbeidsstyrken sørger prosessen for at det er lettast å etablere verksemder som tek i vare etablerte kunnskapsressursar, eller som inngår i den lokale leverandørstrukturen (*ibid.*). Ved å karakterisere økonomisk utvikling som stiavhengig ser ein dermed føre seg at framtidig utvikling følgjer gitte spor med utgangspunkt i tidlegare investeringar. Ei slik forståing byggjer på at det gjennom historia har utvikla seg eit produksjonssystem, samt ein kultur for korleis næringsaktivitet skal gå føre seg. Historiske hendingar er dermed forstått som å ha langvarig innverknad for økonomien på ein stad, der nye investeringar i liten grad påverkar den framtidige utviklinga (Jakobsen, Rusten, Fløysand, 2005).

Teoriar om stiavhengigkeit byggjer opp under ei forståing av at nyskaping kan bli hindra fordi løysingar eller nytenking kan bryte med etablerte praksisar og maktkonstellasjonar (Fløysand, 2004). Haldningar og førestillingar på stad vil difor hindre eller fremje nyskaping. Uformelle reglar, normer og rolleforventningar regulerar samhandling mellom ulike aktørar innanfor eit lokalsamfunn, som igjen vil kunne ha innverknad på lokal økonomisk utvikling (Fløysand, Sjøholt og Mæsel, 2005). Nyskaping, innovasjon og utvikling er dermed styrt av vesentlege faktorar i notida og fortida, samt av stadbunden kompetanse. Slik kompetanse kan dreie seg om taus kunnskap, utvikla gradvis og umerkeleg gjennom staden eller området si historie, forankra i lokale institusjonar. Slik taus kunnskap kan gi nye investorar både moglegheiter og avgrensingar ved etablering (Vestby, 2004, Jakobsen, Rusten, Fløysand, 2005). Ei slik forståing inneber at det vil vere omrent umogleg å omstille ein einsidig industristad, som til dømes Høyanger, til ein stad som er langt framme innanfor andre tenestar, fordi kompetansen til omstilling ikkje eksisterar (Vatne, 2004).

Fram til i dag har dermed fokuset vore på korleis regional utvikling er eit svar på eksogene makroøkonomiske prosessar og lokale handlingsalternativ til desse prosessane. Stad har gått frå å bli oppfatta som passivt rom til ein arena for handling med ulike kapabilitetar, eigenart og føresetnadjar. Ein stads eigenskapar vart knytt til moglegskapen for framtidig utvikling. Stad har i mindre grad blitt sett som dynamisk og i endring, med eit bestemt konstruert meiningsinnhald knytt til seg. Teoriar har prøvd å forklare problem som oppfattast som løyslege, og ein har hatt fokus på områder der regionar kan oppleve meistring og konkurrere med andre regionar. Læring og innovasjon innanfor bedrifter har vore vektlagt. Teoriane kan kritisera for manglande evne til å gripe den fullstendige røynda aktørar er ein del av. Samtidig har dei blitt forstått som forklarande for ein kvar kontekst. Konsekvensane har vore at aktørar handlar etter ei forståing av verda slik ein vitskapleg diskurs presenterar den. Tor Selstad (1997:167) byggjer opp under ei slik forståing ved å sei; "...*det idehistorien handler om er et antall "diskurser" med begrenset gyldighet for dem som deltar i dem. Alle forsøk på altomfattende systemer er dømt til å mislykkes fordi mye av virkeligheten ikke fanges inn i dem. Men de kan påtvinge virkeligheten sin forståelse, og slik sett bli en del av maktutøvelse – de blir i seg selv autoritære. Et mangfold i tema og tilnærming blir derfor ikke bare det vi kan observere ved dagens situasjon, det er også å anbefale*".

Ei alternativ tilnærming til studie av omstillingsprosessar kan belyse andre aspekt ved denne typen prosessar. Konstruktivismen, og postmodernismen kan vere med å setje fokus på "...*how practice, behaviour, decision making and performance are contextualized and influenced by the social and cultural meaning attached to rural place*" (Cloke, 2006: 21. ref. i Fløysand og Jakobsen, 2007).

3.3 Postmodernismen og "den kulturelle vendinga"

"*The postmodern geography is certainly not able to discover universal spatial laws, but it is able to explore the different logics behind human distribution and human experience, and to enter their inner structure and compare them*". (Claval, 2001:136)

I dei siste tiåra har samfunnsgeografin, saman med andre samfunnsvitskaplege fag, tatt til seg dei teoretiske retningane postmodernisme og poststrukturalisme. Bakgrunnen for at slike retningar har fått auka popularitet heng saman med ein kritikk mot moderniteten, og auka tru

på at enkeltteoriar ikkje har allmenn gyldigheit i forklaringar av samfunnsmessige problem (Hansen og Simonsen, 2005). Postmodernismen omfamnar ulikskap og pluralitet, og avviser universale og fundamentale teoriar og metodar. I følgje Hansen og Simonsen (ibid:86) meinar postmodernistar at *"Ethvert forsøg på at utvikle universelle værdier eller forklaringar er totaliserende, undertrykkende overfor "det anerledes", og dømt til at mislykkes"*.

Ei postmodernistisk tilnærming har henta inspirasjon frå poststrukturalismen og sosialkonstruktivismen (Jørgensen og Phillips, 1999, Best og Kellner, 1991). Tanken er at det i stor grad er språket, eller diskursen, som strukturerer vår måte å forstå verda. Innanfor geografifaget har dette ført til auka interesse for kultur, og inspirert til den "kulturelle" eller "språklege" vendinga, med fokus på språket si evne til ikkje bare å representer, men og konstruere røynda (Hansen og Simonsen, 2005). Fokus ligg dermed på korleis menneskjer dannar meining gjennom kommunikasjon, knytt til konteksten dei er ein del av.

Lysgård (2001) meiner at måtar vi oppfattar og representerar verda på må sjåast i samanheng med kulturen og historia ein er del av. Fenomen og kategoriar som vi har tendens til å ta for gitt er dermed i utgangspunktet historisk og kulturelt bestemt (Hansen og Simonsen, 2005). Vidare må kunnskap, forankra i historia, sjåast i samanheng med sosiale prosessar, fordi måten vi forstår verda på er skapt og oppretthaldt av desse. Kunnskap vert dermed skapt gjennom sosial interaksjon, og det er gjennom sosiale prosessar vi konstruerar felles "sanningar". Utifrå eit slikt synspunkt er forståinga av det som eksisterar berre ein av mange perspektiv på det verkelege. Postmodernistar ser dermed samfunnet som ein flytande og endrande storleik som ikkje kan seiast å vere fastlåst. Tilsynelatande ordnar som eksisterar er eit resultat av eit diskursivt spill, der all kunnskap krev legitimering for å bli oppfatta som sann, riktig eller vitskapleg. Postmodernismen følgjer dermed ei poststrukturalistisk tilnærming og vektlegg den lingvistiske tilnærminga til samfunnsfenomen, med eit diskursanalytisk utgangspunkt. Her er det dekonstruksjon av tekstar, sosiale hendingar og fenomen som gir ei forståing til det ein ynskjer å studere (Best og Kellner, 1991).

"Diskursanalytisk tilgang hævder at vores adgang til virkeligheden altid går gennem sproget. Ved hjælp af sproget skaber vi repræsentationer af virkeligheden, som aldrig bare er spejlinger af en allerede eksisterende virkelighed – repræsentationerne er med å skabe den. Det betyder ikke, at virkeligheden ikke findes, betydninger og repræsentationer er nok så

virkelige. Den fysiske verden finndes også, men den får kun betydning gennem diskurs”
(Jørgensen og Phillips, 1999:17)

3.4 Stad

Når ein analyserar diskursen om ein stad, og ein stad si utvikling er ein opptatt av å beskrive korleis ulike diskursar veks fram, vert styrka eller svekka (Røe, 2002). Ein ynskjer å finne ut kva meining ulike aktørar gir til dei materielle og sosiale omgivnadane og kva verdiar og ideal dei orienterer seg etter (ibid.). Ei slik forståing byggjer på at stadar ikkje bare eksisterar, men vert kontinuerleg konstruert. Å analysere diskursen om Høyanger og Høyanger si framtidige utvikling, inneber difor eit fokus på korleis ein omstettingsprosess kan bidra til at aktørar endrar si oppfatning av omgivnadane rundt seg, då staden, samt oppfatninga av kva som opplevast som ”riktig” framtidig utvikling.

3.4.1 Stad som sosial konstruksjon

Å lese Høyanger som ein sosial konstruksjon vil avdekke korleis staden diskursivt konstruerast. Når Høyanger ikkje blir forstått som eit endeleg produkt, men som ein pågåande sosial prosess vil ulike diskursar, narrativ og representasjonar vere med å konstruere forståinga av staden. Stadar må dermed forståast som konstruerte, førestilte og meiningsfulle.

Oppfatninga av kva slike samfunn er, og skal bestå av, vil variere avhengig av ulike aktørar sin ståstad. Dette kan føre til ulike interessekonfliktar som utspillar seg i eit diskursivt felt. Meiningsinnhaldet, knytt til stad, er dermed ikkje objektivt, men blir representert med utgangspunkt i diskursar, der enkelte har meir makt til å definere innhaldet enn andre. Slike meiningsdannande prosessar skjer dermed ikkje hos eit individ i sosial isolasjon, men meinung blir skapt, justert eller bekrefta i kommunikasjon mellom ulike aktørar med høve til å uttrykke seg i gitte situasjonar. Resultatet er dermed at det som regel ikkje finns ein versjon av stad, men mange (Røe, 2002). Andre diskursar, eller måtar å forstå verda, blir sett på som mindre viktige i samanlikning med den forståinga som dominerer (Holloway og Hubbard, 2001), og alternative fortolkingar vil bli undertrykt. I ein omstettingsprosess vil ein slik konstruksjon og rekonstruksjon av stad vere ein kontinuerleg prosess.

Ei konstruktivistisk tilnærming inneber at ein er opptatt av å avdekkje korleis ulike aktørgrupper opplever og brukar stadar, kva interesser dei har og korleis dette påverkar deira oppfatning av kva som er god stad- og stadutvikling (Røe, 2002). Det handlar om dei sosiale og kulturelle prosessane som formar stad og stadoppfatninga. Woods (2005:11, mi oversetting) meiner at: *sosial konstruksjon inneber at menneskjer gir seg sjølv, ein stad, eit objekt, eller ein ide ein identitet ved å gi dei ein spesiell sosial, kulturell, estetisk og ideologisk karakteristikk. Ein sosial konstruksjon eksisterar berre i den grad menneskjer førestiller seg at den eksisterer. Ein blir då meir oppteken av å forstå korleis spesielle stadar, objekt, tradisjonar, praksisar og menneskjer blir identifisert som noko, og kva det inneberer for korleis menneskjer lev deira liv.*

Stadar er dermed meiningsfulle for oss, ved at vi gjennom ulike førestillingar og myter gir stadar eit sosialt konstruert nivå av mening, som påverkar vårt kvardagsliv og våre praksisar. Cresswell (1996) meiner at stadar har betydning for konstituering av ideologiar. *Ideologi er konstitusjonen av, samt mønsteret av korleis menneskjer lever deira liv som bevisste, reflekterande initiativtakarar av handling i ei strukturert og meiningsfull verd* (ibid.:14, mi oversetting). Det som vert oppfatta som rett og galt, vil difor variere frå stad til stad, eller kontekst til kontekst. Eit syn som koplar stad til ideologi, forbinder samtidig stad til makt og kven som har makt til å definere kva som er riktig, bra osv. Slik makt vil vere styrande for kva som vert oppfatta som ”bra eller riktig” handling eller praksis i Høyanger, som til dømes praksisar knytt til sjølvstendig næringsaktivitet.

Handlingar som ikkje fell inn under kategorien ”riktig eller bra” vil bli definert som handlingar ”out of place” (ibid.). Meiningsinnhaldet knytt til ein stad strukturerar dermed aktørar si forståing av kva handlingar som opplevast som normale, og som kan aksepterast. Ei diskursanalytisk tilnærming, med fokus på stadkonstruksjon, kan belyse utviklinga ein omstillingsprosess tar, ved at meiningsinnhaldet aktørar knyt til Høyanger fører til at enkelte praksisar, samt tiltak og endringar vil opplevast som meir ”riktig” enn andre. Dette gjer at meiningsinnhald knytt til stad kan vere vanskeleg å endre. Meiningsinnhaldet, samt praksis, må vidare sjåast i samanheng med historia til staden. Tidlegare næringshistorie pregar stadar og stadar sin identitet, og fortidas næringskultur, og struktur, vil prege vurderingane, val og tiltak som skjer i dag. Dette gir stad ein sosialt konstruert identitet som ligg forankra hos aktørar både i og utanfor staden. Ein kan difor sei at ... *Stad pregar næring og næring pregar*

stad... (Vestby, 2004:9). Dette forholdet må på den andre sida ikkje forståast som fastlåst fordi stad blir forstått som ein dynamisk prosess.

Ei slik forståing inneber ikkje at ein avviser det fysiske og materielle ved lokalitetar. Studiet avviser heller ikkje at menneskjer blir påverka av det fysiske miljøet rundt seg. Stad blir heller forstått som noko meir enn ein lokalitet. Det blir forstått som ein pågåande sosial prosess, der stad er mangfaldig, dynamisk, intersubjektiv og ein ustabil prosess som er innanfor menneskjer si rekkjevidde å endre. Stadar er dermed ikkje eit naturgitt fenomen eller eit statisk produkt av menneskeleg handling, men eit fenomen som blir gitt mening og forma av handlande aktørar. Å studere stad som ein sosial konstruksjon inneber dermed å studere førestillingar om stad, og korleis desse førestillingane blir informert av praksis og ein stad sine fysiske eigenskapar.

3.4.2 Promotering og kommodifisering av stad

I ein omstillingsprosess vil det vere viktig for aktørar å fremje staden på ein måte som gjer den attraktiv for potensielle næringsaktørar og innflyttarar. Lokale myndigheter vil, i sitt forsøk på å fornye staden sitt økonomiske grunnlag, fokusere på å tiltrekke seg investeringar utanfrå. Dette har blitt ein vanskeleg prosess ettersom konkurransen mellom stadar om desse investeringane har auka. I den seinare tid har difor marknadsføring av stad fått auka betydning. For bedrifter kan stadførestillingar spele ei viktig rolle i avgjeringa om kva lokalitet ein finn relevant. Stadførestillingar vil også ha innverknad på potensielle innflyttarar si vurdering av staden som ein arena for framtida (Vestby, 2004) .

Når ein marknadsfører stad prøver ein å fremje distinkte sosiale, kulturelle og fysiske karakteristikkar ved staden som kan gi den eit nytt meiningsinnhald (Holloway og Hubberd, 2001). Enkelte eigenskapar, samt eigenskapane til aktørar som opererer på staden, blir i ein slik prosess viktigare å formidle enn andre. Ved å strategisk byggje opp, samt rekonstruere førestillingar forsøkjer ein å tiltrekke seg enkelte typar aktivitetar, og dermed styrke konkurranseevna (Paddison, 1993). I følgje Ashworth og Voogd (1994:43, ref. i Coles, 2003:193) må ein forstå stadpromotering som *"selling of a selected package of facilities or the selling of a place as a whole through images composed of various attributes associated with it"*. Stadpromotering inneber dermed eit ynskje om å produsere ein altomfattande identitet som bestemte målgrupper responderar på. Dette oppnår ein gjennom dekonstruksjon

og rekonstruksjon av stadførestillingar (Coles, 2003). Slik vil ein auke konkurranseevna opp mot andre stadar, samt styrke dei førestillingane om staden som framstiller den som ein arena for framtidig utvikling for både næringsaktørar og menneske.

Ved at stadar i auka grad opplev konkurransen vil meiningsinnhaldet knytt til staden bli påverka av prosessar og aktørar utanfor den lokale arenaen. Cloke (2006) meinar at forståinga av rurale stadar, i auka grad blir styrt av ikkje-lokale marknadar, samt ikkje-lokale befolkningar. Rurale stadar vert knytt til bestemte lokalitetar, økonomiske prosessar og sosiale identitetar (ibid.). Slike førestillingar kan vere med å forme det meiningsinnhaldet lokale aktørar gir til stad, samt kva dei opplever dei kan bygge vidare på i den framtidige utviklinga. På den andre sida meiner Fløysand og Jakobsen (2006:2) at „....consumers and producers of the countryside as a commodity can also be "insiders", such as those individuals living in a rural community, newcomers, local firms, politicians,“ . Ei slik forståing inneber at lokale aktørar like mykje er produsentar og målgruppa for promotering og kommodifisering av stad som eksterne aktørar. Desse aktørane vil ha ei oppfatning av kva som er staden sine gode eigenskapar, samt kvalitetar og ulemper. Slike fordelar og ulemper eksisterar som forteljingar blant aktørar, og bidreg til å auke eller redusere graden av attraktivitet ved staden, samtidig som det dannar grunnlag for kor attraktiv staden oppfattast å vere (Vestby, 2004). Utfordringa innanfor promotering og kommodifisering av stad er dermed å konstruere narrativ som samanfell med dei forventningane som eksisterar på førehand hos konsumentane (Fløysand og Jakobsen, 2006). Då både lokale og eksterne. Ofte kan desse "forteljingane" vere samanfallande, og danne interessefellesskap. Andre gongar er dei motstridande og står i konflikt med kvarandre. Ein ny stadtidentitet bør av den grunn ikkje skilje seg så mykje frå den opphavlege sosiale og økonomiske konteksten ein stad er del av (Coles, 2003).

Med tanke på Høyanger kan ei slik tilnærming gi auka forståing av kva framstilling, fortolking og meiningsinnhald aktørar ynskjer skal dominere i diskursen om stad. Promotering og kommodifisering av stad må sjåast i samanheng med ein meir generell trend der ein forsøkjer å framstille rurale stadar som attraktive arenaer. For å gripe fortolkinga, eller meiningsinnhaldet knytt til stad er det relevant å trekke inn teoriar om diskurs, narrativ og representasjonar.

3.5 Klargjering av omgrepa diskurs, narrativ og representasjon

3.5.1 Diskurs

Diskurs er blitt eit moteomgrep som ofte vert brukt utan bestemt einigheit om innhald og meiningsinnhaldet. Michel Foucault var den som, gjennom sin bruk av arkeologien, for alvor introduserte omgrepet i ein vitskapleg samanheng, og som utvikla den teoretiske forståinga. For han var hovudpoenget å avdekke reglar for korleis utsegn blir akseptert som meiningsfulle og sanne i ein bestemt historisk epoke (Jørgensen og Phillips, 1999). Foucault (ref. i ibid:22) definerar ein diskurs slik: *"vi vil kalde en gruppe ytringer for diskurs i det omfang, de utgår fra den samme diskursive formation" Diskursen består af et begrænset antal ytringer, som man kan definere mulighedsbetingelser for"*. Andre stadar forklarar han at diskurs må forståast som strukturerande for vår kunnskap og vår praksis, som ein måte å sjå og fortolke på, eller som utveksling av meiningsinnhaldet rundt eit spesielt tema (Haarstad, 2005). Kunnskap må dermed forståast som produsert gjennom ein diskurs, ved at diskursen strukturerar korleis menneskjer tenker om ting. Slik blir poenget å gjere greie for *"the positions and viewpoints from which people speak,and the institutions which prompt people to speak....and which store and distribute the things that are said"* (Foucault 1979:11, i Macdonnell, 1986). På den andre sida innrømmer Foucault at meiningsinnhaldet og definisjonen knytt til omgrepet er flytande (Neumann, 2001). Andre teoretikarar har følgt opp forsøket på å gi ein definisjon, som til dømes Bartelson (1995 i Neumann 2001:17). Han definerar diskurs som *"a system for the formations of statement"*. Definisjonen forklarar, i likskap med Foucaults, diskurs som eit strukturerande system for korleis ulike utsegn vert danna og forma. Definisjonane tydeleggjer, på den andre sida, ikkje kva former for ytringar ein talar om, samt korleis dette impliserar praksis.

I den seinare tida, etter den "kulturelle" eller "språklege" vendinga, har andre teoretikarar forsøkt å gjere omgrepet meir brukarvennleg for samfunnsmessige problemstillingar. Holloway og Hubbard (2001:149) forklarar diskurs som ein generell måte å snakke om, tenke på, eller representera noko. Ein slik definisjon inneber at vi ser og forstår omgivnadane på ein bestemt måte som gjer at endringar og samfunnsforhold blir forstått og tolka innanfor, via og gjennom aktuelle og rådande diskursar, der meiningsinnhaldet blir produsert gjennom diskursiv kommunikasjon. Ei likande tolking blir introdusert av Woods (2005) som meinar at diskurs må sjåast som strukturerande for måten vi oppfattar verda rundt oss. Samtidig vektar han at

diskurs inneber eit sett forståingar, tru og idear som legg føring på handling. Denne definisjonen støttar også Rose (2002) seg til. Ho seier at diskurs strukturerar måten ein tenkjer om ting, samt korleis vi handlar på bakgrunn av denne tenkinga. Diskurs strukturerar dermed både vår forståing av verda, samt korleis vi handlar på bakgrunn av denne forståinga, altså våre praksisar.

I dette studiet inneber ei slik forståing at ein set søkjelyset på dei språklege framstillingane som eksisterar rundt Høyanger som stad, samt korleis desse framstillingane impliserar og guidar praksis. Dette kan sjåast i samanheng med Holloway og Hubbard (2001) si forståing av diskurs. For dei er diskurs spesifikk til tid og stad, samt kopla til praksis. Både praksis og diskurs bør sjåast som flyt. Diskurs som flyt av meining, og sosial praksis som flyt av menneskeleg handling. Flyten formar korleis makt arbeider i eit samfunn. Aktørgruppa som kontrollerer ein diskurs, kontrollerar ikkje bare kva menneskjer veit, men korleis menneskjer veit noko. Altså måten menneskjer tenker om ting.

Eg vel å forstå diskurs som strukturande for måten å snakke, tenke på eller framstille noko. Når vi talar og handlar produserar og reproducirer vi ein spesiell måte å forstå verda på som gjer at vi utviklar ei felles forståing av verda og kva verda omhandlar. Menneskjer som tar desse "fakta" og verdiar for gitt, samt deltar i å reproduksere desse "sanningane", er ein del av ein felles diskurs. Diskursen strukturerar dermed deltakarane si fortolking og guidar praksis. Praksis informerer igjen diskursen. På den andre sida er ein diskurs dynamisk. Ein måte å kommunisere kan bli erstatta av ein annan, ved at dei førestillingar, idear og tru ein har om, til dømes ein stad, kan bli erstatta av andre førestillingar, idear og tru. For å forstå korleis kommunikasjon om ein stad kan endrast vil eg introdusere omgrepet narrativ.

3.5.2 Narrativ

På same måte som omgrepet diskurs har omgrepet narrativ ulike typar meining avhengig av det teoretiske og metodiske rammeverket det blir brukt innanfor. Generelt har det same forankring innanfor ein poststrukturalistisk epistemologi som omgrepet diskurs, med ei forståing av at språket strukturerar vår forståing av røynda. I samfunnsvitskapen har omgrepet fått merksemd innanfor utviklingsstudiar, då spesielt studie av tredje verda. Eit fokus på korleis etablerte antakingar og forståingar har fått ráde i fortolkinga av situasjonen i fattige regionar har gjort at narrativ om utvikling har etablert seg som ein del av fagforståinga (Roe

1991). Roe (*ibid.*) meinar at eit narrativ grunnleggande må forståast som ei forteljing, med ein start, hovuddel og slutt. Slike forteljingar omhandlar ein serie av hendingar, som ofte tar utgangspunkt i at ein gitt situasjon eksisterar. Hoben (1998) presenterar ein liknande forståing. Han meiner narrativ kan forståast som ”forteljingar” som definerar kva som er problemet, samt den beste løysinga på problemet.

Definisjonane gir eit godt rammeverk for korleis eg kan forstå endringar i korleis aktørar fortolkar stad. I ein omstillingss prosess, ved at det eksisterar ei gitt forståing av kva situasjon Høyanger er i, vil det på same tid eksistere ulike forståingar blant aktørar på staden om kva som er den beste løysinga for å komme seg ut av situasjonen. Slike forståingar er knytt til korleis ein opplever staden. I ein debatt om stadens utvikling vil difor staden sitt meiningsinnhald stadig bli utfordra gjennom narrativ om stad og stad i omstilling. Dette krev ein nærmare gjennomgang av omgrepet.

Fløysand og Jakobsen (2006:5) definerar narrativ som *”a string of socially constructed representations (ideas, sayings and stories) about people and the world that are tied together in a whole that has a coordinating role in terms of social relations and conduct”*. Panelli (2001) meinar vidare at produksjon av narrativ er ein dynamisk, pågåande og sosialt konstruert prosess, der sosiale aktørar kontinuerleg omformar narrativ til å passe eigne fortolkingar, behov, verdiar og agendaer. For Andrews, Slater, Rustin, Squire og Treacher (2004) har narrativ alltid eit kulturelt utgangspunkt, og oppstår med utgangspunkt i ein kulturell lokalitet. Narrativ vil vere ein kulturell ressurs for korleis vi forstår, samt lever ut aspekt ved våre liv. Nokre måtar å ”fortelje” kan endre vår fortolking av verda, i dette tilfelle staden Høyanger, og dermed korleis vi kommuniserar om og handlar på staden.

Eg vel med utgangspunkt i den teoretiske diskusjonen å forstå narrativ som å ha eit forteljande utgangspunkt, der representasjonar blir satt saman i sekvensar som gir mening til, eller forklarar ein bestemt situasjon, fenomen, kvifor situasjonen er som den er, samt kva som er beste løysinga ut av ein uønska situasjon. Narrativ er knytt til ein bestemt situasjon, kontekst eller tidsperiode. Når representasjonar blir satt saman i sekvensar kan dei bli forklarande for korleis aktørar fortolkar staden i forhold til stad- og næringsutvikling, samt staden si framtidige utvikling. I følgje Røe (2001) vil fortolkingar av kva ein opplev ein stad som god på og mindre god på eksisterar som ”forteljingar” hos aktørar. Slike ”forteljingar” koplast til korleis vert staden fortolka og korleis desse fortolkingane vert representert.

3.5.3 Representasjonar av stad

I følgje Holloway og Hubbert (2001:145) er representasjonar ein kvar form for kommunikasjon der menneskjer fortel kvarandre om verda og delar informasjon. Ein representasjon blir forstått som teikn som kommuniserar mening, då både det skrivne ord, men også andre symbol som kan formidle dette. I likskap med omgrepene diskurs og narrativ blir dermed mening forstått som produsert gjennom kommunikasjon. Dette gjer det vanskeleg å skilje omgrepene representasjon frå diskurs og narrativ.

Halfacree (1993:29) meinar at teori om sosiale representasjonar prøver å gjere klart "*How people understand, explain and articulate the socio – physical environment in which they are immersed*". Representasjonar grip dermed om menneskjers forståing, forklaring og artikulering av omgivnadane. For Jørgensen og Phillips (1999) er representasjonar avspeilingar av røynda, samtidig som dei skapar røynda. Ei slik forståing byggjer også Neumann (2001) på ved å sei at representasjonar er det som ligg mellom vår faktiske verden og vår forståing av den. Ut frå desse definisjonane er representasjonsomgrepet kopla til både vår førestilte og den materielle verden, eller det som faktisk eksisterar. Representasjonar er mening og fortolking aktørar skapar i eit samspel mellom slike faktorar, samt korleis dette blir kommunisert. Korleis kan representasjonar av stad sjåast som både abstrakt og konkret, eller som eit samspel mellom det imaginære og materielle?

I følgje Berg og Lysgård (2004) er representasjonar av stad alltid knytt til den økonomiske, sosiale og kulturelle historia eller utviklinga over tid. Prosessane har forma både staden, menneska på staden, og dermed korleis stad vert fortolka. Ei slik forståing kan forklarast nærmare ved å ta utgangspunkt i Halfacree (2006) sin modell av ruralt rom. Modellen byggjer på Lefebvre sin romlege triade (1991, ref. i ibid:50) som illustrerer korleis rom må forståast som både abstrakt og konkret, eller som ein dialektikk mellom romleg praksis, representasjonar av rom og rom av representasjonar. Med utgangspunkt i modellen delar Halfacree (ibid.) ruralt rom inn i formelle representasjonar av det rurale, kvardagslivet av det rurale, samt rurale lokalitetar. Formelle representasjonar forklarar han som representasjonar uttrykt gjennom kapitalistiske interesser, byråkratar og politikarar. Desse representasjonane knytast til korleis det rurale rammast inn i den kapitalistiske produksjonsprosessen, spesielt i tilknyting til korleis rurale stadar kommodifiserast og får bytteverdi (ibid.). Kvardagslivet av

det rurale viser til sosiale praksisar, forma gjennom menneskjer si erfaringsbaserte fortolking og forhandling rundt det rurale. Her vert det fokusert på korleis lokale menneskjer opplever rommet rundt seg gjennom kvardagleg praksis, eller det levde liv (Berg og Lysgård, 2004). Rurale lokalitetar viser til romlege praksisar, eller det materielle rom, skapt gjennom historia av produksjon og konsum aktivitetar (ibid.). Dei tre forholda er dialektisk og utgjer til saman det rurale rom.

Modellen viser dermed korleis både det materielle, det imaginære og praksis formar stad, og kan byggje opp under ei forståing av at meiningsinnhaldet aktørar gir stad vert forma av dialektikken mellom dei tre forholda. Med utgangspunkt i dette vel eg å forstå representasjonar som aktørar sin kommunikasjon av ein stad sitt meiningsinnhald gjennom det talte ord eller praksis. Representasjonar forståast dermed som forankra i, samt forma av, både materielle eigenskapar ved ein stad, kvardagsleg praksis eller det levde liv, samt gjennom korleis staden vert artikulert.

3.6 Mot ein modell

Teori om diskurs, narrativ og representasjonar vil auke forståing av korleis aktørar gir Høyanger mening, korleis dette meiningsinnhaldet blir forma av ein omstillingssprosess, samt korleis dette vert representert gjennom praksis og formar stad som ein materiell lokalitet. Narrativ må ha forankring i ein diskurs for å eksistere og ha legitimitet. Halfacree (2006) meiner rom er lag av narrativ som ein, for å handtere verda, forenklar ned til seriar av sosiale representasjonar. Representasjonar kommuniserar mening, gjennom ord og omgrepssamansetting, men også gjennom praksis, og ligg mellom det abstrakte og konkrete. Holloway og Hubbard (2001:151) seier at „.....representations of people and places are tied to discourses which encompass particular ways of looking at the world (and not others). In turn, these discourses shape social practices. From this perspective, representations can be seen as a process shaping the organization of the world.....”

Forholdet mellom dei ulike omgrepa må forståast som dialektisk. Representasjonar blir både informert av, samtidig som dei gir innhald og mening til, diskurs og narrativ. På same måte både strukturerar og informerer narrativ ein diskurs. Narrativ og diskurs får utfall i representasjonar som kommuniserar mening, både tale og praksis. Praksis formar vidare den

materielle utviklinga på ein stad. Dei ulike diskursive konstruksjonane synleggjerast dermed via narrativ og representasjonar til menneskjer sine handlingar (Berg og Lysgård, 2004) som formar stadar. Halfacree (1993:34) seier at; “*Space becomes imbued with the characteristic of these representations, not only at an imaginative level but also physically, through the use of the representations in practises.*” Forståing av forholdet mellom diskurs, narrativ, representasjonar og praksis er illustrert i fig. 3.1. Modellen vil vere utgangspunktet for korleis eg teoretisk tilnærmar meg Høyanger og den pågåande omstillingssprosessen.




Fig. 3.1. Forholdet mellom diskurs, narrativ, representasjon og praksis.

Figuren visar det dialektiske forholdet mellom narrativ, representasjonar og praksis, samt korleis desse informerer ein diskurs om stad. Figuren illustrerer vidare at stadkonstruksjon må sjåast som både abstrakt og konkret. Abstrakt gjennom korleis førestillingar og fortolkingar kjem til syne i form av narrativ og representasjonar, samt konkret gjennom korleis fortolking og narrativisering av stad vert representert gjennom praksis. Ved at praksis materialiserast formar dei stad som ein materiell lokalitet. Praksisar må i tillegg forståast som påverka av korleis aktørar fortolkar og gir materielle eigenskapar meining. Dei ulike elementa kan i min studie ikkje sjåast isolert frå kvarandre. Dei inngår i eit dialektisk forhold.

I denne oppgåva vil eg fokusere på korleis stad narrativiserast med omsyn til stad- og næringsutvikling, samt korleis ei grensesetjande hending som Hydro si utfasing, og den påfølgjande omstillingsprosessen, gjer at det oppstår nye måtar å narrativisere Høyanger. Ein diskurs er, som sagt, spesifikk til tid og stad. Ved at det oppstår nye ”forteljingar”, om kva utvikling staden skal ha, kan diskursen få nytt innhald. Eg fokuserar på korleis stad konstruerast på det lokale nivået, og på praksisar som blir forstått som å fremje eller hemme framtidig utvikling, til dømes entreprenørskap (jf. kap.3.1).

3.7 Oppsummering

I dette kapittelet har eg gjort greie for teoriar som skal gi den vidare analysen eit rammeverk. Til grunn for tilnærminga ligg ein postmodernistisk epistemologi, og ei forståing av at omstilling og stad- og næringsutvikling må sjåast som kontekstavhengig, og med utgangspunkt i korleis aktørar fortolkar og gir stad meining. Ved å sjå korleis stad narrativiserast, og blir gitt meining, har ein høve til å gripe korleis dette legg føring på framtidig utvikling. Stad må difor forståast som ein prosess som er mangfaldig, dynamisk, intersubjektiv, ustabil, og meiningsfull.

I ein omstillingsprosess vil aktørar kontinuerleg prøve å fremje distinkte sosiale, kulturelle og fysiske karakteristikkar som gir staden ny meining. Teoriar om diskurs, narrativ og representasjonar gir moglegheit til å fokusere på korleis stad konstruerast, samt korleis dette kan endre seg i ein omstillingsprosess. Ved at stad vert representert gjennom praksis må stadkonstruksjon forståast som både abstrakt og konkret. Representasjonar formar dermed stad.

Mi tilnærming til studie av Høyanger og Høyanger i omstilling er illustrert i figur 3.1, og vil følgje med i seinare analysekapittel. I ein slik samanheng er det viktig å vere bevisst at fokus på diskursen om stad på det lokale nivå berre delvis gripe kva som gir stad meining for dei lokale aktørane. Diskursar, narrativ og representasjonar vil i stor grad henge saman med korleis stad blir gitt meining på høgare skala. I neste kapittel vil eg gjere greie for datasamlinga mi, samt dei analytiske verktøya. I tillegg vil eg drøfte datamaterialet sin kvalitet.

Kapittel 4: Metodologi og metode

”En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemene og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener til dette formålet, hører med i arsenalet av metode” (Hellevik 1993:14).

4.1 Innleiing

Val av metode avheng av kva slags spørsmål eg ynskjer å ha svar på i oppgåva, og må sjåast i samanheng med epistemologien som ligg til grunn for studiet. Den teoretiske posisjonen vil gjere enkelte val opplagte, og andre upassande utifrå både teoretiske og praktiske omsyn (Shurmer – Smith, 2002). Postmodernistiske teoriar som diskurs, narrativ, representasjoner, samt stad som sosial konstruksjon inneber metodiske implikasjoner som gjenspeglast i produksjon av data. Hovudmålsetinga mi er å pendle mellom teori og empiri for å auke forståinga av korleis Høyanger som stad vert konstruert. Min teoretiske bakgrunn vil dermed gi perspektiv som formar mi fortolking av data sitt meiningsinnhald, samtidig som den empiriske data gir grunnlag for auka forståing av desse teoretiske perspektiva. Ei slik tilnærming kallast abduktiv metode (Thagaard, 2002).

Prosjektet tar for seg diskurs, narrativ og representasjoner av stad, samt stad i omstilling. Ei slik tilnærming inneber grunnleggjande eit fokus på aktørars meiningsinnhald og fortolking av røynda. Medan kvantitativt orienterte metodar fokuserar, og eignar seg til å svare på, spørsmål om utbreiing og samanlikning mellom grupper og individ i målbare storleikar og kategoriar, er kvalitativt orienterte metodar eigna til å svare på spørsmål om meiningsinnhald og beskaffenhet, samt betre forståinga og fortolkinga av menneskeleg åtferd (Fossåskaret et al, 1997, Hay, 2000). Val av kvalitativ metode som eit grunnleggjande metodisk tilnærming gir dermed høve til å gripe meiningsinnhald og fortolkingar av stad, samt stad i omstilling, i tillegg til å fokusere på oppfatning og oppleveling hos informantar. Vidare gir det nødvendig fleksibilitet undervegs i møte med uførutsette utfordringar.

Den teoretiske tilnærminga mi, med fokus på korleis språket strukturerar vår forståing av røynda, inneber at ulike konkrete metodiske verktøy har vore relevant. Innanfor

diskursanalyse er utsegn grunnleggande analyseining, og eg var ute etter å finne dei ulike fortolkingane som var føresetnad for handling i Høyanger (Neumann, 2002). For å gripe desse fortolkingane bestemte eg meg for å bruke tre metodiske verktøy; *intervju*, *dokumentanalyse* og *observasjon* (*med og utan deltaking*). Sjølv om intervju ikkje er vanleg innanfor diskursanalytisk metodisk tilnærming opnar Rose (2001:143) for at ein kan bruke verbalt materiale, innsamla gjennom bruk av intervju. Intervju eignar seg godt når ein ynskjer informasjon om korleis informantar opplever, samt forstår seg sjølv og sine omgivnadar (Thagaard, 2002). Informasjon samla gjennom slike metodar skal ikkje forståast som ”sanne” bilde av røynda, men som aktørar si fortolking av røynda. Kvalitativ metode, til saman med diskursanalyse, gir vidare moglegheit for å gripe korleis kultur, samt den diskursive konstruksjonen av stad, er styrande for aktørars verdsoppfatning (ibid.). Altså korleis kontekst legg føringar på menneskelege forhold og erfaringar. For meg vil kvalitativ metode og diskursanalyse vidare handle om korleis ein gjennom val av metodiske verktøy, samlar inn data, og forsøkjer å forstå data og informasjonen som er tilgjengeleg.

I dette kapitlet vil eg gjere greie for den metodiske prosessen og innsamling av data. I tillegg skal eg gjere greie for dei konkrete metodiske vala eg har gjort, utfordringar og problem som har funne stad undervegs, samt analytiske verktøy for vidare bruk. Til slutt vil eg komme inn på enkelte refleksjonar rundt den metodiske prosessen, og drøfte dette opp mot truverd, stadfesting, samt moglegskap for overføring av mine funn. Her kjem eg i tillegg inn på potensielle feilkjelder i datainnsamlinga. Eg vil starte med å gjere greie for mitt feltarbeid, og korleis det arta seg.

4.2 Feltarbeid i eigen kultur, og min status som ”Høyanger jente”

Feltarbeid i eigen heimkommune inneber at eg har gjort feltarbeid i eigen kultur, og dermed studert mi eiga røynd (Wadel, 1991). Fordalar og ulemper ved dette har vore sentralt i metoddedebatten med omsyn til at fokus, samt dei inntrykka ein gjer seg under feltarbeid, er prega av tidlegare erfaringar og perspektiv, og kan føre til problem med å oppnå analytisk distanse. Den andre sida i debatten vektlegg at ein som gjer feltarbeid i egen kultur, truleg i større grad enn ein utanforståande, klarer å komme innanfor med omsyn til forståing (Paulgaard, 1997). Thagaard (2002) meiner at førforståing til felt vil skyggje for enkelte typar innsikt og opne for andre. Ei slik problemstilling inneber at ein under feltarbeid må vere

bevisst sin bakgrunn, slik at hendingar, utsegn og data ikkje vert tatt for gitt, og dermed oversett.

Valet om å studere Høyanger, og omstillingssprosessen som finn stad der, var prega av min kunnskap om temaet på førehand, og at eg på bakgrunn av dette tykte det var interessant å gripe fatt i. Kunnskapen tok eg i bruk under utarbeidingsprosessen, samt under feltarbeidet når eg valde ut kva informantar eg ville ha kontakt med. Min oversikt over staden, samt kven som sit i ulike posisjonar, gjorde det lettare for meg å finne fram til informantar som var relevant å intervju. Min bakgrunnskunnskap om staden, og kultur på staden, gjorde dermed starten på feltarbeidet til ein grei prosess der eg hadde nødvendig oversikt og kunnskap som trengtes for å starte datainnsamlingsprosessen.

Informantane forholdt seg som oftast til meg som ein person dei kjende til, og som hadde kjennskap til staden frå før. Ofte kjende dei både meg og min familie på førehand. I situasjonar der dette ikkje var tilfelle vart dei første fem minuttene av eit møte brukt til å kartlegge kor eg høyrde heime i lokalsamfunnet. Dette gjorde at eg oftast vart sett som ein ”insider”, og at informantar behandla meg som ein person med forståing for både Høyanger som stad og utviklinga der. Dei fleste opplevde meg som positivt innstilt til staden, og var truleg trygge på at eg ville framstille dei på ein positiv måte. Min status gjorde dermed at informantane var opne om tema som vart diskutert, og i størst mogleg grad ynskte å svare på spørsmåla som eg stilte. Statusen som ”Høyangerjente” var dermed eit godt utgangspunkt for å få til samtalar der kommunikasjon var positiv, og eg opplevde tilgangen på relevant data som grei. Likevel kan det tenkast at statusen hindra tilgang på enkelte typar data ved at informantane ikkje oppfatta meg som nøytral, men som ein del av lokalsamfunnet, og dermed ikkje ynskte å framstille ei forståing som dei oppfatta å stride mot mi oppfatning.

I andre omgang vart eg oppfatta som student. Informantane gav uttrykk for at dei tykte det var stas at eg jobba med omstillingssprosessen og heimstaden. Ved at dei førestilte seg at eg hadde kunnskap rundt temaet, opplevde eg ofte at dei tykte det var kjekt å snakke om dette med meg. På den andre sida førte min status som ”Høyangerjente” til at informantane ofte tok for gitt at eg forstod kva dei meinte når dei uttalte seg, og dermed ikkje trengte å forklare dette nærmare. Eg fant etterkvart ut at eg i større grad måtte gi uttrykk for at eg var i ein læresituasjon, der informanten var den med kunnskap om tematikkar eg ville lære meir om. Dette gjorde at informantar forklarte grundigare når eg stilte spørsmål.

Tidleg i feltarbeidet fekk eg førespurnad om å stille til intervju i lokalavisa, omhandlande mi masteroppgåve. Intervjuet viste seg å vere positivt for vidare feltarbeid og datainnsamling ved at det opna for naturlege samtalar om temaet under tilfeldige møter med aktørar. Slik fekk eg tilgang på data som truleg i utgangspunktet ville vore vanskeleg. Samtidig fekk eg høve til å spørje eit større spekter av aktørar kva dei meinte om Høyanger og endringane som fann stad. Feltarbeidet vart dermed meir ein kontinuerleg prosess, der eg fekk høve til å drøfte temaet mitt i kvardagen, utan stadig å måtte oppsøkje og ta det opp på eigen hand.

Informantar føreslo ofte for meg å vere med på aktivitetar som dei opplevde som relevant for min studie. Dette kan sjåast i samanheng med at eg vart forstått som ein del av lokalsamfunnet, ein person dei kjende til, og dermed at terskelen for å ta kontakt var låg. I tillegg vart eg, under intervjustituasjonar, oppmoda om å ta kontakt ved seinare høve om eg ynskja det. Kor fordelaktig det hadde vore for meg å bli oppfatta som ein ”insider” på staden fann eg først ut i forsøket på å få kontakt med ei nyleg oppstarta bedrift, utan forankring i kommunen. Utan relasjonar å byggje på som eit utgangspunkt var tilliten til meg som person, ynskje om å hjelpe meg, eller interessa for at eg skulle skrive ei oppgåve om Høyanger, ikkje i same grad tilstades.

Min kunnskap om staden gav ofte høve til å forstå kva meiningsinnhald informanten la i si framstilling av Høyanger, samt Høyanger i ein omstillingsprosessen. Kjennskapen til staden gjorde meg eigna til å stille gode spørsmål, samt setje spørsmålsteikn med informasjon som eg fekk. På den andre sida var eg bevisst på at eg truleg hadde ein del fôrutinntatte oppfatningar om temaet, og staden, som eg sjølv ikkje klarte å spesifisere. Paulgaard (1997) seier at faren ved å gjere feltarbeid i eigen kultur er at ein som forskar kan ta enkelte forhold for gitt, og dermed miste viktig informasjon som er til nytte for studiet. Eg vil ha større problem med å sjå, samt artikulere, det sjølvsagte og underliggende. I løpet av dei tre månadane med feltopphald, sommaren 2006, opplevde eg fleire gongar at eg endra oppfatning i tilknyting til temaet. Dei fôrutinntatte førestillingane vart dermed satt på prøve og eg måtte tenkje nytt om fenomen, prosessar, samt mine tolkingar. Nye innspel, og det faktumet at all data vart sett i ein teoretisk samanheng førte til at eg endra fokus og dermed tolka data annleis.

Når eg starta arbeidet med analysen opplevde eg i større grad vanskar med å vere ein del av staden eg har studert, samt ha kjennskap til informantane eg intervjuja. Eg tok meg sjølv, ofte i etterkant av eit intervju, i å vere i overkant positiv til Høyanger og omstillingsprosessen, og dermed gi den meining som informanten formidla eit positivt innhald. Eg opplevde at eg sette både informanten, og det informanten fortalte i eit velvillig og positivt bilde. Grunnen var truleg at eg var positiv til både Høyanger og mine informantar som personar, samt at eg opplevde intervjusituasjonen som god. På den andre sida, når intervjuva var transkribert, gjorde bruken av metodologiske verktøy til at eg fekk ei meir nøytral tilnærming til datamaterialet. Eg gjekk meir analytisk til verk for å gripe korleis informantar ved hjelp av ord og omgrepssamansetting kommuniserte sine førestillingar og fortolkingar.

4.3 Generering av data

I min studie er som sagt skiftlege kjelder, intervju, samt observasjonar dei viktigaste kjeldene til datamaterialet. All datainnsamling har fokusert på Høyanger som stad, samt omstillingsprosessen. Eg skal her gjere greie for korleis dette har føregått.

4.3.1 Skrivne kjelder

Det første eg gjorde når eg byrja produksjon av data var å samle inn informasjon i form av skriftleg materiale om Høyanger og omstillingsprosessen. Desse kjeldene var viktige som bakgrunnsmateriale til å byggje vidare på under seinare datainnsamling i felt, men blir til dels behandla som eige datamateriale i seinare analyse. Neumann (2001) meiner at skriftlege kjelder kan hjelpe ein å byggje opp forkunnskap om det feltet ein skal inn i, eller kulturelle kompetansen til å byggje på ved seinare høve i, til dømes ein intervjusituasjon.

Forkunnskapen opparbeida eg meg gjennom å lese lokalaviser og skriftlege dokument om omstilling. Eg var spesielt opptatt av tekstar som gav ei beskriving eller teikna eit bilde av Høyanger som stad, kva aktørar meinte omstillingen førte med seg, eller skulle føre med seg, samt kva tiltak dei opplevde som nødvendig for at Høyanger skulle utvikle seg vidare. Dei ulike skriftleg kjeldene fekk eg tilgang til ved å kontakte offentlege instansar, søkje rundt temaet på internett, samt oppsøkje debattforum. I tillegg samla eg inn avisartiklar, frå lokalavisa Ytre Sogn, frå den perioden Høyanger fekk omstillingsstatus og fram til i dag. Eg

fokuserte her på dei artiklane som kunne setje meg inn i diskursen om stad, som presenterte Høyanger i omstilling og staden si framtidige utvikling.

Gjennom dette arbeidet fekk eg oversikt over aktive deltakarar i diskursen, kva som føregjekk i lokalsamfunnet, samt kva som var interessant å trekke fram i ein intervjustituasjon, eller i andre samanhengar. I følgje Thagaard (2002:86) er ”*utgangspunktet for et vellykket intervju at forskeren på forhånd har satt seg godt inn i informantens situasjon.....Denne bakgrunnskunnen gir et grunnlag for å utforme de temaene som skal tas opp i intervjuene*”. I første omgang vart difor materialet brukt til å setje meg inn i debatten. Kompetanse eg opparbeidde meg gjennom dette forarbeidet, brukte eg seinare i intervjustituasjonen med ulike informantar. Eg fekk overblikk over kva tiltak og strategiar det var lagt opp til i omstillingsprosessen, samt kva reaksjonar og tankar ulike aktørar hadde rundt hendingar som fann stad i Høyanger. I tillegg fekk eg ei forståing av kva aktørar opplevde at Høyanger hadde potensiale til å utvikle seg på.

4.3.2 Utval av informantar, intervju og intervjustituasjonen

”*Interviews are the chosen method when researchers are keen to hear the “stories” of individuals in a situation where they are (probably) uninterrupted and uninfluenced by the presence of other people*” (Shumer-Smith, 2002:155).

”*....Interviews are useful for getting people to state the normative values of the community (the way that its felt things “ought” to be)*” (ibid:96).

Med bakgrunn i ei slik forståing av kva type data ein kan få tilgang til i ein intervjustituasjon valde eg i løpet av feltarbeidet å utføre 17 intervju med ulike aktørar. Fem av intervja var nøkkelinformantintervju med aktørar som aktivt jobba med omstilling i kommunen. Ein nøkkelinformant er i dette studiet definert som ein informant med overblikk, kompetanse, samt påverknadsemne innanfor temaet eg ynskjer å forstå meir om. Informantane vart valt ut på bakgrunn av den kjennskapen eg hadde om staden, samt kompetanse eg hadde bygd opp på førehand. Det var difor informantar som eg visste hadde kunnskap om mitt tema. Bradshaw og Stratford (2000:43) seier ”*....the better our background information and understanding, the more certain we are about who we wish to involve in our research and why*”. Av dei andre intervja var 11 med ulike næringsaktørar i kommunen, samt eit intervju med lokale

samfunnsaktørar utan direkte tilknyting til omstillingssprosessen. Grunnen til at eg valte å fokusere på omstilingsaktørar og næringsaktørar var at eg ynskja å snakke med informantar med ei aktiv rolle, eller som var definert som ei målgruppe i omstillingssprosessen.

Dei ulike næringsaktørane vart valt ut med utgangspunkt i at dei skulle representera ulik type næringsaktivitet, samt ha ulik grad av forankring til Høyanger som stad, med omsyn til eigarskap. I tillegg ynskte eg at nokre bedrifter skulle vere veletablerte, medan andre nyetablerte. Fellesnemnaren for dei var at dei skulle vere sentrale aktørar i den ynskte endringsprosessen på staden. Bedriftene vart viktig for å forstå korleis forholda for økonomisk praksis endra seg gjennom ein omstillingssprosess. Eg valte å ikkje intervju dei tre dominerande næringsaktørane i kommunen, Hydro Aluminium/Høyanger Verk, ISS og Fundo Wheels. Mitt ynskje var å sjå korleis fortolkinga av stad i omstilling kunne endre forholda for næringsaktørane og næringar som tidlegare har stått ”i skuggen” av dei dominerande aktørane. Gjennom eit fokus på faktorar som kan forståast som å fremje eller hemme framtidig utvikling, oppfatta eg at dei små og mellomstore bedriftene er sentrale for Høyanger sin moglegheit til å utvikle eit meir dynamisk næringsliv. Hydro Aluminium/Høyanger Verk, ISS og Fundo Wheels sine narrativ og representasjonar har likevel betyding, og eg fekk kunnskap om deira fortolking og forståing gjennom deltakande observasjon, samt skriftlege kjelder. Valet om å ikkje intervju dei vart også tatt på bakgrunn av at Fundo Wheels, i perioden eg gjennomførte feltarbeidet, nyleg hadde vore gjennom omstilling i leiinga, og sentrale aktørar med kunnskap om mitt tema var utilgjengeleg. Ein del av informantane vart vidare valt ut på bakgrunn av at andre informantar meinte eg ville dra nytte av å snakke med akkurat den personen, eller bedrifa. Metoden vert kalla snøballmetoden (*ibid.*). Utvalet var dermed basert på mine oppfatningar av kven eg såg som relevant å snakke med, med utgangspunkt i informantens stilling eller posisjon i lokalsamfunnet.

Dei fleste intervjuia fann stad på informantens sin eigen arena, som oftast på arbeidsplassen, eller i heimen, og varte frå 20 min til ein og ein halv time i lengde. Intervjuia starta med at eg presenterte meg, og at informanten fekk stille spørsmål med omsyn til kva oppgåva mi handla om, samt kva intervjustituasjonen skulle innebere. Under kvart intervju brukte eg ein semistrukturert intervjuguide, inndelt etter tema eg ynskja å komme innom i løpet av eit intervju. Under kvart tema hadde eg opent formulerte spørsmål til hjelp undervegs i intervjustituasjonen. Spørsmåla varierte mellom dei ulike informantgruppene, alt etter bakgrunn og posisjon i lokalsamfunnet. I tillegg varierte spørsmåla etter kva samtaLEN vende

inn på. Viss informanten vende samtalen inn på andre områder enn eg hadde planlagt, valde eg å spørje meir rundt dette. Semistrukturert intervju opnar for slik fleksibilitet undervegs i intervjusituasjonen, samt undervegs i feltarbeidet. Samtidig tillet intervjuforma at eg let informanten snakke opent om det han interesserar seg for, i tillegg til at eg kan trekke linjer frå dette til tema eg ynskjer å snakke om (Hay, 2001). Det viste seg at i slike tilfelle vart ofte informantens fortolkingar og meiningar uttrykt. Fjerna samtalen seg for langt frå det opphavlege temaet, styrte eg informanten inn att på spørsmål eg ynskja å drøfte. Alle intervjua gav meg godt høve til å gripe informantane si fortolking av staden, samt kva ”forteljingar” dei brukte for å beskrive staden i ein omstillingss prosessen.

Gjennomføringa av intervjua utspelte seg ulikt alt etter informantane sin bakgrunn. Informantar som arbeidde med omstillingss prosessen verka meir vande med den typen spørsmål eg stilte, og forstod spørsmålsformuleringane betre. I tillegg hadde dei større forståing for kvifor eg ynskte å diskutere enkelte tema. Informantar i tilknyting til næringslivet vart enkelte gongar usikre på kva det var eg ynskja å diskutere, samt kva type svar eg ynskte. Desse informantane kunne spørje kva eg meinte med spørsmålet, og vart ofte usikre på om dei kunne svare. For å løyse dette problemet valde eg å presentere min studie tydlegare, der eg vekta at eg var opptatt av informanten si oppleving, forståing, forteljingar og meiningar. Faktaopplysningar var ikkje nødvendigvis rett svar. Eg vekta også i introduksjonen til intervjuet at enkelte spørsmål kunne verke urelevante og gjentakande, men at eg håpte at dei ville svare likevel. Slik vart informantane i større grad førebudd på kva intervjusituasjonen innebar, og intervjua føregjekk på ein god måte. Dette gjorde at eg i større grad opplevde å få relevant data, og at informantane vart meir ”forteljande” når dei svarte på spørsmål. Meiningar og opplevingar vart tydlegare, og intervjusituasjonen bar meir preg av å vere ein samtale.

Informantane varierte i sin openheit, men eg opplevde at dei fleste følte situasjonen behageleg. Enkelte gongar utvikla intervjusituasjonen seg til å bli samtalar om emna omstilling og Høyanger som stad, fordi dette var tema som engasjerte. Informanten kunne vise interesse for mi meining om temaet, og etter å ha svart på eit spørsmål avslutte med å sei ”ikkje sant, Synne”, eller ”er du einig?”. Under alle intervjua prøvde eg å inneha ei rolle som ”lærling”, der det var forstått at det var informanten som hadde kunnskap om temaet, medan eg var der for å lære. Ei slik rolle var viktig å inneha slik at mine meiningar ikkje vart

styrande for korleis intervjuasjonen utvikla seg, og dermed korleis informantane formulerte seg.

Det var ikkje alle potensielle informantar eg valde å gjennomføre ein til ein intervju med. Gjennom observasjon både med og utan deltaking fekk eg ofte tak på relevant data som gjorde behovet for eit nytt møte unødvendig. Informantar eg opplevde hadde relevant informasjon avtalte eg intervju med. Når eg opplevde at informantar, i intervjuasjonen, ikkje gav meir eller ny informasjon valde eg å ikkje gjennomføre fleire intervju. I følgje Thagaard (2003:56) kan ein, når studie av fleire einingar ikkje synas å gi ytterlegare forståing av fenomenet ein studerar, vurdere utvalet til å vere tilstrekkeleg stort. Ein har oppnådd eit mettingspunkt.

4.3.3. Observasjon med og utan deltaking

Ein del av datainnsamlinga føregjekk dermed gjennom observasjon med og utan deltaking. Gjennom å delta på informasjonsmøte om omstillingss prosessen og Høyanger sin situasjon, i regi av Høyanger kommune, utførte eg det Wadel (1991:48) kallar observasjon utan deltaking. Det vil sei at eg var tilhøyrar og ikkje aktivt i diskusjonen. I tillegg deltok eg på introduksjonsveke for nyttilsette traineear i Høyanger Næringsutvikling. Introduksjonsveka sitt føremål var å setje traineeane inn i Høyanger sin situasjon, og møte næringsaktørar samt andre aktørar med kunnskap om temaet. I ein slik kontekst tok eg enkelte gongar rolla som deltagande observatør, og stilte spørsmål, medan eg andre gongar kun var tilhøyrar. Observasjon med og utan deltaking gav tilgang på datamateriale som ikkje kom til syne i ein intervjuasjon. Eg fekk her innspel frå andre som var interessert i å debattere omstilling og staden Høyanger, noko som gjorde at eg fekk satt fokus på faktorar som eg ikkje var bevisst på i utgangspunktet.

Alle møta eg deltok på var etter invitasjon. Informasjonsmøta i regi av Høyanger kommune var arrangert for alle uflyttarar frå kommunen. Informasjonsveka for traineeane deltok eg på etter invitasjon frå ein informant som meinte dette ville vere av interesse for meg, og fungerte som ”døropnar” (ibid.). Gjennom observasjon både utan og med deltaking fekk eg innblikk i korleis informantar kommuniserte om dei ulike temaa i ein annan ”setting” enn intervjuasjonen. I denne konteksten deltok eg på andre vilkår ved at informantane ikkje kommuniserte til meg som ”student”. Samtidig påverka eg ikkje diskusjonstema, eller

samtalen si retning. Dette førte ofte til at eg fekk tilgang på andre framstillingar, samt at fokuset var annleis. Kunnskap om staden og omstilling fekk eg også gjennom det tre månadars lange opphaldet eg hadde i Høyanger sommaren 2006. I perioden arbeidde eg som ferievikar på Hydro Aluminium. Eit vanleg diskusjonstema var den framtidige utviklinga til staden, samt Hydro si rolle i denne utviklinga.

4.4 Val av metode for analyse

På same måte som metodiske val heng saman med ontologi og epistemologi, vil dei metodologiske verktøya for vidare analyse gjere det. Diskursanalyse er eit verktøy for å avdekkje korleis diskursar konstruerar og produserar røynda, og eg vil i dette avsnittet komme inn på korleis dette kan utførast i ein meir konkret samanheng. For å fange opp meiningsdimensjonar av stad, sirkulert gjennom språket i form av representasjonar, vil eg kople inn semiotikk. Semiotikk, saman med dekonstruksjon, vil vise kva omgrep som blir brukt for å forklare eit fenomen, samt kva meiningsinhald omgrepene innehar. På den andre sida er det viktig å gjere klart at analyse av data har vore kontinuerleg sidan starten av datainnsamlinga og fram til no. Gjennom å ha jobba med datamaterialet har eg utvikla tankar, kategorisert, trekt linjer og dermed utvikla ei forståing av mine problemstillingar.

4.4.1 Diskursanalysens tre skritt

Neumann (2001:50) har presentert ein framgangsmåte for korleis ein konkret kan gå til verks når ein skal gjennomføre diskursanalyse. Han meiner at ei nyttig inndeling av eit slikt arbeid er dei tre skritta: val og avgrensing av diskursen, identifikasjon av diskursens representasjonar, samt diskursens lagdeling. Dette er ikkje ein fastlagt måte å utføre diskursanalyse på, men fungerte som rettleiar for meg i min prosess.

Dette første skrittet Neumann (*ibid.*) vektlegg er dermed val og avgrensing av diskursen som skal studerast. Ei slik avgrensing må innebere både tema, skala og tidsavgrensing. Avgrensinga kan ikkje gjerast analytisk, fordi ei avgrensing er ein viktig del av diskursen i seg sjølv (*ibid.*). På den andre sida meiner Jørgensen og Phillips (1999:153) at ein diskurs er noko ein analytisk konstruerar med utgangspunkt i dei forskingsspørsmåla ein stiller i eit

prosjekt. Avgrensing av diskurs heng difor saman med formålet og fokuset i studien. Ved at ein diskurs blir forstått som å bere med seg minne om eigen historie, kan avgrensing i tid gjerast ved å fokusere på hendingar som oppfattast som grensesetjande. Det første steget innebar difor å bestemme meg for tema og problemstillingar, eller avgrense analysen til diskursen om staden Høyanger og omstillingsprosessen. Dette inneber at fokuset ligg på stad i tilknyting til tema som stad- og næringsutvikling, samt korleis aktørar artikulerar faktorar ved staden som kan forståast som å fremje eller hemme framtidig utvikling. Avgrensing av diskursen i tid gjorde eg ved å knytte temaet til perioden frå Høyanger fekk omstillingsstatus og fram til perioden eg samla inn data. Omstillingsstatusen, samt Hydro si avgjersle om å fase ut delar av si verksemrd, blir dermed ei hending som kan oppfattast som grensesetjande. Skalamessig valde eg å avgrense diskursen til det lokale nivået med fokus på aktørar som har vore sentrale i debatten, då spesielt næringsaktørar som aktivt deltar i prosessen, samt offentlege aktørar som arbeider med omstilling. Slike avgrensingsval kan oppfattast som problematiske fordi ein diskurs ikkje er lausreve frå diskursar og aktørar på andre skalanivå. Likevel vart vala tatt for å gjere studiet gjennomførbart, og vurdert som eit godt val med bakgrunn i forkunnskapen eg hadde tileigna meg (jf Kap 4.2.1). Avgrensingane vart dermed føretatt strategisk i forhold til forskingsspørsmålet som eg stilte, og bidrog til å skape ei ramme for undersøkinga (ibid:150).

Det andre trinnet i ein diskursanalyse er å få oversikt over diskursens representasjonar. Neumann (2001) skriver at diskursar er røyndomsproduserande og at ein difor kan kalle dei for røyndommar. Representasjonar blir difor, som sagt tidlegare, uttrykk for korleis dei ulike informantane mine oppfattar røynda. Metodisk er oppgåva å finne fram til dei ulike representasjonane som eksisterar i diskursen, samt kvar grensa går for kva representasjonar som har moglegskap til å eksistere innanfor diskursen om stad og omstilling. Det andre trinnet inneber difor for meg å finne kva representasjonar diskursen om stad og stad i omstilling, inneheld. For meg var dette ein prosess som eg jobba med både under datainnsamling, og under analysen av data i etterkant. Eg prøvde å setje meg opp ei inventarliste over dei representasjonane som fantes i den valte diskursen. Målet vart å finne ut korleis staden vert framstilt, og korleis dette verkar inn på omstillingsprosessen.

Det tredje steget Neumann (ibid.) beskriv, er å finne ut om alle trekk ved representasjonane er like bestandige. Enkelte representasjonar i ein diskurs vil vere ”tregare” å endre enn andre. Dette gjeld spesielt teikn som er gode og tenke med, som til dømes at Høyanger er ein

industristad, samt representasjonar av materielle gjenstandar. Dette er representasjonar som det ikkje er noko ynskje om å endre fordi dei er grunnleggjande for korleis vi forstår våre omgivnadar. Slike representasjonar kan vere vanskeleg å skilje frå forståinga av kva som er faktum. Dei vert fortolka som ein sanning for dei fleste aktørane og er vanskeleg å argumentere mot. Diskurs består dermed av lag av representasjonar, der enkelte opplevast som meir ”sanne” og vanskelegare og endre enn andre. Diskursen skaper grenser mellom det som framstår som sant og falskt, og eg ynskjer å spore opp desse representasjonane. Representasjonane gir meg innblikk i korleis enkelte typar handlingar blir gjort relevante og andre utenkelege (Jørgensen og Phillips, 1999). Dette innebar at eg under datainnsamling såg etter underliggende representasjonar som var så ”tatt for gitt” at dei strukturerte andre representasjonar, narrativ, samt diskursen om stad. Mitt fokus er difor å klare å gripe dei underliggende anntakingane om staden ulike aktørar kommuniserar innanfor diskursen om stad og omstilling, samt finne fram til dei representasjonane som opplevast som meir sanne enn andre.

Desse tre stega har vore nyttige å ha som retningssnor i innsamling av data. Ved å undersøkje representasjonane har eg eit verktøy for å forstå korleis røynda blir forstått av ulike aktørar i Høyangersamfunnet. Eg har likevel ikkje til hensikt å låse meg heilt fast til bruken av desse punkta i min studie. Vidare vil eg trekke inn dekonstruksjon som metodologisk verktøy for å gripe kva fortolking aktørar kommuniserar om Høyanger og Høyanger i omstilling.

4.4.2 Dekonstruksjon

“Attention to language is an important part of postmodern method, and postmodern social scientists have turned to deconstruction as a way of analysing and understanding texts. Their aim is to disentangle, or deconstruct, the different discourses that inhabit the text” (Flowerdew og Martin, 2005:28).

Dekonstruksjon som analytisk metode vektlegg det problematiske aspektet ved språket, og korleis dette ikkje inneheld ei spesiell unik meining. I staden går ein utifrå at tekst har fleire meininger som tolkast ulikt. Når personar brukar fortolkande repertoar i beskriving av tema som er kjent, til dømes i ein intervjustituasjon, vil ein sjå ein systematisk samanheng mellom omgrepene som blir brukt. Metodisk er difor dekonstruksjon prega av fortolkande og reflekterande tilnærmingar, der eg som forskar må søkje etter det som informanten ubevisst

presenterar, fortel, eller det ute, samt informantens synspunkt. I følgje Burr (1995:164) er dekonstruksjon: *"attempts to take apart texts and see how they are constructed in such a way as to present particular images of people and their actions"*. Dette innebere å sjå korleis dominerande narrativ, om til dømes stad, kjem til syne i kvardagslivet til aktørar, samt korleis enkelte konstruksjonar i denne samanhengen blir framstilt som sanningar. Dekonstruksjon må difor sjåast i samanheng med dei tre stega Neumann presenterar for diskursanalyse. I mitt prosjekt er eg opptatt av korleis meiningsinnhald aktørar, i form av narrativ og representasjonar, knyt til staden. For å dekonstruere desse er semiotikk eit brukande analytisk verktøy.

4.4.3. Semiotisk tilnærming

I løpet av mitt feltarbeid var det sjeldan eg observerte hendingar direkte som hadde betydning for mitt forskingstema. Data som eg samla inn var oftast informantars tolkingar av hendingar og fenomen, som eg i etterkant tolka sjølv. Tol kingsprosessen kallast dobbel hermeneutikk (Aase, til publikasjon). Datamaterialet mitt baserast dermed på informantar og andre kjelder sine re- presentasjonar av røynda og ikkje av den faktiske røynda. For å klare å tolke informantar og andre kjelder sine intensjonar, meningar og posisjonar bak måten å representera omgivnadane treng eg metodiske verktøy.

Semiotikk inneber fokus på korleis teikn formidlar mening, og korleis kommunikasjon av mening avheng av forholdet mellom teiknet og individet som er "lesar" av teiknet (Holloway og Hubbard, 2001). Metoden grip dermed korleis teikn blir mentale førestillingar, korleis dei inneheld ei spesifikk mening, samt korleis dei mentale førestillingane eller meningane kommuniserast til andre. Eit teikn må forståast som å stå for noko anna. Peirce (i Aase, til publikasjon) skil mellom ikon, indeks og symbol. Ikon refererer til objekt i form av likskap, til dømes fotografi eller eit kart, og er i stor grad universelle eller kjente på tvers av kulturgrense. Indeks forheld seg til objekt som spor eller indikator. Til dømes er oske indeks for eld (ibid.). I mitt studie er forståinga av teikn i form av symbol mest relevant. Symbol refererer til objekt i form av semje om tyding. Språket, i form av omgrep og omgrepssamsetting, må forståast som eit system av symbol (ibid.). Til dømes er alle einige om at omgrepet Høyanger refererer til ein bestemt geografisk lokalitet. På den andre sida kan eit symbol, eller omgrep, ha ulike tilleggstydingar avhengig av mottakar, kontekst og

avsender (Holloway og Hubbard, 2001). For å forstå eit omgrep direkte tyding, og eventuell tilleggstyding, må ein trekkje inn omgropa denotasjon og konnotasjon.

Eit omgrep kan forståast som å ha ei utrykksside og ei innhaldsside (Fuglestad og Mørkeseth, 1997). Denotasjon beskriv omgrepets utrykksside eller den nøytrale tydinga, medan konnotasjon refererer til omgrepets innhaldsside, tilleggstyding, eller assosiasjonar som bringast fram når lesaren knytt det til sine erfaringar, haldningar og kjensler (Aase, til publikasjon). Tilleggstydinga til eit omgrep avheng av det kulturelle meiningssystemet det brukast innanfor. For å forstå kva meinig som kommuniserast må ein difor kjenne dei kulturelle kodane teiknet inngår i, eller den sosiale og kulturelle posisjonen til den som kjem med ei ytring. Til dømes konnoterast Høyanger, av mine informantar, med industri og industriell kompetanse. For meg, som er oppvaksen på staden, vekkjer omgropet assosiasjonar knytt til tryggleik, vennskap og barndom. I mitt studie er det relevant å sjå kva konnotasjonar ulike omgrep har for å gripe korleis Høyanger og Høyanger i omstilling blir gitt eit spesielt meiningsinnhald.

Vidare er det relevant å sjå korleis informantar og andre kjelder gir meinig til omgivnadar, observasjonar, hendingar og fenomen ved å plassere dei i kategoriar. Korleis kategoriar blir brukt for å artikulere Høyanger og Høyanger i omstilling gjer det mogleg for meg å gripe korleis slike hendingar og fenomen fortolkast. Til dømes vil ulike kjelder si kategorisering av Høyanger til saman med andre industristadar illustrere at det knytast eit bestemt meiningsinnhald til staden. Plassering av observasjonar, hendingar og fenomen i bestemte kategoriar heng saman med at aktørar gjennom å ha erfart ein kategori opplev den som meiningsfull. Den er til hjelp når aktørar ordnar og gir omgivnadane sine meinig (ibid.).

Ulike kategoriar kan relaterast til kvarandre, i ei framstilling eller forteljing av observasjonar, hendingar eller fenomen, gjennom bruk av dikotomiar og metaforisering (ibid.). Dikotomiar relaterar kategoriar til kvarandre ved å etablere dei som motsetnadar. Ein kategori blir dermed gitt meinig ved å setje den opp i mot ein anna kategori. Metaforisering eller metafor må forståast som eit konsept der ein hentar tydinga frå ein samanheng og overfører den på ein ny. Kategoriar relaterast dermed til kvarandre ved at meiningsinnhaldet frå ein kategori overførast på ein annan, og dermed samanstillar dei. Metaforen strukturerer korleis aktørar fortolkar ein kategori ved at kunnskap frå ein kjent kategori overførast på den ukjente (ibid.).

4.5 Forskinga sin kvalitet: Truverd, stadfesting og overførbarheit

”Ulike metodar for kunnskapsproduksjon er berre ulike kanalar inn til forskjellige aspekt ved kunnskap” (Fossåskaret, 2005:257).

Ein viktig føresetnad for eit vellykka feltarbeid er at dei innsamla data kan brukast og tolkast i oppgåva sin analytiske del. Datamaterialet må med andre ord vere relevant eller gyldig. Innanfor kvalitativ forsking gir omgrepa reliabilitet, validitet og generalisering med vekt på det presise, representative og objektive lite nytte når ein ynskjer å vurdere kvaliteten på eit kvalitatittiv studie. I følgje Thagaard (1998:21) bør ein heller fokusere på studie sin truverdskap, moglegskap for stadfesting, samt moglegskapen for overføring.

Truverd inneber fokus på i kva grad forskinga utførast på ein tillitsvekkjande måte. Ved at ein datainnsamlingsprosess aldri er nøytral eller objektiv, men må sjåast i samanheng med forskingsprosessen, relasjonen mellom meg og informantane, samt min bakgrunn, blir poenget å gjere greie for korleis data har blitt utvikla i forskingsprosessen, samt mine metodiske val (ibid.). Stadfesting er knytt til tolking av data, og inneber at eg er kritisk til eigne tolkingar, samt at prosjektets resultat kan stadfestast av anna forsking (ibid:179). Skal tolkinga stadfestast av anna forsking må eg gjer greie for min framgangsmåte, eller beskrive dei analytiske prinsippa bak mine konklusjonar, med utgangspunkt i erfaringar frå prosjektet, samt relasjonar til informantar. Overførbarheit inneber fokus på om mine tolkingar kan gjelde i andre samanhengar, samt kjennast att av andre, ved at den teoretiske forståinga som er knytt til prosjektet kan brukast i ein større samanheng (ibid.). For meg inneber fokus på kvaliteten til studiet, eit fokus på korleis kunnskapen blir produsert, samt korleis eg kjem fram til mine resultat. Fram til no har eg gjort greie for korleis datainnsamlingsprosessen har gått føre seg, korleis data har blitt produsert, samt korleis data vil bli tolka. På den andre sida er det ulike sider ved forskingsprosessen som kunne vore gjort annleis, og mogleg betra kvaliteten på studiet, samt datamaterialet.

Undervegs i datainnsamlingsprosessen har eg forsøkt å vere bevisst korleis min bakgrunn kan ha påverka tolking av data. Ved å setje spørsmålsteikn ved ulike val, drøfte dei med andre, samt sjå etter alternative moglegheiter har eg unngått forenkla slutningar og val. I etterkant vil

spørsmål om dette vart gjort i stor nok grad, vere tilstades. Under datainnsamlinga var vala nødvendig for gjennomføringa av studiet, noko som innebar at eg måtte stole på at dei var riktig. Intervjusituasjonen kan sjåast som ei utfordring knytt til kvaliteten på min data, ved at det er mogleg eg har lagt mitt meiningsinnhald i informantens utsegn. For å vere tryggjare på at dette ikkje var tilfelle kunne eg i større grad fokusert på å spørje informanten undervegs om eg forstod riktig, bedt han fortelje meir slik at eg fekk betre oversikt, eller la informanten lese intervjuet, og sei om han var einig eller ueinig i framstillinga. Likevel trur eg min og mine informantars felles kulturelle bakgrunn har styrka mi evne til å gjere ei god tolking. Min kjennskap til staden før felterbeid, samt tre månadars opphold på staden under felterbeid, har gitt høve til å drøfte temaet med ulike aktørar, og dermed auka min kompetanse i forhold til tolking av informantars utsegn. I tillegg vart intervjuet tatt opp på band. Tolkinga av data starta difor i etterkant av intervjusituasjonen, og opp mot problemstillingane. Likevel var det viktig under analysen å vere bevisst min bakgrunn, og korleis den kunne influere mi forståing og fortolking.

Det kan i tillegg tenkast informantutvalet kunne vore gjort annleis. Eit fokus på andre aktørgrupper kunne gitt tilgang til andre fortolkingar og meininger, og dermed tilgang til andre typar data som er relevant for studiet. På den andre sida ligg fokuset i denne oppgåva på korleis stad konstruerast og korleis dette influerast av ein omstillingsprosess. Slike problemstillingar gjorde at eg fant det mest relevant å intervju aktørar som eg oppfatta som informerte, engasjert i, samt med påverknadskraft på omstillingsprosessen. Bedriftene vart, som sagt, valt med utgangspunkt i at dei skulle representere dei mindre synlege bedriftene på staden. Med tanke på at eg ved enkelte tilfelle følgde informantar sitt forslag om andre aktørar eg burde intervju, spesielt med tanke på utvalet av næringsaktørar, kan det tenkast at utvalet vart avgrensa. Problemet kan då vere at fokuset vart retta mot dei aktørane som opplevde framgang og utvikling, og som dermed framstille staden og omstillingsprosessen på ein positiv måte. Dette var eg bevisst på, og prøvde å styre utvalet mitt inn på næringsaktørar eg mente kunne representere andre synspunkt. Intervjuet tok slutt når eg møtte eit meetingspunkt der eg opplevde at informantane ikkje tilførde noko nytt i intervjusituasjonen (Thagaard, 2003).

Det er mogleg at ville eg ha fått tilgang på anna kunnskap gjennom at hovudvekta av datamaterialet var basert på observasjon i felt, eller på innsamla skriftleg dokument. På den andre sida har slike kjelder vore ein del av mitt datamateriale, noko som gjer at eg i stor grad

har hatt breidde i mi tilnærming, og dermed fått kunnskap gjennom ulike medium. Ei forståing av staden og omstillingssprosessen ville også blitt oppnådd gjennom større fokus på å kartlegge endringar. På den andre sida er metodiske verktøy, som sagt, valt i samsvar med min teoretiske posisjon med fokus på korleis aktørar representerer Høyanger og Høyanger i omstilling. Slike representasjonar kom til syne gjennom intervju, skriftlege kjelder og observasjon av samtalar om temaet. Eg meiner difor at eg gjennom desse metodane har klart å gripe den data som trengs for å belyse mine problemstillingar.

4.6 Oppsummering

Å produsere data er ein spennande og interessant prosess. I dette kapittelet har eg gjort greie for val av metode, den metodiske prosessen for innsamling av data, korleis data har blitt produsert, samt dei analytiske verktøya for vidare tolking og analyse. Datainnsamlinga har gått føre seg gjennom bruk av intervju, innsamling av skriftleg materiale, samt observasjon med og utan deltaking. Ein metodisk prosess vil likevel, som forklart, alltid vere farga av forskaren. Eg har difor drøfta faktorar som kan ha påverka mi datainnsamling, samt den vidare tolkinga.

I dei neste tre kapitla vil eg analysere mitt datamateriale. Kapitla vil vere strukturert etter underproblemstillingane (jf. kap. 1.3). Teori og empiri vil bli drøfta opp mot kvarandre ved å ta i bruk ulike informantar sine utsegn, samt andre empiriske kjelder. Eg vil først og fremst støtte meg på Neumanns tre skritt for diskursanalyse, samt dekonstruksjon for å finne dei ulike fortolkingar gitt stad og omstilling. Eg vil i tillegg gjere greie for kva meiningsinnhald dei ulike aktørane gir stad, samt stad i omstilling. Her vil eg trekke inn semiotikk som analytisk verktøy.

Kapittel 5: Industristaden Høyanger

"Når eg rusla oppantifrå og kjem inn byporten i Høyanger, så får eg ei kjensle av at det er litt internasjonalt, litt urbant. Folk er litt annleis. Byen er litt annleis. Fabrikkane og dei flotte husa. Det er noko med Høyanger som er innanfor portane, og ikkje minst folka, altså. Men det kan hende eg har det med meg frå barndommen, for eg kjem jo frå ytre Sogn, og første tettstad, eller bysamfunn eg møtte var Høyanger. Folk snakka annleis og oppførte seg annleis. Så var det butikkar. Så det er mulig at det er noko som heng at i meg i frå den tida. Men det er også andre som har sagt det". (Informant 6)

5.1 Innleiing

I dei føregåande kapitla har eg presentert mine problemstillingar, konteksten oppgåva skal løysast innanfor, samt det metodiske og teoretiske rammeverket for vidare analyse. I dei neste kapitla vil eg analysere og tolke mine empiriske data. Analysedelen startar med å gjere greie for det dominerande narrativet om Høyanger, og korleis dette kjem til uttrykk i aktørars artikulering. Eg vil hevde at narrativet er knytt til Høyanger si industrielle utviklinga, og framstiller staden med kompetanse, fordelar og forankring til industri. For å gripe narrativet fokuserar eg på korleis omstillingaktørar, forstått som aktørar som arbeider med omstiling, artikulerar staden i tilknyting til stad- og næringsutvikling. Neste kapittel vektar korleis Høyanger i endring og omstilling narrativiserast. Her vil eg hevde at staden i mindre grad vert kopla til Hydro sin aktivitet, og i større grad til alternative verksemder, mangfold og dynamikk. Siste analysekapittel omhandlar korleis konstruksjon av stad endrar aktørars kvardagslege samhandling, representerast gjennom praksisar, og formar Høyanger som lokalitet. Kva nye former for praksisar, samt materielle endringar fins, og korleis kan desse sjåast i samanheng med korleis stad narrativiserast?

Fokus på korleis stad konstruerast inneber å inkludere meininger, praksisar og lokalitetar som vert representert i lokale aktørar si artikulering (Pannelli, 2001). Med andre ord må stadkonstruksjon sjåast i samanheng med den kulturelle konteksten lokale aktørar er del av, samt korleis dei forstår og handlar i verda (Andrews m.fl., 2004). Til saman vil representasjonar, artikulert og gitt mening gjennom praksisar, samt materielle lokalitetar,

konstruere forståinga av Høyanger. Gjennom ei slik tilnærming skal eg svare på mi første problemstilling:

- *Kva er det dominante narrativet om staden Høyanger?*

5.2. Industristaden Høyanger; Historie, kultur, og næringsliv

I følgje Berg og Dale (2004) er konstruksjon av stad alltid relatert til produksjon, då særleg fortidas produksjon. Fortidas næringskultur og struktur pregar stad og staden sin identitet, og dermed ulike vurderingar, val og tiltak. Det gir stad ein sosialt konstruert identitet som ligg forankra hos aktørar både i og utanfor staden (Vestby, 2004). Ei slik forståing inneberer at stad blir gitt mening av aktørar i tilknyting til den dominante næringsaktiviteten som eksisterar, og har eksistert. I framstillinga av Høyanger vekta informantane til dels ulike forståingar, men også felles indikatorar, som kan sjåast i samanheng med den dominante næringsaktiviteten. Eg vel å starte med å gjere greie for representasjonane av stad, artikulert og gitt mening, gjennom korleis informantane beskriv staden si historie.

5.2.1 Ei betydningsfull historie

I 1890-åra var Høyanger eit jordbruksamfunn som, i løpet av 20 år med industrireisning, utvikla seg til å bli ein av dei største tettstadane i fylket (jf. kap.2.3). Ei slik historie har eg sjølv vokse opp med, noko som gjer at eg har fortolka notidas Høyanger i tilknyting til industri. Industri har vore identitetsmerke og definert oss som innbyggjarar og lokalsamfunn. Historia, knytt til framveksten av industri, og ein industristad, kom også sterkt til syne i informantane sin måte å representera Høyanger. Ein informant beskriv staden slik;

"Eg vil beskrive Høyanger som eit velregulert bysamfunn, så tidleg etablert som i 1916-17, i bølgja etter Odda, Tyssedal, Sauda, Rjukan, Notodden. Samfunnet er veldig regulert, og har eit veldig markert innslag av såkalla "egne hjem" der arbeidarane tidleg fekk kjøpe eigne hus. Høyanger er fortsatt prega av det. Høyanger var første byen i Sogn, hadde asfalterte gater på femtitalet. Var på mange måta eit veldig moderne samfunn, viss du ser på bygdene omkring. Høyanger er bygd opp på følgjande milepela. Industri, industri, industri." (Informant 2)

Sitatet illustrerer at informanten fortolkar Høyanger som eit industrisamfunn, med sterk tilknyting til industri, samt den industrielle etableringa i 1916. Staden konnoterast med utgangspunkt i hendinga, noko som vidare legg føring på framstillinga av Høyanger som eit bysamfunn, bygd opp og forma av industri. Den industrielle utviklinga forma staden materielt, gjennom at ein fekk asfalterte gater og hus. Ei utbygging som vart regulert og styrt av den dominante næringsaktøren, Høyanger Verk (jf. kap. 2.2). Representasjonane av stad, knytt til industri og industriell utvikling, får vidare mening ved at Høyanger blir kategorisert saman med stadar med liknande historie og bakgrunn. Stadane blir metaforar som strukturerar meiningsinnhaldet informanten kommuniserar om Høyanger. Vidare vert materielle eigenskapar trekt inn i framstillinga. "Egne hjem" gir stad mening som industristad, ved at dei symboliserar korleis industrien har vore, og er, ein del av historia. Industri blir dermed, gjennom å ha bygd opp og forma staden, forstått som grunnlaget for staden sin eksistens. Ei slik forståing kan vidare illustrerast gjennom ein annan informant si framstilling;

"Høyanger er den eldste industristaden i Noreg omtrent. Høyanger hadde 150 innbyggjarar i 1915, og i løpet av to år hadde dei 1400 innbyggjarar. Høyanger er jo framleis industri. Det har jo alltid vert industri som har vert Høyanger sin hovudnæringer". (Informant 1)

Sitatet gir, saman med sitatet ovanfor, stad eit meiningsinnhald knytt til industri. Ei artikulering av Høyanger som ein av dei eldste industristadene i Noreg illustrerer at informanten opplever historia som eit viktig moment i framstillinga. Ved å representere staden som industri, kan ein forstå historia som styrande for informanten si fortolking. Industri og den industrielle utviklinga, blir teikn som kommuniserar korleis informantane fortolkar Høyanger. Historia før 1916 er ikkje vesentleg i framstillinga. Andre sitat kan byggje opp under forståinga;

"Høyanger er ein av dei eldste industristadane i landet" (Informant 3).

"Vi er jo tradisjonelt eit industrialsamfunn" (informant 4).

Delar av konstruksjonen av Høyanger må difor sjåast i samanheng med den industrielle utvikling, og hendinga i 1916. Industri kommuniserar mening om ei historie som definerar staden, gir den ein identitet, gjer den unik, og dermed lik andre stadar kategorisert som

einsidige industristadar. Som Lysgård (2001) hevdar, må representasjonar av stad sjåast i samanheng med den historia staden, og aktørar på staden, er del av (jf. kap.3.2). Gjennom å kategorisere stad saman med stadar med liknande historie og tradisjon, skil dei samtidig staden frå stadar med anna historie og bakgrunn. På den måten definerar informantane kva Høyanger er og ikkje er. Ei forståing av at historie, til saman med tradisjon gjer staden unik, kan illustrerast gjennom eit anna sitat, der informanten trekkjer inn stoltheit i tilknyting til historia, samt korleis dette gir staden eigenart;

”Eigenarten til Høyanger er at vi har ein sterk stoltskap rundt det at vi bur på ein plass som vart etablert for å skape industri” (Informant 5).

Korleis aktørar representerar stad i tilknyting til den historisk dominante næringsaktivitet gjer også Pannelli (2001) greie for i sitt studie av lokalsamfunnet Duaringa. Her illustrerer ho at funksjonar, lokalitetar og aktivitetar lokale aktørar artikulerte i si framstilling av staden i stor grad symboliserar eit meiningsinnhald knytt til jordbruket si historiske dominante rolle. Representasjonane av Høyanger i tilknyting til ei industriell utvikling tolkar eg difor som å vere ein del av narrativet ”industristaden Høyanger”. Representasjonane strukturerast av materielle eigenskapar utvikla gjennom historia av konsum og produksjon. Framstilling av Høyanger kan difor sjåast i samanheng med Halfacree si forståing av ruralt rom (jf.kap.3.4.3), og korleis materielle eigenskapar, samt praksis gir stad meining. Forteljinga om industristaden Høyanger byggjer i tillegg på andre representasjonar. Neste avsnitt vil ta for seg korleis informantar konstruerar stad gjennom å artikulere og representera den i tilknyting til industriarbeidarkultur.

5.2.2 Ein dominante industriarbeidarkultur

I følgje Berg og Lysgård (2004) er bygder karakterisert som ”einsidige industristadar” tradisjonelt dominert av ei ”lønnsarbeidarlivsform”. Ein slik kultur kan forståast som eit hinder for at entreprenørskap og nyskaping har ”rett” til å eksistere, og kan sjåast i samanheng med eit rådande likskapsideal, forma av dominante politiske og ideologiske retningar. Innanfor ein slik kontekst blir sjølvstendig næringsaktivitet oppfatta som å stride mot den rådande ideologien, og slike praksisar blir oppfatta som ”out of place”. Med andre ord er dei ikkje akseptert i konteksten dei er del av, og opplever reaksjonar frå resten av samfunnet (jf. kap.3.3.1). Ein stad sin kultur og ideologi kan difor forståast som determinerande på kva

praksisar som er akseptert ved at stad uttrykker eit bestemt meiningsinnhald som definerar kva som er tillate og ikkje (Cresswell, 1996). Industristaden Høyanger narrativiserast av informantane gjennom ulike representasjonar som knyt seg til ein dominerande industriarbeidarkultur. Ein slik kultur er ein viktig del i framstillinga av kvifor det, i liten grad, eksisterte entreprenørskap og nyskaping. Ein informant si artikulering illustrerer korleis den dominerande industriarbeidarkulturen er styrande for kva praksis som er akseptert. Informanten fortel;

"Dei som ikkje har søkt arbeid på verket eller på Fundo har vore sett på som outsiderar. I dette samfunnet her så er det tre, fire, fem familiar så frå historia si side har hatt rett, i hermeteikn, til å drive butikk og handel. Det var familiar som var her før 1920. Visst du som ung og framandstormande slo deg opp i Årdalsamfunnet, og ikkje minst i dette samfunnet, på at du var føretaksam og ville drive butikk, skulle du passe deg. For det var ikkje heilt kultur for det. Det var mykje meir reinhaldig å jobbe fem skift på verket, enn å drive butikk. Viss du da i tillegg dreiv godt så kunne "bygdedyret" vere der. Jantelov og den typen ting" (Informant 2).

Informanten representerar her staden gjennom ein kultur som er styrande for kva praksisar som aksepterast. Aksepterte praksisar er arbeid knytt til dei to største næringsaktørane på staden, noko som byggjer opp under forståing av at industriarbeidarkulturen dominerte og la føringar på stadens ideologi (jf. Kap 3.3.1). Femskift blir, av informanten, framstilt som meir reinhaldig enn andre typar praksis. Ved å forstå denne typen praksis slik, kan ein tenkje seg at andre typar praksis blir oppfatta som å stride mot dei dominerande rolleforventingane, og framstilt som "skittent", unormalt, og dermed reagert på. Andre formar for praksis gjorde at ein vart sett som "outsider". Omgrepet "outsider" innehar konnotasjonen annleis, eller ikkje ein del av resten av samfunnet.

Ei slik framstillinga byggjer eigne opplevingar opp under. For meg og mine klassekameratar innebar studierettleiinga, siste året på ungdomsskulen, at ein representant frå Hydro møtte opp og anbefalte kjemi og prosesslinja som riktig utdanningsval. Eit slikt val vart framstilt som riktig med tanke på i framtida å ha høve til å bu og arbeide i Høyanger. Andre val vart framstilt som å ikkje gi same moglegheit. Kjemi og prosess vart knytt til dei "riktige" praksisane, og ville gi høve for å arbeide "femskift" på Høyanger Verk eller Fundo Wheels,

der slike fagbrev er relevante. Framstillinga av våre moglegheiter på staden var dermed knytt til å oppnå status som ”arbeidar”, og ikkje andre yrkesval og dermed andre praksisar.

Aksept av andre former for praksis er knytt til individ sin historiske status. Høve til å drive sjølvstendig næringsverksemd er dermed avhengig av at ein tilhører staden på andre premissar enn resten av innbyggjarane ved at, til dømes, familien har vore del av samfunnet før industrireisinga. Praksisar som strida mot det dominerande meiningsinnhaldet på staden, innebar reaksjonar gjennom ”bygdedyret”, forstått som sosial ekskludering, manglande støtte og latterliggjering. Slike reaksjonar vart sterkare i dei tilfella der sjølvstendig næringsverksemd var ein suksess. Sjølvstendige næringsaktørar vart oppfatta som ”kapitalistar” med negativt forteikn. Slike aktørar, har eg opplevd at er vanleg ”å riste på hovudet av” når dei tar ut utbytte frå verksemda, kjøper seg ein ny bil, eller på andre måtar framstiller at dei har hatt suksess med eiga verksemnd. Viss verksemda, ved seinare høve, gjekk därleg vart dette forstått som fortent og rettferdig.

Å jobbe for eigen suksess og ikkje for fellesskapet vart dermed tolka som å stride mot eit likskapsideal. Den ”vanlege arbeidar” skulle ikkje vere sjølvstendig næringsdrivande, fordi han i utgangspunktet ikkje hadde ”rett” til dette. Ei slik framstilling må sjåast i samanheng med eit tidlegare sterkt eksisterande klassekilje. Representasjonane av stad i tilknyting til ein dominerande industriarbeidarkultur kommuniserar dermed mening knytt til likskapstenking og felles moglegheiter og utgangspunkt. Difor blir praksisar knytt til sjølvstendig næringsaktivitet forstått som i stor grad individualistisk. Stad blir gitt mening gjennom ei industriarbeidarkultur, og forstått som bygd av og for arbeidarar. Ved eit seinare høve fortel same informant;

”Det er ikkje til å legge skjul på at barsk industrikultur kombinert med at turistar har vore ei pest og ei plage, eller ikkje har vore satsingsområde, verken i Årdal eller i Høyanger. Det har ikkje vore kultur for det” (Informant 2).

Informanten gir her stad mening ved å vise til barsk industrikultur. Barsk industrikultur blir forstått som den dominerande ideologien som rår på staden, og tilhøyrande stadar som Høyanger og Årdal. Meiningsinnhaldet som ein slik representasjon kommuniserar er manglande aksept for alternative satsingar, til dømes turismebasert næringsliv. Dette har blitt forstått som å stride mot det dominerande idealet gitt staden, som ein stad knytt til industri.

Alternativ tenking har blitt mottatt negativt, og kultur for endring eller forsøk på endring har vore fråverande. At industriarbeidarkulturen framstilla som barsk forklarar at individ som vel å handle i strid med den dominerande ideologien opplev at dei oppfattast som annleis enn resten av innbyggjarane. Ein annan informant forklarar;

"Eg har sagt på spørk at ein ikkje har tenkt ein ny tanke i Høyanger sidan 1915. Når det har gått så godt økonomisk, så har det ikkje vert behov for entreprenørskapskultur i Høyanger. Eg føler det er noe ein er nøydt til å sette meir pris på. Det er jo folk, som har veldig trong for å utvikle ideane sine, men Høyanger har ikkje vert staden for det. Eg trur det generelt er vanskeligare, alltid har vert vanskeligare å vere gründer og å ha nye idear i Høyanger. Ein har ikkje tradisjon for det, og ein ser ikkje verdien av det. Den industriarbeidarkulturen. Eg føler det er et kulturprodukt like mye som et økonomisk produkt" (Informant 1).

Informanten framstiller her industriarbeidarkulturen som forklarande for kvifor Høyanger ikkje har tradisjon for, eller ser verdien av praksisar knytt til entreprenørskap og nyskapning. Konnotasjonen av industriarbeidarkultur er vanskar med å få gehør for praksisar som bryt med den eksisterande ideologien, samt manglande verdsetting av slike typar aktivitet. Praksisar som eksisterar gir dermed representasjonane av stad innhald og mening, ved at Høyanger blir artikulert som ein stad der det er vanskeleg å vere gründer, samt ha nye idear. Forklaringa om at god økonomi har gjort behovet for entreprenørskap unødvendig illustrerar ei forståinga av industrien som "motoren". Samtidig har den økonomiske utviklinga forma kulturen og menneska, og dermed kva som oppfattast som bra eller dårlig praksis. Ei slik forståing kan sjåast i samanheng med Vestby (2004) si forståing av at fortidas næringsstruktur pregar ein stad sin identitet. Ein representant frå næringslivet utan tilknyting til industri styrkar forståinga av at ein opplev reaksjonar på å velje alternative retningar og handlingar. Informanten fortel;

"Det er sikkert mange som snakka drit om oss, janteloven, men det bryr vi oss ikkje om. Det er sikkert dei som har reaksjonar på det vi driver med. Men vi kan ikkje bry oss skal vi holde på i Høyanger". (Informant 5)

Sitatet byggjer opp under forståinga om at den dominerande industriarbeidarkulturen gjer stad eit ideologisk innhald som ikkje opnar for alternativ næringsverksemd. Reaksjonar på alternativ næringsverksemd kjem til uttrykk gjennom "jantelova". Jantelova innehar

konnotasjonar av negative reaksjonar, manglande støtte, latterleggjering, samt sosial regulering.

Til saman visar sitata ovanfor korleis Høyanger vert representert og gitt meinings i tilknyting til ein dominante industriarbeidarkultur. Industriarbeidarkulturen vert framstilt som eit hinder for praksisar knytt til nyskaping og entreprenørskap ved at den har skapt ein ideologi knytt til likskapstankegang. Ein slik forståing inneber at praksisar som vert oppfatta å stride mot dette meiningsinnhaldet opplever reaksjonar. Alternative praksisar kommuniserar verdiar som strid mot staden sitt meiningsinnhald (sjå Cresswell, 1996).

5.2.3 Historie og kultur gjer Høyanger god på industri

Høyanger artikulert gjennom ei betydingsfull historie, samt ein dominante industriarbeidarkultur, informerar vidare representasjonar av stad med sterke fordelar innanfor industri og industriell utvikling. Representasjonane må sjåast i samanheng med korleis sosiale og kulturelle prosessar har forma aktørar si fortolking, eller korleis aktørars framstilling av Høyanger vert strukturert av korleis dei opplever og brukar staden, og dermed kva dei oppfattar som ein god stad, samt god stad- og næringsutvikling (Røe, 2002). Artikuleringa av staden sine fordelar byggjer sterkt på staden sine eksisterande materielle eigenskapar. Ein informant artikulerte si fortolking av stadens fordelar og ulemper slik;

"Det har jo alltid vert industri som har vert Høyanger sin hovudnæringer, og vi må bare sjå i auga at vi er ikkje så himla gode på så mye anna. Vi har ikkje landbruk. Vi er ikkje gode på turisme. Vi har ein jævla god industrikompetanse. Høyanger har aldri vert gode på småbedrifter. Høyanger har industriarbeidarkultur. Det har gått i arv. Det har mykje med tradisjon å gjere. Fastlåste mønster i hovudet til folk. Vi har jo ikkje noko særleg mykje landbruk, i vert fall ikkje her i sentrum. Vi er ikke noko god på turisme. Kunst og den typen ting har jo aldri vert noe greie, ikkje sant" (Informant 1).

Styrken og kompetansen til stad blir her forstått som industriell kompetanse. Ein slik kompetanse blir grunngjeve ved å vise til historia og kulturen på staden, og informant framstiller den som staden si arv. Arv inneber ei forståing av at næringsaktivitet knytt til industri er vanskeleg å endre, fordi industri er staden sin tradisjon, sitt identitetsmerke, samt fordelane gitt gjennom historia. Artikuleringa formidlar vidare sterk stoltheit til arven,

kulturen, og kompetanse i tilknyting til industri, og industriell næringsverksemd. Dette blir forklarande for kvifor staden ikkje er god på småbedrifter. Industri blir ikkje oppfatta som småskalaindustri, men som dei to dominerande bedriftene. Det som tradisjonelt har vore den dominerande næringsaktiviteten på staden legg dermed sterke føringar på kva informanten tolkar staden som god på. Ein kan dermed stille seg spørsmålet om informanten ynskjer satsing på næringsaktivitet som strider mot arv, kultur, tradisjon og historie.

Når informanten framstiller staden som god på industri blir den samtidig kategorisert som dårlig på andre typar næringsaktivitet. Informanten framstiller Høyanger som ein stad som ikkje er god på landbruk og turisme, eller næringsaktivitet som nabokommunane er forstått som god på. Fortolkinga er mogleg å stille spørsmål til, ved at det i bygdene rundt Høyanger tettstad eksisterar mykje landbruk, og dermed kompetanse innanfor slik næringsaktivitet. Likevel oppfattar informanten at dette ikkje fører til same verdiskaping. Høyanger blir forstått som annleis enn bygdene rundt, med andre fordelar og kvalitetar. Meiningsinnhaldet knytt til staden sine fordelar og ulempar blir dermed informert av praksisar knytt til den dominerande næringsaktiviteten, samt den materielle utviklinga desse praksisane har ført med seg. Industriarbeidarkulturen, saman med den industrielle historiske utviklinga gir stad ei bestemt mening, og konstruerar eit bilde av kva Høyanger oppfattast som god på og ikkje. Ein annan informant byggjer opp under ei slik forståinga ved å sei;

"Det har vore kultur her for å ha vore gode på industri, og ikkje på så veldig mykje meir enn det. Det har nok, og prega nok samfunnet når ein går inn i ei moderne tid. Det skal seiast at i Høyanger så har både mann og kvinne i hushaldninga fått arbeid viss dei vil. Det har vore tilnærma full sysselsetting her i mange år. Vi har ingen kultur på å vere sterke og tunge på handel, tenesteyting, spesielt ikkje servicebasert tenesteyting" (Informant 2).

I likskap med ovanfor framstiller informanten Høyanger med fordelar innanfor industri. Ei slik forståing blir artikulert gjennom å vise til kulturen, samt praksisar som historisk har vore til stades. Ved å trekke fram praksisar knytt til full sysselsetjing forklarar informanten at kultur for å vere god på industri har hindra entreprenørskap og nyskaping. Behovet for alternative arbeidsplassar har ikkje vore til stades. Slike praksisar blir forstått som å ha forma staden fram til i dag, og dermed knytt dei framtidige fordelane seg til ei framtidig industriell utvikling. Ei slik forståing kom også til syne når eg diskuterte Høyanger i omstilling med arbeidskollegaer på Hydro Aluminium/Høyanger Verk. Når eg spurde kva dei opplevde som

iktig for Høyanger i omstilling, var dei fleste einig om at det var viktig at ein ikkje gløymde at staden hadde sin kompetanse innanfor industri. Ein annan informant fortel;

"vi har ein vesentleg forskjell frå andre stadar, som er eit stort pre for oss når vi skal etablere nye bedrifter, og det er at folk her er vande til å arbeide skift. Ein av grunnane til at ERAS kom hit var jo at samfunnet fungerte fireogtjue tima i døgnet. Denne biten er eit stort pre for oss på etableringssida altså. Det er to element i det. Det eine er at vi hadde fabrikkbygningen ståande, vi hadde kai, veldig bra logistikk, også skiftarbeid, og så tildelte vi dei konsesjonskraft. Vi har ein fullstendig infrastruktur. Dei slepp å tenke på at dei skal ha vedlikehaldstenesta. Alt sånt ligge innanfor området". (Informant 4)

Informanten konstruerar her staden gjennom å vise kva som skil Høyanger frå andre stadar. Ei forståing av at både praksisar og materielle eigenskapar som eksisterar gir Høyanger fordelar i tilknyting til den vidare utviklinga, blir artikulert gjennom skiftarbeid, fabrikkbygningar, infrastruktur, vedlikehaldstenestar, og så vidare. Ei slik fortolking byggjer på at industriell utvikling skal vere større industrielle etableringar, med relativt mange arbeidsplassar knytt til seg. Praksisane, til saman med det materielle eigenskapane, illustrerar at informanten konstruerar staden sine fordelar i tilknyting til den kompetanse dei to største bedriftene har etablert på staden, samt korleis desse bedriftene har forma staden materielt. Fordelar i den framtidige utviklinga er dermed ikkje bare knytt til industrirelaterte verksemder, men industriverksemder tilsvarande Hydro Aluminium og Fundo Wheels. På den andre sida vil det vere like sannsynleg at Høyanger har sine konkrete materielle fordelar i tilknyting til turistrelaterte næringar, ved å ha enkel tilgang til fjellområde, samt ei sentral lokalisering langs Sognefjorden.

Ei slik forståing ligg djupt forankra hos ulike aktørar. Ved eit høve diskuterte eg Høyanger si framtidige utvikling med personar busett i nabokommunen Balestrand. I forsøket på å argumentere for at Høyanger, i framtida, hadde høve til å bli like dyktig på turismebasert næringsaktivitet som dei, fekk eg spørsmålet: *"Kva skal Høyanger vise fram? Hydro sitt verksamråde?"* Høyanger vart fortolka synonymt med Hydro Aluminium. Når eg argumenterte for at Høyanger var ein stor kommune i areal gjekk debatten inn på om det fantes kompetanse til fremje slike typar næringsaktivitet. Høyanger vart fortolka som god på industri, og som därleg på andre typar næringsaktivitet. Andre ressursar og alternative

kompetanse som eksisterar var ikkje ein del av framstillinga. Ein annan informant forklarar korleis historia og kulturen har skapt stadspesifikke fordelar;

"Det går jo på historie og tradisjon, og da som skjedde i 1916, med utbygginga du fikk, og det er klart at ein er veldig sterke på dette, og har jobba masse innanfor dette område. Og lukkast kanskje betre her enn på mange andre områder. Dette er ein sterk på. Da går den retninga". (Informant 6)

Informanten konstruerar her stad i tilknyting til historie og tradisjon, samt forma materielt av hendinga som fann stad i 1916. Informanten vektlegg korleis utviklinga har gjort staden sterk på områder relatert til industri, og dermed at dette er eit område ein lukkast med i større grad enn andre. Ei slik forståing illustrerer at informanten i stor grad koplar og opplev staden sine fordelar i tilknyting til fortidas næringsstruktur, eller historia av produksjon og konsum aktivitetar. Korleis aktørar brukar staden formar dermed fortolkinga av kva som er god, eller riktig utvikling (Røe, 2002). Vidare fortel informanten;

"Det er først og fremst heilheita, infrastrukturen i eit samfunn som bestemme den vidare utviklinga, ikkje sant? Menneskelege ressursar. Infrastruktur i form av område, alt som går på kommunikasjon og infrastruktur. Her er det eit industrimiljø, det er ein kultur for skiftarbeid" (Informant 6).

Sitatet illustrerer, i likskap med ovanfor, ei forståing av staden som god på industri, samt med fordelar innanfor industriell utvikling. Informanten konstruerar stad i tilknyting til korleis den står fram som heilskap. Informanten forstår samfunnet som heilskap gjennom ulike faktorar som utgjer staden sin dynamikk, til dømes det industrielle miljøet, samt ein skiftarbeidarkultur. Menneskelege ressursar konnoterast med industrielle kompetanse, og infrastruktur med eksisterande industriområde som fabrikkbygningar, kaianlegg, og så vidare.

Dei ulike måtane å representera stad framstiller Høyanger som god på, samt med sterke fordelar innanfor industri og industriell utvikling. Stadkonstruksjonen strukturerast av konkrete materielle eigenskapar, samt gjennom praksisar som industrianbeidarkultur, til dømes i form av skiftarbeid. Den industrielle kompetansen vert knytt til staden si historie. Næringslivets kompetanse assosierast i hovudsak med industriell produksjon, og ikkje servicebaserte tenestar knytt til industri, noko som eksisterar gjennom bedrifter som sel

veldikehaldsrelaterte tenestar, samt Hydro sin tidlegare administrative del. Staden vert framstilt med fordelar i tilknyting til industriell produksjon, der skiftarbeidarkultur, til saman med industriarbeidarkultur, kommuniserar kva meining ein legg i staden sine fordelar.

Konstruksjonen av staden sine fordelar og ulemper må dermed sjåast i samanheng med representasjonane av Høyanger knytt til ei industriell historie, samt Høyanger prega av ein dominerande industriarbeidarkultur. Ei forståing av fordelar og ulempar kan vidare sjåast i samanheng med kva dei ulike aktørane opplever som mogleg å fremje med tanke på å tiltrekkje seg og potensielle næringsaktørar (jf. kap. 3.3.2). Artikuleringa av spesifikke praksisar, samt materielle eigenskapar viser at informantane opplev det mest sannsynleg å tiltrekkje seg næringsaktørar som finn industrirelaterte fordelar relevant for si verksemd.

5.3 Konklusjon

"Fortidens næringskultur og næringsstruktur er med på å prege mange steders identitet, enten det er industri, skogsdrift eller handel det deier seg om. Dels vil en kunne finne spor av dette i fysiske minnesmerker, dels finner en at lynne og den mentale innstillingen er preget av historien" (Vestby, 2004:9).

Informantane vektlegg historia i si framstilling og fortolking av Høyanger. Kva meiningsinnhald historia kommuniserar vert illustrert når informantane kategoriserar staden saman med andre "einsidige industristadar", eller stadar forstått som å ha liknande historie og utvikling. Framstillinga av Høyanger knytt til ein dominerande industriarbeidarkultur representerast gjennom å vise til kva praksisar som er akseptert. Industriarbeidarkulturen gir dermed ei forståing av staden sin rådande ideologi. Konstruksjonen av stad som god på industri, samt med fordelar innanfor industriell utvikling, byggjer på dei tidlegare representasjonane. Til saman utgjer dei eit narrativ "industristaden Høyanger" ved at representasjonane vert sett saman i sekvensar til ei forteljing som forklarar kvifor Høyanger eksisterar slik det gjer i dag, samt kva som er riktig utvikling i framtida. Ei slik forteljing vert fortolka og framstilt som sann. Representasjonane fell dermed inn under Neumann (2001) si forståing av at enkelte representasjonar er meir bestandige, eller vanskelegare å endre enn andre. Representasjonane oppfattast som faktum, og avgjer kva handlingar som blir gjort relevante eller utenkeleg.

Gjennomgangen ovanfor visar vidare at stadtkonstruksjon er prega av fortidas næringskultur og næringsstruktur. Representasjonane artikulerast og strukturerast av korleis informantane tolkar praksisar og materielle eigenskapar ved staden (jf. kap.3.5). På den andre sida presenterar datamaterialet eit motgåande narrativ knytt til stad i endring og omstilling. Narrativet byggjer på narrativiseringa av industristaden Høyanger, men peikar også fram mot det nye Høyanger, eller stad i endring. Narrativet kan knytast til korleis aktørar ynskjer å promotere staden i ei ny tid (jf.kap.3.3.2).

Kapittel 6. Narrativet om nye Høyanger

6.1 Innleiing

Før omstillingsvedtaket, når Hydro sitt vedtak om å ikkje fornye produksjonen i Høyanger var på plass, kunne ein lese i ein kronikk i lokalavisa Ytre Sogn (26.sep.2003): *Nå startar den virkelige kampen! Er det virkelig sånn at ledelsen i Hydro er mer opptatt av utviklinga på Oslo Børs enn av de lokalsamfunn en er i ferd med å rasere? Er det virkelig slik at ledelsen er mer opptatt av aksjonærrens avkastning? Dersom så burde den største aksjonären, staten, si i fra at den ikkje er tjent med å få noen ekstra kroner mer for sine aksjer, når sluttregningen for en rasering av et lokalsamfunn til slutt kommer på deres bord.* Tre år seinare vart Høyanger si framtid framstilt slik; ”*Eg trur at vi kan utvikle oss til å bli den mest spanande småbyen i heile Noreg*” (Informant 6). Dei to sitata illustrerer at framstillinga av situasjonen i Høyanger har endra seg. Hydro si avgjersle blir ikkje lenger forstått som øydeleggjande, men heller at den påfølgjande omstillingsprosessen gir Høyanger høve til å utvikle seg til den mest spanande småbyen i Noreg. Inneber dermed Hydro sitt vedtak, og den påfølgjande omstillingsprosessen, at fortolkinga av staden er i endring? Kapitlet skal sette fokus på slike spørsmålsstillingar gjennom problemstillinga:

Korleis influerar Hydro si avgjersle om å fase ut delar av verksemda, og den påfølgjande omstillingsprosessen, til endringar i korleis Høyanger som stad narrativiserast?

Kapitlet fokuserar på korleis informantar, og andre kjelder, diskursivt konstruerar enkelte moment ved staden som i endring. Som tidlegare vektar eg faktorar som kan forståast som å fremje eller hemme framtidig utvikling. Gjennom artikuleringa av endringane oppstår ei forteljing om ”nye Høyanger”. Dette narrativet visar tilbake til ”industristaden Høyanger”, men inneheld også moment som indikerar at stad konstruerast ulikt. Framstillinga kan, i ein slik kontekst, forklarast med utgangspunkt i korleis aktørar ynskjer å promotere stad, eller gjere stad attraktiv for næringsaktørar, samt potensielle innflyttarar (jf. kap.3.4.2). Narrativet må difor sjåast i samanheng med ein meir generell trend i samfunnet knytt til kva som forståast som å gjere rurale stadar attraktive. Før eg gjer greie for narrativet ”nye Høyanger”

er det relevant å sjå korleis omstilling og omstillingsprosessen blir tolka og gitt mening av ulike aktørar.

6.2 Stad i omstilling

Korleis informantane forstår omstilling og omstillingsprosessen grip om korleis dei gjennom omstilling forstår den framtidige utviklinga til staden. Hoggart og Paniagua (2001:3) meinar at omstilling må tilnærmaast som ein prosess som *"are both inter-related and multi-dimensional in character"*. Omstilling inneber dermed fundamentale endringar i ulike sfærar ved livet, der prosessar er kausalt linka saman. Endringar er altomfattande, og knytt til både den sosiale, kulturelle og økonomiske sfæren på ein stad. I framstilling og fortolking av Høyanger i omstilling vekta informantane alternativ tenking, utvikling, endring og nyskapning.

6.2.1 Omstilling forstått som alternativ tenking, nyskapning og endring

Informantane framstilte omstilling som ein prosess, og dermed at forståinga av kva omstilling inneber endra seg over tid. Endringa i omgrepets sitt meiningsinnhald kan forklara utifrå den endra situasjonen til staden. Som nemnt (jf. kap.2.1) fekk Høyanger omstillingsstatus som ein konsekvens av Hydro si avgjersle om å leggje ned delar av produksjonen. Oppnåing av statusen var eit resultat av arbeidet for å fremje ei forståing av stad i krise. I perioden rundt Hydro si avgjersle, og den påfølgjande omstillingsstatusen, vart dermed Høyanger framstilt som eit samfunn utan sjanse til å overleve Hydro si nedtrapping. Eg sjølv, som budde i Bergen, fekk inntrykk av at avgjersla ikkje berre innebar stenging av delar av Hydro sin produksjon, men *"kroken på døra"* for eit heilt lokalsamfunn. Eigendommar vart sold til spottpris fordi folk ville unngå å vere låst i Høyanger når arbeidsplassar forsvann. Innbyggjarar diskuterte framtida og konkluderte anten med å flytte før det var for seint, eller satse på at staden hadde ei framtid. Lokale næringsaktørar la prosjekt på is, til dømes bygging av kjøpesenter, i påvente av kva tiltak og endringar som ville komme. Fotballaget spelte med kryss over logoen til Hydro for å synleggjere avsky til eit konsern som *"svikta"* eit lokalsamfunn, og aksepterte at ein stad som hadde vore med å styrke Hydro mista eksistensgrunnlaget.

I dei siste åra, som sitata innleiingsvis visar, har framstillinga av endringane som hendinga førte med seg vore særer positive og optimistiske. Omstilling, og dei økonomiske midlane kommunen fekk, blir forstått som ressursar som fremjar ei sårt etterlengta utvikling. Når eg reiste attende for å gjere feltarbeid i eigen heimkommune vart dermed omstilling artikulert som stadens sjanse til utvikling og alternativ satsing. Omstillingsstatusen vart forstått som å gi dei ”ekstra musklane” som trengtes for å gjere nødvendige endringar, då knytt til omstillingsmidlar frå statleg og fylkeskommunalt hald, samt Hydrokonsernet. Ein informant artikulerte si forståing av omstilling slik;

”Omstilling var til å begynne synonymt med katastrofeavverging. Her skal vi gjøre effekten av nedlegginga så små som mulig, eller unngå at det går til helvete. Eg føle nå at omstilling går meir på at ein tenke alternativt. Omstilling har blitt synonymt med positivt. For bare et år sidan var det mye meir gravølsstemning enn no. Folk føle at det er mye som skjer. At det er mye nytt som skjer. Nytt positivt, og ikkje bare nytt negativt. Ikkje bare at det gamle forsvann, men noe nytt kom til” (Informant 1).

Informanten artikulerar omstilling som positivt og i tilknyting til alternativ tenking. Konnotasjonen av omgrepet er nyskaping. I Høyanger vert dette assosiert med at staden ikkje lenger er dominert av Hydro aluminium, men i større grad er prega av alternative arbeidsplassar. Ved at endringane blir forstått som positive kan omstilling forståast som synonymt med stad i positiv utvikling. Tidlegare tolkingar, knytt til katastrofeavverging, inneber at prosessen skulle redde samfunnet frå å miste grunnlaget for vidare eksistens. Grunnlaget for vidare eksistens var at Hydro opprettholdt sin aktivitet i lokalsamfunnet. Eit sitat frå tiltaksplanen for partnarskap om omstillingsarbeidet i Flora, Høyanger og Årdal illustrerer dette; *Legger man ned verket i Høyanger kan det vere snakk om 750 færre arbeidsplassar i kommunen og over 1000 i hele regionen. I tillegg kjem ringverknadar i offentleg/kommunal sektor.* (Fylkeskommunen, SFF, 2004). Ei fortolking knytt til katastrofeavverging blir vidare gitt meining gjennom å vise til gravølsstemninga som oppstod når Hydro si avgjersle var på plass. Gravølsstemning blir eit metafor som forklarar sorgprosessen staden opplevde. Ein annan informant byggjer opp under forståinga;

”Høyanger er kommen i omstilling, og omstilling kan vere eit belastande ord. Ein kunne like godt ha sagt at ein er kommen i nyskaping. Altså at vi må skape om til noko nytt. Omstilling blir ofte oppfatta som ”oj, du har fått eit stempel på deg”, du er blitt litt sjuk, pasienten har

fått ein diagnose, her må vi holde oss unna". For det høyres ut som eit traust, gammaldags samfunn, bakoverlent på stolen som har fått ein dødsdom. Eg oppfatta ikkje Høyangersamfunnet slik. Vi har i alle fall ikkje teke vår utfordring rundt omstilling og nyskaping, på den måte. Vi meina at vi har mykje kvalitetar her" (Informant 2).

Stad i omstilling blir her omdefinert frå stad i krise til stad i nyskaping. Informanten forstår omgrepene som belastande. Gjennom metaforar som diagnose, der stad er pasient, blir stad forstått som å mangle dynamikken og evna til utviklinga som trengs for å framstå som eit levedyktig lokalsamfunn. Dette blir bekrefta gjennom artikuleringa av stad i omstilling som eit traust, gammaldags samfunn. Omstilling blir dermed ein diagnose på ein dødsdømt stad i nedgangstider. Dødsdommen vert konnotert med Hydro si avgjersle om å legge ned delar av produksjonen. Informanten artikulerar på den andre sida stad som med kvalitetar og moglegheit for framtidig utvikling. Staden blir forstått som dynamisk, og med kvalitetar gjennom flinke aktørar. Informanten gir dermed omstilling, og stad i omstilling, meining gjennom å representere den som i nyskaping. Andre sitat byggjer opp under den same forståinga:

"Høyanger er ein stad i endring. Dei meiningsberande er veldig positive. Ein er stolt av Høyanger og det ein får til her" (Informant 6).

"Eg trur at Høyanger har kommen ganske langt i den tenkinga på at det er nødvendig å endre. Eg ser ikkje noko mørkt framtidsbilde (Informant 4).

Omstilingsprosessen blir framstilt som noko aktørar er stolt over, og som gjer ein stolt av staden. Ein slik framstilling kan sjåast i samanheng med tilbakemeldingar frå statleg hald, om at Høyanger er dyktig på omstilling, samt at andre omstillingsskommunar har vore i Høyanger for å sjå på "Høyangermodellen". Ein kan dermed tenkje seg at omstilling, til saman med industri, har blitt ein identitetsmarkørar. Staden vert ikkje bare identifisert med den dominante næringsaktiviteten, men også med omstilling, og dermed ein stad i nyskaping og utvikling. Å representere staden gjennom omstilling gir Høyanger meining i tilknyting til nyskaping og positiv utvikling. Ei slik forståing gjer det relevant å gjere greie for korleis aktørar narrativiserar ulike faktorar ved staden som i endring. Dei ulike moment som vert trekt fram tolkar eg til å utgjere narrativet "nye Høyanger".

6.3 Stad i endring

I narrativet om ”nye Høyanger” fokuserast det, som sagt, på korleis stad kan promoterast for å gjere den attraktiv for potensielle tilbakeflyttarar, samt nye næringsaktørar. I forteljinga vekta leggast andre moment enn i narrativet industristaden Høyanger, og informantane er meir strategisk i sitt forsøk på å bygge opp, samt rekonstruere førestillingar om staden (Coles, 2003, Paddison, 1993). I intervju-situasjonen rekonstruerte informantane stadførstillingane gjennom å framstille mindre fordelaktige eigenskapar som i endring. Moment vekta i narrativet er nyskaping, mangfald og dynamikk. Informantane artikulerte difor ikkje omstettingsprosessen som altomfattande endringar, men som endringar på områder der Høyanger ikkje har kvalitetar. Eg vel å starte med representasjonane av stad knytt til nyskaping.

6.3.1 Høyanger har fått eit nyskapingperspektiv

Dei fleste informantane knytte, som sagt, omstilling til nyskaping og alternativ tenking. Ved å artikulere omstilling slik vart Høyanger representert gjennom eit nyskapingperspektiv. Ein informant forklarte dette slik;

”Høyanger har fått ein nyskapingperspektiv over seg. Viktig at ein ikke bare enda opp med ein masse industriarbeidsplassar. Ein har erkjent at småbedrifter er viktig for totaliteten, noe som er med å skape det nye Høyanger” (Informant 2).

Høyanger vert her representert gjennom eit nyskapingperspektiv. Nyskaping konnoterast med auka tal småbedrifter, samt andre typar arbeidsplassar enn industriarbeidsplassar. Dette kan sjåast i samanheng med ei forståing av at Høyanger treng eit meir dynamisk næringsliv. Høyanger i nyskaping kommuniserast dermed gjennom erkjenninga av behovet for ein annan næringsstruktur, eller gjennom behovet for endringar i haldningar og verdiar hos aktørar. Industriarbeidsplassar framstillast ikkje, i motsetnad til narrativet ”industristaden Høyanger”, som verdiskapande, eller som ei drivkraft i utviklinga av staden. ”Nye Høyanger” konnoterast med større mangfald i bedrifter og næringsaktørar, der bedriftene ikkje treng å vere av same storleik som den tidlegare hjørnestensbedrifta. Høyanger skal endre seg til å bli ein stad der småbedrifter er ein viktig del av totaliteten. Informanten fortel vidare:

"Ordføraren pleie å si litt flåsete at tida er slutt no på at du kunne spasere inn verksporten når du var atten, og rimeleg utkvilt når du var seksti. Du må kanskje søkje meir arbeid i løpet av yrkesaktivt liv enn tidlegare. Det føre til, trur eg, at Høyangersamfunnet ikkje skilje seg veldig mykje frå andre samfunn. Du har no erkjent at det å skape sin eigen arbeidsplass, det og på ein måte ta inn over seg at litt meir småbedrifter er viktig for totaliteten. Det trur eg er med å omforme, eller med å lage det nye Høyanger" (Informant 2).

Skiftarbeidarpraksisen, til saman med industriarbeidarkulturen, blir her framstilt som på veg bort. Høyanger liknar meir på stadar der ein aktivt må søkje arbeid, samt i større grad skape sin eigen arbeidsplass. "Nye Høyanger" vert dermed representert gjennom andre former for kultur og praksis. Aksept av andre typar praksisar gjer at staden konnoterast i tilknyting til nyskaping, der nyskaping og vilje til å investere er fortolka som vilje til å ta ansvar for framtidig utvikling, samt i bygginga og formainga av det framtidige Høyanger. Ei slik fortolking må sjåast i samanheng med Hydro si mindre dominerande rolle, og at staden i mindre grad enn tidlegare har tilgang på industriarbeidsplassar gjennom denne verksemda. Nedgangen i industriarbeidsplassar blir dermed ei materiell endring som strukturerar korleis aktørar gir Høyanger mening. Ynskje om å erstatte tapet av arbeidsplassar gjer at nye aktørar med vilje til å investere, blir forstått som å drive utviklinga framover, og i større grad opplever positive tilbakemeldingar. Ein annan informant byggjer opp under forståinga;

"Det med entreprenørskap og nyskaping har endra seg den siste tida i Høyanger. Det har avstedkomme ein god del overraskande gründerverksemd og nyskapingstrong hos desse bedriftene som alt er etablert, og som vil gå vidare med masse tankar. Det har kommen to sågne småmiljø i frå Førde som har gått inn i inkubatoren her, med sine idear. To par stykke ifrå Bergensområdet" (Informant 3).

Staden blir her representert gjennom auka grad av nyskaping og entreprenørskap. På den andre sida blir gründerverksemd og nyskapinga forstått som fremja av eksisterande bedrifter eller eksterne aktørar. Ei slik forståing inneber at større grad av nyskaping ikkje er ei endring som involverar samfunnet som heilskap, men er knytt til endringar utanfrå. På den andre sida kan auka gründerverksemd og nyskapingstrong hos eksisterande bedrifter byggje opp under framstillinga til informanten. Ved at desse bedriftene, i større grad, blir framstilt som å drive utviklinga på staden framover, har slike praksisar fått aksept og blitt synleg. Ein annan informant fortel;

"Nå er det faktisk lov til å drive næringsaktivitet, og å tene pengar, og å vere gründer. Slik var det ikkje for noen år sidan. Når eg kom hit hadde eg inntrykk av at turistar var noko som ein såg på som ei plage. Det var ikkje noko som vi dreiv med. Så det er ei endring. Folk ser andre moglegheiter. Nå meiner ein at ein kan tene pengar andre stadar enn akkurat det å koke aluminium. Tidlegare var det eit skilje mellom det som føregjekk på verket og det som var utanfor verket. Det har endra seg ganske mykje" (Informant 4).

"Nye Høyanger" vert dermed representert gjennom eit nyskapingsperspektiv som inneber aksept for andre praksisar enn illustrert i narrativet "industristaden Høyanger (jf.kap.5.2.2). Ei forståing av at det no er lov til å drive privat næringsaktivitet, samt vere gründer, illustrerer at slike handlingar ikkje lenger fell inn under kategorien "out of place" (sjå Cresswell, 1996). Den strukurerande metaforen "koke aluminium" illustrerer korleis aktøren fortolkar Hydro aluminium/Høyanger verk si næringsverksemnd. Slik næringsverksemnd konnoterast ikkje med same status som før, noko som gjer at ein kan forstå industri som å ha mista sin status som "bærebjelke" og "motor" i staden si vidare utvikling. Representasjonane av Høyanger i nyskaping kommuniserar dermed eit meiningsinnhald knytt til ein meir dynamisk næringsstruktur. Dette inneber for informanten at ikkje all utvikling skjer innanfor "portane på verket", eller i tilknyting til Hydro si verksemnd, men i samfunnet som heilskap. Ei slik framstilling kan vidare trekkjast inn på korleis Høyanger vert representert som meir mangfaldig og robust.

6.3.2 Høyanger er blitt meir mangfaldig og robust

Ein del av narrativet "nye Høyanger" er dermed representasjonar som kommuniserar ei forståing av Høyanger som meir mangfaldig og robust. Ei slik framstilling fremjar minka grad av einsidigkeit og Hydrodominans, samt eit meir mangfaldig og dynamisk næringsliv. Gjennom feltarbeidet vart eg observant på at bedrifter, utanom Hydro, var meir sentrale i stadkonstruksjonen, spesielt når staden vart artikulert i tilknyting til omstilling. I ein presentasjon til Tinn kommune vart Høyanger presentert slik av omstillingsapparatet;

"Høyanger har tradisjonelt vært svært avhengig av Hydro, men har over tid utviklet seg til eit industrielt mangfold: Fundo Wheels, ISS, Per A Øren Transport, ERAS Metals, Overflateteknikk" (Presentasjon, juni, 2006).

Høyanger framstilla som å ha gått frå å vere ”svært avhengig av Hydro” til eit ”industrielt mangfald”. Inntrykket ein får er at staden har blitt meir mangfaldig som eit resultat av omstillingssprosessen. På den andre sida er bare ein av bedriftene nyestablert. To av dei er tidlegare knytt til Hydro si verksemrd, medan ei anna bedrift er eigd av lokale aktørar og har eksistert på staden over lang tid. Likevel vert dei brukt for å representera mangfald, mindre avhengigheit til Hydro, samt større bredde i næringslivet. Representasjonen av mangfald er knytt til industrielle verksemder, og må difor sjåast i samanheng med ”industristaden Høyanger” og den dominante næringsaktiviteten. Til saman kommuniserar representasjonen ei forståing av Høyanger som meir robust og mangfaldig. Mangfald og robustheit må difor knytast til fortolkinga av Høyanger som i mindre grad enn tidlegare avhengig av Hydro for å oppretthalde samfunnet i framtida. Ein informant forklarar dette;

”Det som er annleis i dag er at, vi har nok fortsett same tyngda av industri, men det er fleire som eige den industrien og som står bak den. Det er ikkje Hydrorelatert sånn som det var tidlegare. Men det heng med oss at dette er et industrisamfunn med Hydrodominans. Det trur eg at vil henge med oss så lenge som vi har Hydro her. Men industrien og det offentlege er like store på talet arbeidsplassar. Sånn at det vi er tung industrielt, men vi får ein anna type industri. Det er så mange som eige og det er så mange typar bedrifter. Så einsidigheita vår er avtakande” (Informant 3).

Høyanger representert her gjennom industrielt mangfald, samt avtakande Hydrodominans. Representasjonane vert informert av materielle endringar på staden knytt til auka tal eigalar og bedrifter i den industrielle sektoren. Samtidig blir representasjonane gitt meinung gjennom ei forståing av at det eksisterar ein annan type industri no enn tidlegare. Stad artikulerast dermed ved å vise til konkrete praksisar og materielle endringar (sjå Panelli, 2001), til dømes gjennom kva arbeidsplassar og type industri som eksisterar. Staden framstilla som å ha endra seg frå å vere einsidig til å bli dynamisk og mangfaldig ved at den er mindre prega av verksindustrien, og i mindre grad dominert av Hydro. Ei slik framstilling kan sjåast i samanheng med at Hydro si verksemrd har vore ein identitetsmarkør for staden. Minka Hydrodominans gjer dermed at informanten forstår staden som i endring og gir den eit nytt meiningsinnhald. Ein annan informant trekkjer inn auka tal på mindre bedrifter for å representera staden som meir robust og mangfaldig;

"Samfunnet vårt er meir robust, gjennom at vi har fått på plass mindre bedrifter som leve sitt eige liv utanom Hydro Aluminium. Det er både heva over ein kvar tvil, og det føle eg på mange måta er veldig gledelig" (Informant 2).

Representasjonen av stad som meir robust innehar her konnotasjonen av ein stad som er mindre avhengig av Hydro Aluminium. Med tanke på årsaka til Høyanger sin omstillingsstatus var Hydros manglande vilje til vidare investeringar, kan ein også forstå representasjonen av stad som meir robust, som å inneha ein konnotasjon av ein stad som er mindre sårbar for slike avgjersler i framtida. Staden si framtidige utvikling baserast no på fleire og mindre bedrifter, noko som gjer at den fortolkast som meir mangfaldig, og robust, og dermed i endring. Ein annan informant byggjer opp under ei slik forståing ved å sei;

"Høyanger var eit aluminiumskokeri. Høyanger er ikkje bare eit røykfullt hol inne i ein fjordarm lenger" (Informant 1).

Stad i endring blir her gitt mening gjennom metafor som "aluminiumskokeri" og "røykfullt hol". Bruken av slike metaforar strukturerar ei forståing av Høyanger som tidlegare knytt til lite kompetansekrejande arbeidspassar, stor grad av forureinande industri og Hydro si verksemd. Ei framstilling av at dette er i endring kan sjåast i samanheng med at industrien har vorte meir moderne, og ikkje er like dominerande på staden. I tillegg inneber framstillinga at staden i dag oppfattast som å vere meir mangfaldig, ved at det eksisterar fleire bedrifter som gjer næringslivet meir dynamisk. Den minkande rolla til Hydro Aluminium, samt etablering av ny industri, gjer at praksisar, saman med det materielle, endrar seg, og gir staden ny mening.

Dei ulike sitata illustrerer ei forståing av stad i endring, representert gjennom eit større mangfald og eit meir robust samfunn. Representasjonane kommuniserar mening knytt til mindre avhengigheit til Hydro Aluminium, ny type industri, samt fleire næringsaktørar. Gjennomgangen visar vidare at representasjonane, i stor grad, kommuniserar mening knytt til eit industrielt mangfald, samt ein industrielt meir robust stad. Ei slik konstruksjon må sjåast i samanheng med korleis informantane gir stad eit konstruert nivå av mening gjennom narrativet industriestaden Høyanger (jf.kap.5). Dette gjer at representasjonane av Høyanger som meir mangfaldig og robust må sjåast i samanheng med den industrielle historia til staden, og korleis den pregar fortolkingar (jf. kap.3.4.1). Ein kan dermed sei at fortida sin

næringsstruktur og kultur strukturerar meiningsinnhaldet informantane gir staden (sjå Vestby, 2004). Alternative aktivitetar, knytt til dei nyestablerte konsulenttenestene, er ikkje ein del av representasjonane av stad som meir mangfaldig og robust, noko som kan byggje opp under at industri framleis er eit sentralt moment i korleis aktørar konstruerar staden. Narrativiseringa av ”nye Høyanger” kan vidare trekkjast inn på områder knytt til korleis informantane ser for seg staden si utvikling i nær framtid.

6.3.3 Omstilling gjer Høyanger lik Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid

Representasjonane av Høyanger i nær framtid er influert av korleis informantane ynskjer å framstille staden for å gjere den attraktiv for framtidige næringsaktørar og potensielle innflyttarar. For informantane er det viktig å framstille Høyanger som å inneha attraktive karakteristikkar som vil forenkle promoteringa av staden (sjå Coles, 2003). Representasjonane av Høyanger i framtida vert dermed knytt til eit meir tenestebasert, dynamisk og kompetansebasert samfunn. Under feltarbeidet vart staden framstilt som i ei utvikling som ville gi behov for høgt utdanna ungdom, som meg sjølv, og som ein arena der eg ville ha moglegskapar til å etablere meg i framtida. Høyanger vart framstilt som i større grad å likne regionssentra i fylket. Ein informant fortel;

”Det nye Høyanger kommer til å bli meir likt Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid. Det vi, Årdal og Høyanger, som har vore ulike fram til no, men vi kjem til å bli meir og meir like dei andre” (Informant 2).

Høyanger representert her gjennom stadar som symboliserar eit anna meiningsinnhald enn ”industristaden Høyanger”. Ved å kategorisere Høyanger saman med Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid konnoterast Høyanger i framtida som eit meir dynamisk samfunn. Eit meir dynamisk samfunn må her forståast som eit samfunn som har større mangfold i type arbeidsplassar, arbeidsplassar som i større grad er kompetansebasert, større mangfold i kultur og fritids tilbod, samt mindre nedgang i folketalet. Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid blir forstått som å inneha kvalitetar Høyanger manglar. I tillegg blir dei oppfatta som ”motorar” i sin region og i fylket, ved at dei har høgare innbyggjartal, samt kompetansearbeidsplassar gjennom høgskular og sjukehus. Når informanten trekk inn Stryn, representerast Høyanger i framtida som i større grad prega av nyskaping og entreprenørskap. Ved å kategorisere Høyanger, i dag, til saman med Årdal, blir Høyanger gitt eit meiningsinnhald som industristad

(jf.kap.5). Høyanger representerast dermed som ein stad med lite mangfaldig næringsliv, manglande dynamikk, samt låg kompetanse blant innbyggjarane. Informanten fortel ved eit seinare høve;

"Det blir viktig at vi ikkje enda opp med ein masse industriarbeidsplassar her, men bare to kolonialbutikkar. Eg trur ikkje vi vil få veldig masse caffe late og cappuccinokultur her med søte fortausrestaurantar, og eit yrande og pulserande liv i alle vekedaga. Men det er viktig å synleggjere at det er eit levande samfunn her" (Informant 2).

Informanten forstår det som viktig for framtida til Høyanger at ein fremjar eit meir dynamisk næringsliv. Ei slik framstilling styrkjer forståinga av at staden skal bli meir mangfaldig og dynamisk. I motsetnad til narrativet "industristaden Høyanger", blir ikkje industri forstått som å skape nødvendig utvikling, eller nødvendige dynamikk og mangfald. Ei framstilling av at det ikkje vil eksistere "caffé latte" og "cappuccinokultur" i Høyanger, illustrerar ei forståing av at stadens moglegheiter for utvikling er avgrensa. "Caffé late" og "cappuccinokultur" er metaforar som kommuniserar mening i tilknyting til tilbod ein finn i storbyar. Likevel representerar informanten Høyanger som eit levande samfunn. Ein annan informant fremjar ei liknande forståing, samtidig som framtidige utvikling i større grad knytast til fortidas næringsstruktur og kultur (Vestby, 2004). Høyanger blir likevel, i framtida, representert som meir dynamisk. Informanten fortel:

"Vi skal ha ein basisindustri på å smelte aluminium her. Eg ser ikkje for meg at vi skal få nokon utvidinga, og nokon nye hallar. Vi skal ha Fundo, kanskje basert mest på det delte hjulet, og den teknologien der. Dessutan ser eg ein underskog av mindre bedrifter, som er etablert og ikkje nødvendigvis avhengig av dei to store basisbedriftene for å overleve. Kvalitetslosen, ERAS og Per A. Øren. Eg ser den type bedrifter, og kanskje også ei auke på ein del av servicetilboda knytt til reiseliv". (Informant 4)

Informanten representerar staden, også i framtida, som tufta på industri. Bak denne industrien står dei to dominante næringsaktørane. Dette illustrerer at informanten gir staden i framtida eit meiningsinhald knytt til industri, og industriell aktivitet. På den andre sida representerast staden også gjennom auka tal mindre bedrifter som ikkje skal vere relatert til same type næringsaktivitet som dei to dominante næringsaktørane. Ei slik forståing inneber at informanten meinar at Høyanger, som ein meir dynamisk stad i framtida, må utvikle andre

næringsaktivitetar enn industri. Gjennom å artikulere dette i tilknyting til andre verksemder vert dynamikken på staden å forstå som mangfold knytt til konsulenttenestar, transportverksemder, samt reiselivsrelatert næringsaktivitet. Det blir dermed viktig å styrke staden på områder den ikkje blir forstått som god på. I likskap med informanten ovanfor artikulerast dermed ei forståing av at staden treng å styrke seg på områder knytt til ulike servicefunksjonar, samt andre typar næring. Likevel blir industri ein viktig del av framstillinga.

Sitata illustrerar korleis representasjonen av stad i framtida blir gitt meinung og innhald. Den viktigaste framstillinga er knytt til auka mangfold i typar arbeidsplassar og bedrifter, auka dynamikk, samt auka grad av servicefunksjonar. Representasjonen av stad i framtida kan dermed, som sagt, forklarast med utgangspunkt i kva karakteristikkar informantane meinar stad må inneha for å kunne framstå som attraktiv. Representasjonen av stad inneber dermed å artikulere endringane omstillingsprosess fører med seg på ein slik måte at staden får nytt meiningsinnhald.

6.4 Konklusjon

Eg har i dette kapittelet svart på problemstillingen; *Korleis influerar Hydro si avgjersle om å fase ut delar av verksemda, og den påfølgjande omstillingsprosessen, til endringar i korleis Høyanger som stad narrativiserast?* Narrativiseringa av stad, i tilknyting til ei slik spørsmålstilling, representerast i stor grad gjennom nyskaping, eit meir mangfaldig og robust samfunn, samt Høyanger som i framtida meir dynamisk og lik Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid. Til saman tolkar eg desse representasjonane til å utgjere narrativet ”nye Høyanger”.

Representasjonane, samt det meiningsinnhaldet desse kommuniserar, blir av informantane artikulert gjennom endringar i praksis, samt det materielle på staden. Vidare må narrativet sjåast i samanheng med korleis aktørar opplever at staden kan marknadsførast. I narrativet ”nye Høyanger” blir omstillingsprosessen forsøkt framstilt, gjennom diskursivt arbeid, som ein spesiell karakteristikk ved staden som gjere den attraktiv. Omstillingsprosessen byggjer dermed opp under stadførestillingar knytt til mangfold, nyskapingperspektiv, samt større grad av dynamikk, og kan sjåast som eit forsøk på å gi staden ein ny identitet som bestemte målgrupper respondere på (jf. kap.3.4.2). Omstilling blir dermed ein del av karakteristikkane

som blir knytt til stad i forsøket på å rekonstruere stadførestillingane (Coles, 2003, Paddison, 2003). Slike førestillingar skil seg sterkt frå narrativiseringa av ”industristaden Høyanger”. Korleis stadførestillingane rekonstruerast må, som sagt, sjåast i samanheng med ein meir generell tendens knytt til korleis rurale stadar framstilast for å oppfattast som attraktive.

I det neste kapitlet skal eg gjere greie for korleis narrativiseringa av stad kan sjåast i samanheng med endringar i praksis, samt korleis staden vert forma som ein materiell lokalitet. Med omsyn til endringar i praksis vil fokuset ligge på næringsaktørane si framstilling. I tillegg vil eg sjå på korleis praksisar som kan koplast til ”nye Høyanger” og ”industristaden Høyanger” blir materialiset. Endrar dette korleis Høyanger står fram som ein heilskapleg materiell lokalitet? Eg vil som tidlegare fokusere på praksisar som blir forstått som å fremje eller hemme vidare utvikling.

Kapittel 7. Narrativ om stad, praksis og materielle endringar

"I 2010 skal tal industriarbeidsplassar ligge på minst dagens nivå (800). Dette skal både skje gjennom å sikre eksisterande arbeidsplassar og gjennom at det vert skapt nye arbeidsplassar. Samstundes skal det bli etablert eit meir positivt bilde av Høyanger, både internt og eksternt, slik at kommunen blir ein attraktiv kommune å busette seg i. Denne målsettinga skal nåast gjennom å setje i verk prosjekt innanfor følgjande satsingsområde: Industriell nyskapning, styrke eksisterande næringsliv, styrke framtidstrua, samt fremje entreprenørskap" (Høyanger kommune, 2005).

7.1 Innleiing

I dei to føregåande kapitla har eg gjort greie for narrativa "industristaden Høyanger" og "nye Høyanger". I narrativa blir ulike moment vekta og staden blir gitt ulike meining knytt til stad- og næringsutvikling. I dette kapittelet skal eg å sjå korleis narrativa kjem til uttrykk gjennom kvardagsleg samhandling og praksis, samt gjennom korleis praksisar gjenspeglar seg i materielle endringar. Ei slik forståing må sjåast i samanheng med Halfacree si framstilling av ruralt rom, der representasjonar, saman med praksisar og det materielle formar stad (jf. 3.5.3). Eit slikt fokus vil gjer det mogleg å gripe om Høyanger endrar seg som meir enn ein abstrakt kategori. Kapitlet skal difor svare på problemstillinga;

Korleis påverkar dei ulike narrativa økonomisk praksis på stad?

Som tidlegare vil eg fokusere på praksisar som kan forståast som å fremje eller hemme framtidig utvikling. Er det skjedd endringar i korleis aktørar samhandlar med kvarandre? Vurderar aktørar andre handlingsalternativ no enn tidlegare? Kvardagsleg samhandling og praksis må forståast som influert av menneskjer erfaringsbaserte fortolking og forhandling rundt rurale rom, gjennom det levde liv (Berg og Lysgård, 2004). I etterkant vil eg gjere greie for korleis praksis materialiserast. Kva materielle endringar har funne stad i omstillingsprosessen? Materielle endringar må sjåast i samanheng med korleis praksisar knytt til produksjon og konsumaktivitetar formar Høyanger som lokalitet (ibid). Fokus på materielle endringar inneber difor fokus på endringar knytt til signifikante materielle og strukturelle

uttrykk. Sidan omstilling er ein prosess tillet eg meg å trekke inn endringar som framleis er i ein planleggingsfase.

7.2 Endringar i kvardagsleg samhandling

Å forstå stad som diskursivt konstruert opnar for å sjå nærmere på korleis til dømes aktørar sine avgjersler eller handlingar, er influert av den sosiale og kulturelle meininga gitt staden. Eg vil her fokusere på både næringsaktørar og omstillingsaktørar sine praksisar. I dette avsnittet ligg fokuset på endringar i dei kulturelle kodane for samhandling, samværsmåtar, samt omgangsformar mellom kommuneadministrasjonen/omstillingsapparatet og det lokale næringslivet, samt mellom næringsaktørar. Informantane vekta i hovudsak ei fortolking av at dei største endringane var knytt til kommunikasjon, samt korleis nye idear vart mottatt.

7.2.1 Kommunikasjon og tillitt

I følgje Jakobsen (2004) handlar omstilling i stor grad om samspelet mellom ulike aktørar, og korleis samhandlinga legg føringar på prosessen. I Høyanger vekta næringsaktørar ei fortolking av at praksisar knytt til samhandlinga mellom ulike aktørar i lokalsamfunnet var i endring, spesielt i tilknyting til auka kommunikasjon mellom ulike aktørar, og dermed auka grad av tillitt. Årsaka til endringane vart forstått som eksistensen av ein flatare struktur. Ein informant frå næringslivet framstilte endringane slik;

"Avstanden mellom oss og det kommunale apparatet er blitt mykje mindre enn før. Det er ikkje noe problem å snakke med rådmann, ordførar, næringssjef, teknisk sjef eller andre. Før var det et hierarkiopplegg. Det var vanskelig å komme til. Vi opplevde merkelige ting for cirka ti år tilbake. På ei samling på hotellet, ante ikkje daverande ordførar at vi hadde over tretti tilsette. Trudde vi var fem stykk. Så da begynte vi å lure på kor lite interessante vi var for kommunen? Kor lite opptatt dei var av oss og det vi driv med? Etter omstillingsprosessen er avstanden mykje mindre. I dag kjenner dei oss betre, og vi kjenner dei betre, kommunikasjonen er betre. Så sånn sett har omstillingsarbeidet vert bra" (Informant 7).

Informanten fortolkar her staden som tidlegare prega av hierarki og avstand mellom offentlege aktørar og næringsaktørar. Hierarki konnoterast som problem med å få kontakt, ”å

bli høyrt”, samt å bli tatt på alvor. Informanten opplevde tidlegare at dei offentlege aktørane mangla interesse for hans verksemrd. Slike praksisar må sjåast i samanheng med narrativet ”industristaden Høyanger”, og meiningsinnhaldet som kommuniserast i tilknyting til dette (jf.kap.5.). Denne næringsaktøren vart ikkje forstått som viktig for staden si utvikling. Arbeidsplassar som verksemda representerte, eller aktiviteten dei skapte, vart sett som mindre verdifulle i forhold til den dominerande næringsaktøren sin aktivitet. Industri vart forstått som bærebjelken i samfunnet, og alternativ næringsaktivitet braut med ideologien knytt til stad (jf. kap.5.5.2). Praksisar, informanten si verksemd representerar, vart forstått som ”out of place”, og ikkje tatt omsyn til i offentlege samanhengar (sjå Cresswell, 1996). For informanten undergrev dette tilliten til offentlege aktørar som samarbeidspartnar.

På den andre sida blir omstillingsprosessen forstått som å ha endra dei offentlege aktørane sin praksis, og Høyanger i tilknyting til omstilling, vert fortolka gjennom auka grad av kommunikasjon og tillitt. Endringa i korleis informanten fortolkar omgivnadane må sjåast i samanheng med narrativet ”nye Høyanger”, og offentlege aktørar sitt ynskje om å skape ein meir mangfaldig og dynamisk stad. Aktørar har dermed valt å bryte med delar av dei etablerte praksisane som tidlegare har sikra økonomisk vekst, og søkt å styrke eit mangfaldig og dynamisk næringsliv. Ein annan næringsaktør på staden artikulerar ei forståing av auka tillitt og kommunikasjon mellom næringsaktørane på staden. Informanten fortel;

”Vi få næringslivleiarar som er i Høyanger har fått ein helt annen kontakt og ein helt annen kommunikasjon di siste tre åra. Vi har forstått at ”åleine er vi ingenting, samen er vi sterke”. For vi har god erfaring med dette dei siste tre år. At vi snakka i lag, og har ein arena der vi kan snakke. Det gjør ting lettare for meg. Vi kjenner kvarandre ikkje på personlig nivå. Men så reise vi på tur i sammen, noe som gjør at det blir lettare for meg å snakke med dei i etterkant. Eg kan ringe viss eg lure på noe, som om vi skal samarbeide. For eg trur vi har skjønt at vi kan få til noe sammen.” (Informant 8)

Informanten forklarar at omstillingsprosessen har endra praksisar knytt til kommunikasjon og tillitt mellom næringsaktørar. Endringa må sjåast i samanheng med korleis offentleg aktørar har endra sine praksisar gjennom auka fokus på næringane som ikkje er industrirelatert. Gjennom representasjonar av stad i tilknyting til nyskaping, narrativisert gjennom ”nye Høyanger”, kan ein sjå at næringsaktørane no tolkar omgivnadane som å gi rom for entreprenørskap, ved at andre aktørar i auka grad verdsett deira aktivitet. Alternativ

næringsverksemld blir i større grad forstått som ein viktig del av den framtidige utviklinga, og aktørar opplever at dei gjennom samarbeid kan klare det å skape noko nytt. Omstillingssprosessen, og narrativet ”nye Høyanger” inneber at næringsaktørar, utanom dei to dominerande aktørane, opplever at samfunnet som heilskap ser verdien av deira aktivitet. Dette gjer at dei, i større grad, arbeider saman for å sjå framtidige moglegheiter og løysingar, samtidig som dei ynskjer å vere ein del av ”nye Høyanger”. Ei forståing av ”at ein saman kan få til noko” inneber auka grad av tillitt. Samtidig er det blitt etablert ei forståing av at ein kan utvikle og styrke kvarandre ved å i større grad kommunisere. Endringane inneber vidare at den kvardagslege praksisen knytt til å drive næringsaktivitet fortolkast som ein enklare prosess. Ein annan informant byggjer opp under same forståing;

”Eg trur at samhandlinga mellom dei ulike verksemndene i kommunen er mykje betre no enn han var tidlegare. Altså dei ulike næringane og leiarane i dei ulike næringane kjenne kvarandre betre. Det har vorte meir uformell stil. Merka stor forskjell di siste to, tre åra. Vi har jo dei same utfordringane” (Informant 9).

I likskap med ovanfor fortolkast omstillingssprosessen som å ha ført til auka samhandling mellom næringsaktørar. Etableringa av ein meir uformell stil viser til auka grad av tillitt mellom aktørane ved at samhandlinga er annleis, og den kvardagslege praksisen for aktørane har endra seg. Endringar må sjåast i samanheng med narrativet ”nye Høyanger”. Her blir Høyanger representert gjennom mangfold, nyskaping og dynamikk. Slike representasjonar omstrukturerer delar av praksisane på staden, ved at haldningane ovanfor lokale næringsaktørar og deira aktivitet er meir positiv. Ved at staden opplevde usikkerheit knytt til den framtidige utviklinga, når avgjersla til Hydro vart offentleggjort, har dei mindre bedriftene i større grad blitt tolka som symbol på varige arbeidsplassar, samt med ei lojal haldning ovanfor staden. Endringar i slike praksisar kan dermed indikere at dei uformelle reglar for handling endrar seg ved at omstillingssprosessen endrar normer og verdiar knytt til det å drive næringsaktivitet. Ein annan endring i praksis som informantar frå næringslivet fremja var korleis nye idear vart mottatt av dei offentlege aktørane.

7.2.2. Støtte, oppfølging og kompetanseheving

Under intervjuet fremja ulike næringsaktørar ei fortolking av at offentlege aktørar hadde endra sine praksisar med omsyn til korleis idear vart mottatt, korleis oppfølging dei gav bedriftene i

tilknyting til realisering av idear og prosjekt, samt støtte og oppfølging som gav bedriftene høve til å heve sin kompetanse. Dei fleste informantane kopla endringane til ei forståing av at Hydro si avtakande rolle gav rom for auka fokus på deira aktivitet. Endringar i praksis må difor sjåast i samanheng med materielle endringar på staden, gjennom Hydro si utfasing. Ein informant fortel;

"Eg syns det er lettare å få respons på idear. Dette har bedra seg mye dei siste åra. For det første så har næringssjefen vert veldig aktiv på å få oss med i saker og ting som gjør at vi har mulighet for å auke kompetansen på enkelte område. Så dei hjelpe oss å sjå mulighetene. Alt skal ikkje lenger skje innanfor portane til Hydro. (Informant 7)

Informanten opplever at prosessen med å fremje idear er blitt enklare, gjennom at dei offentlege aktørane er meir aktive ovanfor deira verksemd. Auka aktivitet og endra fokus vert framstilt som nyttig når bedrifta ynskjer å heve kompetansen. Auka kompetanse kan forståast som å føre til kunnskapsakkumulasjon, og dermed brukast til å fremje innovasjonar og endringar (Jakobsen, 2004). Endringane i offentlege aktørar sin praksis må sjåast i samanheng med ei framstiling av at småbedrifter er viktig for totaliteten i samfunnet, eller staden som heilskap. Praksisane, og næringsaktørane sine fortolkingar av omgivnadane, blir dermed strukturert av korleis omstillingsaktørar narrativiserar "nye Høyanger". Ein annan informant byggjer opp under dette;

"Vi har meir støtte, og dei viser større interesse. Vi har ein rådmann og ein ordførar som er interessert i næringsliv og forretningsdrift, inkludert det vi driver med" (Informant 8).

Ein kan utifrå sitatet forstå at dei offentlege aktørane i større grad vektar oppfølging av små og mellomstore bedrifter. Oppfølginga inneber hjelp til å heve kompetansen i bedrifta, samt etablere eit støtteapparat rundt desse næringsaktørane. Slike endringar bryt med dei tidlegare eksisterande verdiane, haldningane og normene, knytt til narrativet "industristanden Høyanger", samt kva type praksisar som får aksept. Dei offentlege aktørane bidreg i større grad til å setje i gang prosjekt, samt stimulere til kompetanseheving. Dei blir i tillegg forstått som å gi ei støtte, samt vise ei interesse som ikkje har vore tilstades før omstillingsprosessen. Ein annan informant fremjar ei liknande fortolking;

"Omstilling har vore veldig positivt. Vi har fått betre kontakt med både Høyanger kommune og Høyanger Næringsutvikling. Både gjennom økonomisk støtte og ved at ein kan sette seg ned og arbeide med våre problemstillingar" (Informant 10).

Sitata illustrerer at informanten opplever at det i større grad har oppstått ein kultur, samt praksisar, som gir auka grad av læring og kompetanse for bedrifter utan direkte tilknyting til tradisjonell industri. Endringane vert oppfatta som å auke moglegheita for vidare utvikling for bedrifta. Nettverket og kontakten mellom næringsaktørar og offentlege aktørar har styrkja seg. Ved at dette vert tolka som positivt kan ein forstå informanten slik at han opplever desse endringane som viktige for si bedrift. Ei nyoppstarta bedrift forklarar kvifor dei etablerte seg i Høyanger;

"Grunnen til at vi er i Høyanger er positive holdninga i forhold til nyskaping, folk tør å realisere ideane sine, og har, med bakgrunn i Høyanger kommune, mulighet til å realisere dei. Både i forhold til økonomi og vidare utvikling av produkt. Dei viser interesse for utvikling, Høyanger kommune. Det er ikkje sånn at vi har gjort slik før, og gjere det sånn no og, men heller vi gjorde sånn før, nå går ikkje det, kva finne vi på no?" (Informant 11).

Endringar i korleis aktørar fortolkar omgivnadene og praksisar på staden må sjåast i samanheng med narrativiseringa av "Nye Høyanger", eller Høyanger i endring og omstilling. Endringane i korleis aktørar samhandlar bryt med delar av dei tidlegare etablerte normene og verdiane for kva praksis som skal råde på staden. Næringsaktørane framstiller endringane som positive, og som eit bidrag til at dei i framtida vil få større moglegheit til å utvikle seg vidare, gjennom å heve kompetansen, samt i auka grad oppnå ein læringsprosess i bedriftene.

7.3 Narrativ om stad og materialisering av praksis

I tillegg til å rette fokuset på endringar i aktørars kvardagslege samhandling er det relevant å sjå nærmare på korleis narrativ om stad influerer praksisar som visar att i materielle endringar. Kva konkrete materielle endringar finn stad til dømes innanfor bedriftsetableringar, sysselsetting og næringsstruktur? I følgje Berg og Lysgård (2002) vil representasjonar av rurale stadar, fordi dei formar sosial praksis, forme rurale stadar. Representasjonar av stad blir dermed materialisert gjennom aktørars praksis. Slike praksisar visar att gjennom korleis

staden står fram som ein materiell lokalitet. Samtidig vil eksisterande materielle eigenskapar influere sosial praksis ved at aktørar fortolkar og gir omgivnadane meining (sjå Halfacree, 2006). I ei undervegsevaluering av næringsutvikling i omstillingskommunane i Sogn og Fjordane har Bukve m.fl. (2006) kartlagt dei viktigaste endringane omstillingsprosessen har ført med seg. Eg vil starte med å gjere greie for dei materialiserte praksisane som kan koplast til narrativet ”industristaden Høyanger”.

7.3.1 Større industrielle satsingar

Materialiserte endringar som kan relaterast til narrativet ”industristaden Høyanger” er etablering og ekspansjon av industriverksemde ERAS Metall AS, Overflateteknikk og Fundo Wheel, samt den pågående planlegginga av to industrielle prosjekt som vil føre til etablering av ny industri , og dermed nye industriarbeidsplassar i Høyanger.

ERAS Metall er ei nyetablert verksemd som driv med gjenvinning av industriavfall. Bedrifta har 25 tilsette, eit tal som er førespeglia å auke med 15 (Bukve, 2006). ERAS Metall, til saman med Overflateteknikk, er dei verksemde som i størst grad har overtatt overflødige Hydrotilsette. Verksemda Overflateteknikk har 20 tilsette, og driv med avlakking av felgar og reinsing av produksjonsutstyr i Nordsjøen. I likskap med ERAS og Fundo Wheels har verksemda mottatt omstillingsmidlar og konsulenthjelp frå Høyanger kommune og HNU gjennom omstillingsprosessen. Fundo Wheels, den største arbeidsgjevaren i kommunen, produserar aluminiumsfelgar for bilindustrien. Verksemda har mottatt omstillingsmidlar til gjennomføring av prosjekt knytt til ny teknologi som er førespeglia å gi 47 nye arbeidsplassar på sikt. Dei industrielle prosjekta under planlegging omhandlar ein fabrikk som skal produsere brenselcelleteknologi, samt etablering av ny industriverksemd på gamle C hallstomta til Hydro Aluminium/Høyanger Verk (Fig.7.1 og 7.2). Verksemde er førespeglia å kunne gi 100 arbeidsplassar kvar.



Figur 7.1: Den nye industrietableringa sin lokalitet (Foto: Maybritt Eide).

Dei materielle endringane må sjåast i samanheng med praksisar som knytt seg til narrativet ”industristaden Høyanger”, representasjonar av staden som god på industri, samt fortolkinga av industri som ein bærebjelke i stadens eksistens. Tiltaka sett i verk opp mot industrirelaterte verksemder må i tillegg sjåast i samanheng med krisestemninga som råda då Høyanger fekk omstillingsstatus (jf.kap.6.2). I perioden var det viktig å unngå ytterlegare negativ folketalsutvikling, og overflødige Hydrotilsette måtte raskt over i nytt arbeid. Samtidig var det viktig at bedrifta Fundo Wheels, som den største arbeidsgjevaren, snudde si negative trend. Ei fortolking av industri som ein bærebjelke kan dermed forståast som å influere ulike val, tiltak og praksisar som visar att i materielle endringar. Dei materielle endringane legg vidare føring på kva praksis som vil dominere i framtida. Eit sitat frå eit intervju med fagforeningsleiaren, i Ytre Sogn den 27.02.07, illustrerar korleis industriell næringsaktivitet blir fortolka som ein bærebjelke i staden si utvikling;

”Eg trur det kan vere 10.000 innbyggjarar i Høyanger om fem år, i alle fall nærmare 10.000 enn 5000, seier den profilerte Kjemiske-leiaren til avisas Ytre Sogn”. Ein planlagt fabrikk på Tronvik, vest for Kyrkjebø, er blant prosjekta det stiller seg størst forventningar til. I tillegg er verksemder som Eras Metall, Per A. Øren og Østerbø Maskin i vekst. Det er også venta nyetableringar på tomta til den no rivne C-hallen på Hydro sitt verksområde. ”Det er eit kjempeprosjekt på gang på tomta til C-hallen”, seier Fredagsvik som ikkje vil røpe kva prosjektet skal gå ut på. Men fabrikken på Kyrkjebø har han klokketru på. ”Eg er 99 prosent sikker på at den store nyetableringa på Kyrkjebø vil kome. Her har ein sagt at det vil kome om lag 100 nye arbeidsplassar, men eg trur det kan bli nærmare 1000 enn 100”, spår Fredagsvik til Ytre Sogn”.



Figur 7.2. C hallstomta før og etter riving (Firda)

Sitatet illustrerer at praksisar og materielle endringar knytt til industrirelatert næringsverksemrd gir meining gjennom utvikling av, samt framtidig eksistens for, Høyanger. Samtidig visar sitatet at denne utviklinga ikkje lenger vert kopla til Hydro si verksemrd. Det kan dermed tenkjast at rivinga av C hallen (fig.7.2), samt etableringane av nye industrirelaterte verksemder, gjer at aktørar, i mindre grad, fortolkar staden i tilknyting til Hydro og i større grad til eit industrielt mangfald. Når Høyanger ikkje lenger vert tolka som avhengig av Hydro kan delar av etablert økonomisk praksis endre seg, og andre næringsaktørar framstå som meir sentrale (jf.kap.7.2).

7.3.2 Mindre bedrifter og alternative satsingsområde

I si undervegsevaluering gjer Bukve m.fl. (2006) også greie for endringar som kan sjåast i samanheng med narrativiseringa av ”nye Høyanger”, og korleis praksisar knytt til eit ynskje om å gjere Høyanger meir dynamisk og mangfoldig materialiserar seg. Endringane kan oppsummerast gjennom ekspansjonen til verksemdene Per. A. Øren og Østerbø Maskin, etablering av dei nye bedriftene Høyanger bedriftshelseteneste AS, Kvalitetslosen og POW Productions, samt prosjekt knytt til styrking av handel -og reiselivsnæringa som ”Frå fjord til fjell” og bygging av badeanlegg. I tillegg har kommunen starta opp ei traineeordning for å trekke tilbake høgt utdanna ungdom (ibid). Dei ulike verksemdene driv med næringsaktivitet knytt til transport, maskinforetning, konsulenttenestar innanfor kommunikasjon og marknadsføring, kvalitetssikring, samt vedlikehaldstenestar. Med andre ord næringsaktivitet

som ikkje er direkte knytt til dei industrirelaterte verksemndene i Høyanger, og som krev alternativ og høgare kompetanse.

Endringar må sjåast i samanheng med korleis aktørar ynskjer at Høyanger skal bli meir mangfaldig, dynamisk og lik Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid. Slike representasjonar formar dermed aktørar sine tiltak og vurderingar som fører til satsing og ressursbruk på prosjekt knytt til endringar som vert tolka som nødvendig for å byggje ”nye Høyanger”. Gjennom ulike satsingar og tiltak ynskjer aktørar å gjere staden attraktiv for innflyttarar og andre brukarar, ved at staden står fram annleis. Prosjekta ”Frå fjord til fjell” og det nye badeanlegget kan sjåast som eit forsøk på å fremje materielle karakteristikkar som gjer at aktørar gir den ny meaning. Ein informant forklarte investering i badeanlegg (fig. 7.3) på denne måten;

”Parallelt med dårlig kommuneøkonomi og parallelt med omstillingsarbeidet vårt så har vi investert i eit symjeanlegg til 70 millionar kroner. Eg vel å sjå det som eit teikn på at vi satsa, på ungdom og på familiar i etableringsfasen. Prøver å lage eit verkeleg kulturtilbod og fritidstilbod som ikkje står tilbake for regionssentera i fylke. Eg trur at vi er nøydd til å gjere slikt skal vi vere truverdige på å få ungdom til å flytte heim”. (Informant 2)

Investeringa vert her tolka som ei handling som gjer staden meir dynamisk og servicebasert, samtidig som handlinga sender ut eit signal om at staden er i endring og utvikling. Den materielle endringa influerar vidare næringsaktørar si forståing av kva offentlege satsar på i omstillingsprosessen, og dermed kva type aktivitet dei sjølv opplev som mogleg å utvikle. Badeanlegg fortolkast som ein materiell eigenskap som gjer det mogleg å konkurrere med regionssentra på områder som kultur og fritidstilbod, og kan koplast til korleis konsumpsjonsaktivitetar formar staden (Halfacree, 2006). Ulike sitat illustrerer korleis badeanlegget fortolkast som å styrke Høyanger sin posisjon innanfor handel og reiseliv. Ein informant seier;

”Høyangerbadet er eg heilt sikker kjem til å trekke folk frå nabokommunane til Høyanger”. Når folk kjem til Høyanger vil dei handle, og kanskje ete noko. Det vil styrke handelsnæringa og dei andre servicefunksjonane.” (Informant 6)

Ein annan informant forklarar korleis badeanlegget gjer det mogleg å utvikle reiselivsnæringa;

"Eg ser for meg at nå, med det nye Høyangerbadet, går det kanskje an å lage et opplegg der hotellet prøve å sy sammen et pakketilbod til gjestane der dei kan leige rom hos oss, og samtidig få gratis tilgang til badeanlegget". (Informant 8)




Figur 7.3: Høyangerbadet (www.hoyangerbadet.no)

Eit anna prosjekt som illustrerer korleis narrativiseringa av "nye Høyanger" visar att materielle endringar er prosjektet "frå fjord til fjell" (Fig.7.4). Prosjektet har i utgangspunktet fleire formulerte målsettingar, då knytt til både reiseliv, turisme, ekstrem sport, samt å gjere strandsoneområde meir brukar- og rekreasjonsvennleg for den lokale befolkninga. Iverksetjinga må sjåast i samanheng med at offentlege aktørar sine representasjonar av staden som meir mangfaldig, dynamisk og lik Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid. Målsettinga for prosjektet er formulert slik;

"Høyanger er eit tettstadsamfunn inne i omfattande endringsprosessar fordi industrigrunnlaget no er usikkert. Dette er eit delprosjekt som skal styrke Høyanger sin kontakt med Sognefjorden som til no, for Høyanger, stort sett berre har vore sett på som ein transportveg for industripunkt og råstoff". I dette må ein sjå for seg Høyanger som ei muleg hamn for båtturistar på veg innover Sognefjorden. Slik situasjonen er i dag, finn ein her veldig få gjestehamner med dei fasilitetane som båtturistar er vande med frå andre stader i landet. Her vil det kunne ligge ein mulegheit for Høyanger i å tilby noko som ikkje alle andre har. Korvidt det er marknad for ei slik nisjesatsing har ikkje vore kartlagt tidlegare. I samband med ei eventuell opprusting vil det også ligge nye mulegheiter for grunneigarane til å utnytte området på nye måta". (http://kvalbein.org/prosjekt_hoyanger/)

Prosjektet blir grunna likt som badeanlegget, og knytt til eit ynskje om å gjere staden meir attraktiv for innflyttarar og alternative næringsaktivitetar som turisme og reiseliv. Prosjektet vil endre korleis strandsona blir brukt og dermed korleis aktørar fortolkar og gir mening til desse omgivnadane. Ved at delar av dei materielle karakteristikkane endrar seg blir Høyanger fortolka som å vere meir attraktiv og lik stadar som Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid, og dermed styrka på område der staden blir forstått som å mangle fordelar. Oppgradering vil endre omgivnadar som tidlegare har vore knytt til Høyanger Verk/Hydro Aluminium. Fjorden vil dermed bli assosiert med andre former for aktivitet enn tidlegare.



Figur 7.4: Prosjektet ”frå fjord til fjell” (http://kvalbein.org/prosjekt_hoyanger/)

Eg har i dei to siste delkapitla illustrert at både narrativet ”industristaden Høyanger” og ”nye Høyanger” formar praksistar, val og tiltak som blir materialiserast på staden. I det neste avsnitt er det difor interessant å sjå om Høyanger som ein heilskapleg lokalitet endrar seg.

7.4 Korleis står Høyanger fram som lokalitet i dag ?

Narrativiseringa av ”nye Høyanger” illustrerar at staden, i tilknyting til omstillingssprosessen, vert representert gjennom mangfold, nyskaping, dynamikk, og som i framtida meir lik Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid (jf.kap.6.3). Ei slik framstilling skil seg frå narrativet ”industristaden Høyanger” (jf.kap.5.2) og gjer at staden kan forståast som å ha endra seg som ein abstrakt eller førestilt kategori. Omstillingssprosessen har vidare endra korleis næringsaktørar opplever og tolkar forholda for næringsaktivitet (jf.kap.7.2). Samtidig kan narrativa sjåast i samanheng med tiltak, vurderingar og handlingar som visar att i materielle endringar (jf.kap.7.3). I dette avsnittet vil eg sjå korleis endringar i stad som ein abstrakt eller

førstilt kategori kan sjåast att innanfor endringar i sysselsetting og næringsstruktur. Endrar Høyanger som stad seg som ein heilskapleg materiell lokalitet (sjå Halfacree, 2006)?

Ein oversikt frå Høyanger Næringsutvikling over nyetablerte arbeidsplassar i kommunen (fig. 7.5) visar at det pr 01.01.07 var oppretta 84 nye arbeidsplassar hos allereie eksisterande eller nyetablerte verksemder, i tilknyting til omstillingsarbeidet.

<i>Verksemd</i>	<i>Tal på nye arbeidsplassar 01.01.07</i>
ERAS Metal	25
KvalitetsLosen	7
Overflateteknikk	16
Vadheim Industrier	2
Per A. Øren Transport	12
Østerbø Maskin	11
Høyanger Bedriftshelseteneste	4
Forprosjekt	7
Sum	84

Figur 7.5 Nyetablerte arbeidsplassar pr. 01.01.07 (Høyanger Næringsutvikling, 2007)

Ei slik utvikling gjer at Høyanger kan seiast å ha fått ein meir mangfaldig og dynamisk næringsstruktur gjennom auka sysselsetting i verksemder som tradisjonelt ikkje har dominert. Av dei ulike verksemndene er ERAS Metal, Overflateteknikk, Kvalitetslosen, Vadheim Industrier og Høyanger Bedriftshelseteneste nyetablerte. Endringane gjer at det er mogleg å argumentere for at Høyanger har fått ein meir dynamisk næringsstruktur, ved at talet sysselsette i små og mellomstore verksemder har auka. Representasjonane av Høyanger knytt til nyskaping og auka mangfald, der små og mellomstore verksemder blir artikulert som ein viktig del av Høyanger som heilskap, kan dermed forståast som å ha materialisert seg. Etableringane gjer Høyanger mindre avhengige av dei dominerande næringsaktørane, meir mangfaldig, samt meir nyskapande ved at små og mellomstore bedrifter, knytt til alternativ næringsverksemd, er ein viktigare del av staden sin næringsstruktur.

Mindre avhengigheit til dei dominerande næringsaktørane vert også illustrert gjennom Hydro og ISS sin nedgang i talet sysselsette (fig. 7.6). Frå 2003 og fram til 2007 har Hydro redusert

dette talet frå 307 til 210, og ISS frå 110 til 83. I tillegg blir desse verksemdene si sysselsetting forventa å gå ytterlegare ned fram til 2008. I 2008 er det førespeglat at Hydro Aluminium, ISS og Fundo Wheels til saman har 595 tilsette. Dette er ein nedgang på 162 frå 2003. Nedgangen må sjåast i samanheng med Hydro Aluminium si utfasing som også har verka inn på ISS sitt bemanningsbehov. Tabellen illustrerer også auke i talet arbeidsplassar hos små og mellomstore verksemder. Sjølv om sysselsettinga i dei dominerande industriverksemdene har gått ned har likevel ikkje den totale sysselsettinga i kommunen minka. Fleire av innbyggjarane vert difor sysselsett innanfor andre verksemder enn dei dominerande industriverksemdene.

Arbeidsplassar innanfor ulike verksemder	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Høyanger Metallverk	289	273	240	140	130	130
Høyanger Industri og næringspark				40	45	45
Hydro Nordsjøen/ adr. Høyanger	18	18	18	33	35	40
Sum Hydro	307	291	258	213	210	215
ISS	110	106	96	87	83	80
Fundo Wheels	340	310	300	340	340	300
Sum større industriverksemder	757	707	654	640	633	595
ERAS Metal				25	25	25
ERAS Metal 2						15
Kvalitetslosen			3	6	10	15
Forprosjekt				3	10	20
Høyanger Bedriftshelseteneste			4	4	4	4
Overflateteknikk	3	4	14	18	20	20
Vadheim Industrier				2	6	8
Tape Invent					5	7
Fundo Wheels- 2 delt hjul					14	47
SMB Verksemder				23	30	40
Apu						100
Hexagon						10
Sum tal arbeidsplassar i kommunen	760	711	675	721	757	896

Figur 7.6. Utvikling i sysselsetting frå 2003 og fram til 2008 (Høyanger Næringsutvikling)

Utifrå tabellane kan ein argumentere for at Høyanger, som ein heilskapleg materiell lokalitet, i auka grad er prega av nyskaping og mangfold. Alternative næringar har ekspandert, som til dømes Per A. Øren og Østerbø Maskin, og nyetablerte konsulentverksemder, som Kvalitetslosen og Høyanger bedriftshelseteneste, har blitt etablert. Endringane signaliserar at talet bedrifter og private aktørar som sysselset arbeidstakarar har auka. Slike endringar gjer at staden, i større grad enn tidlegare, har høve til å tilby større spekter av arbeidsplassar, også arbeidsplassar som krev høg kompetanse. Inneber slike endringar at Høyanger liknar meir på stadar som Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid?

Endringar i sysselsetting og næringsstruktur gjer at Høyanger, i framtida, truleg vil stå fram gjennom større mangfold. Staden vil ikkje, i same grad, vere prega av einsidigheit og avhengigkeit, men i større grad ha fleire verksemder som opprettheld sysselsetting og næringsaktivitet. Dette gjer at Høyanger vil vere prega av større dynamikk. Slike endringar samsvarar, til ein viss grad, med narrativet "nye Høyanger". Staden står sterkare ovanfor sviningar og avgjersler på høgare geografisk nivå, samt ovanfor avgjersler tatt av enkeltverksemder. Hydro Aluminium/Høyanger Verk vil i mindre grad avgjere og forme den framtidige stad- og næringsutviklinga. Gjer dette at industri ikkje vil dominere i framtida, og at Høyanger ikkje lenger vil stå fram som ein industristad?

Tabell 7.6 illustrerar at nye industrielle prosjekt, som ERAS og APU, i løpet av 2008 vil auke talet industriarbeidsplassar med 115. Auken inneber at den industrielle sektoren vil dominere næringsstrukturen og sysselsettinga i framtida. Sjølv om dei tradisjonelt dominerande industriverksemndene, Hydro Aluminium, ISS og Fundo Wheels, reduserar talet tilsette, vil nye industrielle etableringar erstattar desse og forme staden som ein materiell lokalitet. Stadens eksisterande kompetanse og etablerte praksis, som til dømes skiftarbeid vil truleg bli oppretthaldt. Nyetablerte arbeidsplassar og verksemder vil sannsynleg ikkje endre den prosentvise fordelinga av sysselsette fordelt på næring, eller den prosentvise fordelinga av verksemder knytt til ulike næringssektorar (sjå kap. 2.4.2). Likevel vil Høyanger ha eit større prosentvis tal av små og mellomstore verksemder. Inneberer dette at Høyanger, som lokalitet, er i endring?

I framtida vil truleg kvardagsleg praksis i Høyanger likne dagens, og vere relatert til industri og skiftarbeid. På den andre sida vil færre av innbyggjarane vere sysselsett innanfor dei verksemndene som tradisjonelt har dominert. Slike endringar vil føre til at aktørar fortolkar

omgivnadane sine annleis, og i tilknyting til auka mangfald. Staden vil likevel vere ein lokalitet dominert av industri og industrirelaterte verksemder, men der små og mellomstore verksemder er meir framtredande. Statistikken gir få indikasjonar på at handel, turisme, reiseliv, eller andre servicerelaterte næringar vil auke sitt prosentvise tal sysselsette. Dette gjer at Høyanger kan seiast å stå fram som eit industrielt mangfald, men ikkje nødvendigvis lik stadar som Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid.

I ein slik samanheng er det viktig å vere bevisst at hendingar, val og tiltak som formar stad takast kontinuerleg. I løpet av det siste året har Høyanger kommune og Høyanger Næringsutvikling sett i verk prosjekt i tilknyting til turisme, reiseliv og styrking av handelsnæringa (jf.kap.7.3.2). Kommunen planlegger utbygging av hyttetomter i fjellområda, og har meldt seg inn i Reisemål Sunnfjord. Tiltaka kan styrke forholda for andre næringar, og føre til at Høyanger, i framtida, blir annleis enn førespeglar her.

7.5 Konklusjon

I dette kapittelet har eg svart på problemstillinga; *Korleis påverkar narrativisering av stad økonomisk praksis?* Eg har vist at narrativ om stad, i tilknyting til Hydro si utfasing og omstilling, endra korleis næringsaktørar fortolkar omgivnadane, og forholda for næringsaktivitet. Slik type aktivitet vert no tolka gjennom auka grad av kommunikasjon og tillitt. I etterkant har eg sett korleis narrativ om stad kan koplast til materielle endringar. Eg har vist at narrativiseringa av både ”industristaden Høyanger” og ”nye Høyanger” formar staden som ein materiell lokalitet. Endrar slike materialiserte praksistar Høyanger som ein materiell lokalitet? Høyanger er i dag, i større grad, prega av å vere eit industrielt mangfald. Industri dominerer framleis, men einsidigheita og avhengigheita er mindre framtredande. Alternative næringar har fått ein styrka posisjon, men det er få indikasjonar på at dette visar at innanfor prosentvis fordeling av sysselsette, eller prosentvis fordeling av verksemder, innanfor ulike næringssektorar.

Ein slik gjennomgang inneber at narrativ, representasjonar, praksis, og materielle eigenskapar ved stad inngår i eit dialektisk forhold. Praksis får utfall i form av det materielle, samtidig som aktørar si fortolking av omgivnadane formar praksis. Praksistar, og stad som lokalitet vert forma av korleis stad blir narrativisert og representert (Berg og Lysgård, 2004).

Kapittel 8: Konkluderande drøfting

8.1 Innleiing

I dette studie har eg gjort greie for korleis Høyanger som stad narrativiserast. Eg har veklagt korleis Hydro si utfasing og den påfølgjande omstillingsprosessen endrar korleis staden vert representert, samt korleis dette formar aktørar sin praksis og dermed stad som ein materiell lokalitet. Ved hjelp av sosialkonstruktivitisk og postmodernistisk tenking har eg prøvd å setje fokus på korleis "...*practice, behaviour, decision making and performance are contextualized and influenced by the social and cultural meaning attached to rural place*" (Cloke, 2006:21 ref. i Fløysand og Jakobsen, 2007). Val av teoretisk tilnærming må sjåast i samanheng med ynskje om å gripe kompleksiteten og dynamikken Høyanger som stad representerar, og slik forstå kvifor ein omstillingsprosess tar ein spesiell retning. Formålet har vore å sjå korleis faktorar, som fremjar eller hemmar framtidig utvikling, vert framstilt og fortolka av aktørar, og dermed formar staden. I dette kapittelet skal eg vende tilbake til hovudproblemstilling; *Korleis kan diskursanalyse av stadkonstruksjon auke forståinga av økonomiske omstillingsprosesser på einsidige industristadar?*

Med utgangspunkt i dei empiriske funna vil eg argumentere for at tidlegare forklaringsmodellar og teoriar knytt til omstilling, stad- og næringsutvikling, eller regional utvikling, er for deterministiske i si tilnærming. Ved at einsidige industristadar blir forstått, kategorisert og konstruert med utgangspunkt i eit felles sett av variablar, blir beskrivinga av slike stadar og prosessane dei inngår i unyansert. Studiet har vist at ei grensesetjande hending kan endre korleis aktørar fortolkar og gir stad meining. Ei slik endring influerer aktørar si kvardagslege samhandling, samt deira forståinga av korleis økonomisk praksis skal gå føre seg. I tillegg kan narrativisering av stad sjåast i samanheng med korleis stad som ein materiell lokalitet endrar seg. Først oppsummerar eg dei empiriske funna som byggjer opp under ei slik forståing.

8.2 Høyanger er ein stad i endring.

Val av tilnærming har bygd på eit ynskje om å gripe kompleksiteten og meinar omstilling av einsidige industristadar representerar. Med utgangspunkt i ei diskursanalytisk tilnærming har eg illustrert at Høyanger er ein stad i endring. Ein diskurs om stad må, som sagt, forståast som strukturerande for våre fortolkingar. I slike diskursar er narrativ om stad viktig. Narrativ om stad er diskursivt konstruerte ”forteljingar”, samansatt av representasjonar som aktørar tar i bruk i beskrivinga av stad. Slike representasjonar er også kopla til praksisar og formar den materielle utviklinga. Til saman gir teoriane høve til å gripe korleis aktørar fortolkar omgivnadane og handlar på bakgrunn av dette, samt korleis praksis legg føringar på stad som ein materiell lokalitet.

I studiet av Høyanger har eg vist at den dominerande måten å narrativisere stad er knytt til industri (jf. kap.5). Narrativet ”industristaden Høyanger” vert representert av aktørane ved å vise til Høyanger si industrielle historie, den dominerande industriarbeidarkulturen, samt gjennom å knytte Høyanger sine fordelar til industriell utvikling. Ei framstilling av staden i tilknyting til industri visar at den vert fortolka og gitt meiningsutifrå den dominerande næringsaktiviteten som eksisterar, og har eksistert. Industri oppfattast som ”bærebjelken”, eller ”motoren” som driv utviklinga framover. Samtidig framstilla industrien som å ha forma den eksisterande kulturen, eller ideologien, samt korleis staden står fram materielt.

På den andre sida narrativiserast Høyanger annleis i etterkant av Hydro si avgjersle om å fase ut delar av si verksemd og den påfølgjande omstillingsprosessen (jf. kap.6). Ei slik grensesetjande hending gjer at korleis Høyanger konstruerast endrast. I motsetnad til narrativet ”industristaden Høyanger” representerast ”nye Høyanger” som ein stad prega av nyskaping, dynamikk og mangfold, samt som i framtida meir lik Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid. Endringane kan sjåast i samanheng med at omstilling er staden sin identitetsmarkør og formar korleis aktørar fortolkar og gir Høyanger meinings.

Endringar i korleis Høyanger narrativiserast må vidare sjåast i samanheng med endringar i korleis næringsaktørar fortolkar omgivnadane, eller forholda for økonomisk praksis (jf.kap.7.2). Den kvardagslege samhandlinga mellom aktørar på staden er dermed i endring som ein konsekvens av at næringsaktørar opplev at haldningane ovanfor entreprenørskap og

nyskaping har endra seg. Narrativiseringa av Høyanger kan også sjåast i samanheng med materielle endringar (jf. kap. 7.3). Pågåande industrielle prosjekt kan knytast til narrativet ”industristanden Høyanger” der industri representerast som ein motor i Høyanger si utvikling. Høyangerbadet og prosjektet ”frå fjord til fjell” kan sjåast i samanheng med narrativet ”nye Høyanger” og ynskje om å framstille Høyanger som dynamisk, servicebasert og mangfaldig. Endringane blir forstått som å styrke alternative satsingsområde, spesielt turisme. Endrar dette korleis Høyanger står fram som ein heilskapleg materiell lokalitet? Endringar innanfor sysselsetting og næringsstruktur illustrerar at Høyanger i framtida truleg vil stå fram som eit industrielt mangfald, der industrisektoren framleis dominerar (jf. kap. 7.4). Samtidig har det vore ein auke i talet små og mellomstore verksemder innanfor alternativ næringsaktivitet. Denne auken vil, på den andre sida, truleg ikkje endre den prosentvise fordelinga av sysselsetting, eller den prosentvise fordelinga verksemder, innanfor ulike næringssektorar. Korleis kan slike konklusjonar auke forståinga av økonomiske omstillingsprosesser?

8.3 Bidrag til auka forståing av økonomiske omstillingsprosesser

I debatten kring regional utvikling har det, som sagt, eksistert ulike tilnærmingar og forståingar (jf.kap.3.2). Tidlegare har eg delt desse inn i eksogene og endogene forklaringsmåtar, der eksogene tilnærmingar har fokusert på forhold og prosessar utanfor regionen som styrande for framtidig utviklinga, og endogene tilnærmingar på utvikling som styrt av eksisterande eigenskapar i ein region (jf.kap.3.2). Forståinga av kvifor enkelte regionar, eller stadar, opplever vekst har difor skifta frå å fokusere på lokaliseringsfaktorar som inneber kostnadsfordelar for bedrifter, til eit fokus på at regional eigenart i historie, utviklingsforløp og føresetnadnar skapar områdespesifikke ressursar, som igjen er viktig for å respondere treffande på strukturelle endringar.

I tillegg eksisterar det ei forståing av at endring og utvikling på einsidige industristadar er vanskeleg fordi eksisterande, eller tidlegare eksisterande, næringsaktivitet legg føringar på framtidig utvikling. Økonomisk utvikling blir forstått som styrt av tidlegare investeringsavgjersler, ved at kulturelt forankra kunnskap hemmar einsidige industristadar si omstillingsevne. Etablerte produksjonssystem, samt etablert kultur for korleis næringsaktivitet skal gå føre seg hindrar praksisar knytt til nyskaping og entreprenørskap, fordi dette bryt med

eksisterande praksisar og maktkonstellasjonar (Fløysand, 2004). Ei slik forståing inneber at stadars utvikling blir forstått som stiavhengig.

8.3.1 Førestillingar, mening og praksis.

Studiet har vist at den dominerande næringsaktiviteten på ein stad legg føringar på korleis stad vert konstruert, forhandla fram og erfart. Bruken av teoriar om diskurs, narrativ og representasjonar har gjort det mogleg å gripe korleis etablerte førestillingar, samt ein stads eksisterande ideologi kan avgrense aktørar sine konkrete handlingsval, ved at alternative handlingsval bryt med etablerte normer, verdiar, og eksisterande kultur. Narrativ og representasjonar må forståast som å innehalde bestemte verdiar, haldningar, oppfatningar og praksisformar (Lysgård, 2001, Lysgård og Berg, 2004) som gjer det mogleg å gripe korleis normative faktorar verkar inn på moglegskap for endring og omstilling. Ein diskursanalytisk studie av stadkonstruksjon i samband med økonomiske omstillingsprosessar aukar dermed forståinga av kvifor enkelte endringar er vanskelegare enn andre, samt kvifor ein omstillingsprosess tek ei bestemt retning. Vidare opnar tilnærminga for å sjå på kultur og historie sin innverknad på stadkonstruksjon, og korleis dette igjen strukturerar framtidig utvikling og kva praksisar som aksepterast.

På den andre sida har studiet vist at ei grensesetjande hending kan endre korleis aktørar fortolkar stad, og dermed oppfatninga av korleis økonomisk praksis skal gå føre seg. Hydro si avgjersle om å fase ut delar av verksemda, og den påfølgjande krisestemninga på staden, endra debatten om Høyanger og Høyanger si framtidige utvikling. Omstillingsprosessen kan dermed forståast å ha ført til endringar i korleis stad vert fortolka og gitt mening. Dette influerer vidare praksisformar og aktørars sosiale omgangsform, som igjen gir nye moglegheiter og vilkår for det eksisterande næringslivet gjennom styrking av tilgjenglege sosiale og kulturelle ressursar. Slike endringar influerer aktørars vilje til å investere og satse alternativt. Gjennom fokus på ei grensesetjande hending kan ein dermed, gjennom diskursanalyse, gripe korleis omstilling, forstått som altomfattande endring, impliserar endringar i stadkonstruksjon, samt endringar i korleis menneskjer handlar og lever i kvardagen, inkludert korleis dei fortolkar at økonomisk praksis skal gå føre seg. Omstilling kan, i dette tilfelle, forståast som å ha endra Høyanger sin ideologi, noko som igjen inneber at nye former for praksis vert akseptert (sjå Cresswell, 1996). Studiet har dermed klart å gripe dei kvalitative endringane ved ein omstillingsprosess.

Samtidig har studiet av Høyanger vist at endringar i korleis stad vert konstruert ikkje alltid samsvarar med faktiske endringar (sjå Hoggart og Paniagua, 2001). Framstillinga av Høyanger som lik Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid har i mindre grad enn representasjonar av Høyanger med fordelar innanfor industriell utvikling, lagt føring for praksis og forma Høyanger som ein heilskapleg materiell lokalitet. Ulike narrativ og representasjonar må difor forståast som å i ulik grad legge føring på handlingspremissar, som igjen i ulik grad formar stad som ein materiell lokalitet. Narrativa ”industristaden Høyanger” og ”nye Høyanger” illustrerar dermed korleis ein diskursiv konstruksjonen av stad inneheld motsetnadar, der enkelte moment i konstruksjonen er meir gyldige enn andre (sjå Haarstad og Fløysand, til publisering). Representasjonar av Høyanger som meir lik Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Eid kan difor sjåast i samanheng med eit ynskje, eller eit strategisk val om å manipulere, eller rekonstruere, stadførestillinga om Høyanger (sjå Coles, 2003). Slike representasjonar framstiller staden som ein attraktiv arena for potensielle næringsaktørar og innflyttarar, og må sjåast i samanheng med ein meir generell debatt som omhandlar rurale stadar og kva utvikling rurale stadar må ha for å utvikle seg til attraktive lokalsamfunn.

Ei diskursanalytisk tilnærming til studie av økonomiske omstillingsprosessar opnar dermed for moglegheita for å fokusere på både abstrakte og konkrete faktorar som fremjar eller hemmar framtidig utvikling. I mitt studie har endringar i korleis aktørar fortolkar og gir stad meining gjort at normer, verdiar, haldningar og så vidare, som har eksistert i lokalsamfunnet i forhold til entreprenørskap og nyskaping, er mindre framtredande. I tillegg står staden, som ein materiell lokalitet, fram som eit meir mangfaldig og robust industrielt samfunn. Dette gjer moglegheita til å takle endringar i rammevilkåra enklare, og staden står fram som meir tilpassingsdyktig. Kva inneber ei slik forståing for korleis ein i studie av økonomiske omstillingsprosessar bør tilnærme seg stad som ein analytisk kategori?

8.3.2 Stadar er dynamiske, mangfaldige og ulike

Med utgangspunkt i gjennomgangen ovanfor er det er det mogleg å argumentere for at stadar, som gjennomgår økonomiske omstillingsprosessar kan endre seg, samt styrke evna til omstilling gjennom endringar i økonomisk praksis og dermed det eksisterande næringslivet sine vilkår. Slik kan einsidige industristadar truleg, i større grad enn tidlegare antatt, oppnå

økonomisk utvikling og byggje eit meir mangfaldig næringsliv. For å gripe slike endringsprosessar må ein forstå stad som dynamisk.

Dette gjer det mogleg å argumentere for at tidlegare tilnærmingar og teoriar (jf.kap.3.2) har vore for deterministiske i si tilnærming til økonomiske omstillingss prosessar på einsidige industristadar. Forklaringsmodellane, og deira kategorisering av einsidige industristadar ut frå eit felles sett eigenskapar, gjer at ein mistar grepet om dynamikken og forskjellar som eksisterar. Samtidig misser ein grepet om den fullstendige røynda aktørar er del av. Ved at faktorar og forhold er gitt på førehand klarar ein ikkje å gripe kompleksiteten som eksisterar på stadar som gjennomgår endringsprosessar. Dette legg føring på korleis ein analytisk tilnærmar seg, og forstår einsidige industristadar.

I tillegg må stadar forståast som meir enn språkleg konstruerte. Materielle eigenskapar legg sterke føringar på korleis aktørar diskursivt konstruerar, samt handlar på stad. Stad er ein integrert del av sosial handling, knytt til både rommet sin fysiske, mentale og sosiale eller kulturelle dimensjon. Dei blir produsert og reproduusert gjennom sosial handling som må forståast som styrt av meir enn abstrakte forhold. Sosial handling må knytast til korleis staden allereie eksisterar, og korleis dette blir sansa eller tolka. Slike tolkingar av omgivnadane legg sterke føringar på korleis Høyanger stad narrativiserast som industristad. Representasjonar som utgjer eit slikt narrativ ligg sterkt forankra hos aktørar, og blir så tatt for gitt at dei strukturerer andre representasjonar og narrativ.

Fokus på stad som dynamisk, mangfaldig og forma av ulike hendingar, vurderingar og tiltak opnar for moglegskap til å gripe ein stads individuelle eigenskapar og korleis desse fremjar eller hemmar framtidig utvikling. Ei meir dynamisk tilnærming vil i større grad ha eit heilskapleg perspektiv der stadar blir forstått som kontinuerleg forma og omforma. Enkelte meningar, fortolkingar og førestillingar kan fortsette å vere ein etablert del av korleis ein stad vert konstruert, medan andre meningar, fortolkingar og førestillingar kan bli utfordra og mogleges endra (Panelli, 2001). I studie av stad og økonomiske omstillingss prosessar er det difor ynskjeleg med større mangfold i teoretisk tilnærming og forståing.

8.4 Avslutning

Ei forståing av stad som eit sosialt konstruert fenomen, forankra i korleis aktørar opplever staden, samt stadens fordelar og ulemper i framtidig stad- og næringsutvikling, gir innblikk i kva praksisar som får aksept og ikkje på ein stad. Endrar staden seg som ein abstrakt kategori kan praksisar som fremjar framtidig utvikling bli ein naturleg del av staden på sikt. Stadar må difor behandlast som ein meiningsberande kategori, beståande av både praksisar, symbol og mening, som grupper av menneskjer bevisst, eller ubevisst tar opp i seg å anvende i sitt daglegliv. På den andre sida er det ikkje alle aspekt ved stad som ein abstrakt kategori som samsvarar med stad som ein konkret eller materiell lokalitet. Dette inneber at delar av den endringsprosessen Høyanger gjennomgår ikkje kan knytast til korleis aktørar fortolkar omgivnadane dei er del av, men heller knytast til eit ynskje om å rekonstruere førestillingar om staden, og må sjåast i samanheng med ein meir generell trend knytt til forståinga av kva utvikling rurale samfunn må ha for å stå fram som attraktive.

Ein kan dermed argumentere for at den analytiske og metodiske tilnærminga til korleis ein skal forstå økonomiske omstillingss prosessar på einsidige industristadar må innebere breidde og mangfald, samt at diskursanalyse har potensiale for å tilføre eit nytt perspektiv i framtidige studie av regional endring i ein norsk kontekst (Lysgård, 2001). Regional endring kan ikkje forståast som fullstendig determinert av verken overordna strukturar og lokale regionar eller stadar sin respons på desse, men må heller forståast som eit resultat av ein dynamikk mellom historisk utvikling, narrativ og representasjonar av stad, ein stads materielle eigenskapar, samt korleis dette formar praksis og kva retning vidare utvikling tar.

Referansar:

Aase til publisering, *Semiotikk for Samfunnsvitere*, Universitetsforlaget, Oslo

Andrews M., Sclater D.S, Squire, C. Treacher, A, 2004: *The Uses of Narratives, Explorations in Sociology, Psychology, and Cultural Studies*. Transaction Publisher, New Brunswick (USA) and London (UK).

Berg, N. Dale, B. Lysgård, H.K, Løfgren, A., 2004: *Mennesker, steder og regionale endringer*, tapir akademiske forlag, Trondheim

Best S. og Kellner D, 1991: *Postmodernen Theory, Critical interrogations*. THE MACMILIAN PRESS, London

Boschma, R.A, J.A. Lambooy 1999: *Evolutionary economics and economic geography*. Evol. Econ 9: 411-429

Bradshaw M. og Stratford E.: *Qualitative Research Design and Rigour*, i Hay, I. 2000: *Qualitative Research Methods in Human Geography*, s. 37-49. Oxford University press, New York.

Claval, P, 2001: *The cultural approach and geography – the perspective and communication*. Norsk geografisk tidsskrift. Vol.55, 126-137. Oslo

Cloke, P, 2006, *Conceptualizing rurality*, i Cloke, P. Marsden, T. Mooney H. *The Sage Handbook of Rural Studies*. Sage, London.

Coles, T. 2003: *Urban tourism, place promotion and economic restructuring: the case of post-socialist Leipzig*, Tourism Geographies 5, 190-219

Cresswell, T. 1996: *In Place/Out of place*. Geography, Ideology, and Transgression, University of Minnesota press. London.

Flowerdew, R. og Martin,D. 2005; *Methods in human geography, a guide for students doing a research project*, Person Prentice Hall, Edinburgh

Fløysand, A, 2004, *Omstilling i norsk fiskeri. Et tidsgeografisk perspektiv*, i Lindkvist mfl. 2004, *Ressurser og omstilling- et geografisk perspektiv å regional omstilling i Norge*, Fagbokforlaget, Bergen.

Fløysand, A., Jakobsen, S-E, 2006, *Rural restructuring in a glocal world: A narrativ of social field, rural development and football*, Journal of Rural Studies (2006), doi:10.1016/j.jrurstud.2006.09.012

Fløysand A., 2004, *Geografisk forankring og lokalsamfunnsutvikling i Stryn kommune*, I Fløysand A, Nesje L M og Mæsel B (eds.) *Lokalsamfunnsutvikling i Stryn kommune* Samfunnsgeografisk feltkursrapport Høsten 2003, 1-15 (Universitetet i Bergen, Bergen)

Fossåskaret, E, 2005, *Har kunnskap sin eigen rett? Etiske utfordringar ved å distansere seg frå det nære*, i Fossåskaret, E. Fuglestad, O. L, Aase, T.H, 2005, Metodisk feltarbeid, Produksjon og tolking av kvalitativ data, Universitetsforlaget, Oslo.

Gür, B.F, 2002, *Spatialisation of Power/Knowlegde/Discourse – Transformation of Urban Space Through Discursive Representation in Sultanahmet, Istanbul*, Space and Culture vol.5, Sage Publications.

Haarstad, H , 2005, *Globalized Power and Resistance: A Peruvian case study demonstrating embeddedness in spatial scale*, Institutt for Geografi, Universitetet i Bergen

Haarstad og Fløysand, til publisering, *The Globalization og Power: Discourse, narratives and networks of spatial scales*

Halfacree, K, 1993, *Locality and social representations: space, discourses and alternative definitions of the rural*. Journal of rural studies, 9:23-37

Halfacree, K, 2006, *Rural space: constructing a three-fold architecture*, i Cloke, P, T. Marsden, P. H. Mooney. 2006: The Sage Handbook of Rural Studies. Sage.London.

Hansen F. og Simonsen K., 2004. *Geografiens videnskabsteori – en introducerende diskussion*. Roskilde Universitetsforlag, Fredriksberg.

Hayter, R. 2004. *Economic as Dissenting Institutionalism: The Embeddedness, Evolution and Differentiation of Regions*. Geogr. Ann. 86B(2):95-115

Hellevik, Ottar, 1999: *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*, Universitetsforlaget, Oslo

Hoben, A., 1998, *The Role of Development Discourse in the Construction of environmental Policy in Africa, International Development Studies*, Roskilde University.

Hoggart, K. and Paniagua, A. 2001: *What rural restructuring?* Journal of Rural Studies, 17, 41-62.

Holloway, L. og Hubbert, P., 2001. *People and place, the extraordinary geographies of everyday life*, Prentice Hall, London

Jakobsen, S-E, Rusten, G, Fløysand, A: *Foreign direct investment in two Norwegian industrial towns*. The Canadian Geographers/Le Géographe canadien 49.no 3 (2005)

Jakobsen, S-E, 2004, 2004, *Virker virekmiddlene*, i Lindkvist mfl. 2004, *Ressurser og omstilling- et geografisk perspektiv å regional omstilling i Norge*, Fagbokforlaget, Bergen.

Jørgensen, M.W og L. Phillips. 1999, *Diskursanalyse som teori og metode*. Roskilde Universitetsforlag, Studentlitteratur, Lund, Sverige.

Lindkvist.K-B, Vatne, E., 2004, *Ressurser, verdiskaping, og regional omstilling*, i Lindkvist mfl. 2004, *Ressurser og omstilling- et geografisk perspektiv å regional omstilling i Norge*, Fagbokforlaget, Bergen.

Lysgård, H.K, 2001, *Diskursanalysers sosialkonstruktivistiske grunnlag – muligheter og begrensinger i forståelsen av regionale endringer*. FoU-rapport nr.4/2001

Macdonnell, D, 1986, *Theories of Discourse, An Introduction*, Basil Blackwell, Oxford

Neumann, I. 2001, *Mening, materialitet, makt: En innføring i diskursanalyse*. Fagbokforlaget, Bergen

Onsanger, K., Selstad, T. 2004, *Regioner i utakt*, tapir akademiske forlag, Trondheim

Paddison, R. 1993, *City Marketing, Image Reconstruction and Urban regeneration*. Urban studies, Vol.30. no 2.

Paulgaard, G, 2005, *Feltarbeid i egen kultur- innenfra, utenfra, eller begge deler?* i Fossåskaret, E. Fuglestad, O. L, Aase, T.H, 2005, *Metodisk feltarbeid, Produksjon og tolking av kvalitativ data*, Universitetsforlaget, Oslo.

Plan – 2002- Nr 02- “*Ruralitet og urbanitet – bygd og by*” av Hans Kjetil Lysgård, Nina Gunnerud Berg

Panelli, R. 2001: *Narratives of Community and Change in a Contemporary Rural Setting: The Case of Duringa, Queensland*. Australian Geographical studies. July 2001. Vol. 39: 156-166

Roe, E., 1991, *Development Narratives, Or making the Best of Blueprint Development Narratives*. In World development, Vol. 23, No 6.

Rose, G., 2001, *Visual Methodologies*, SAGE Publications, London

Røe, P.G. 2002. *Sosiolulturelle stedsanalyser – et supplement til de tradisjonelle stedsanalyser*. Plan 4-5/2002

Shumer-Smith. P, 2002. *Doing Cultural Geography*, SAGE Publications, London

Selstad, T. 1997: *Restrukturering på norsk. Regional utvikling i teori og praksis 1945-1995*. ØF-rapport nr.16/1997, Høgskulen i Lillehammer.

Thagaard, T, 2003: *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*, Fagbokforlaget, Bergen

Vestby, G.M., 2004. *Steds og næringsutvikling. En ideskisse*. VS2010 Innlandet-publikasjon.

Wadel, C., 1991, *Feltarbeid i egen kultur*, SEEK A/S, Flekkefjord

Woods, M. 2005. *Rural Geography - Processes, Responses and Experiences in Rural Restructuring*, Sage Publications, London.

Andre kjelder

Fylkeskommunen Sogn og Fjordane, 2004: *Partnarskap om omstillingsarbeidet i Flora, Høyanger og Årdal*

Byrkjeland, Martin, 1990: BLUSS. *Arbeidarar og fagforening ved Høyanger Verk 1916-1986*. Høyanger Kjemiske Industriarbeiderforening, Gjøvik Bokbinderi A/S, Gjøvik.

Bukve, O, Glosvik, Ø, Mundal, H, Nesse, JG, Trengereid, Vebostad, Å ,2006; *Næringsutvikling i omstillingskommunane i Sogn og Fjordane – Undervegsevaluering 2006*, <http://w3.sff.kommune.no/barometer/media/evaluering/Evalueringssrapport%202006%20endelig.pdf>.

Høyanger kommune, 2005: *Strategisk utviklingsanalyse, Høyanger kommune*, utført av Private Water House Coopers, juni 2005

Høyanger næringsutvikling, Diverse tal og materiale, 2005-2007.

Tall frå NAV brukt i Ytre Sogn, 3.nov 2006

Ytre Sogn Avis, diverse utgåver 2004 – 2007

Internettreferansar:

<http://www.ssb.no/kommuner/1416>
http://kvalbein.org/prosjekt_hoyanger/
<http://w3.sf-f.kommune.no/barometer/>
<http://www.hoyanger.kommune.no/>.
http://nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/fylkesleksikon/1381989.html

Vedlegg 1: Intervjuguide, omstilling/offentlege aktørar

1. Stilling og rolle i omstillingsarbeidet?

Høyanger:

2. Korleis vil du beskrive Høyanger?

3. Kva er forskjellen på Høyanger og andre stadar (der bedriften bestemmer seg for å legge ned arbeidsplassar)?

4. Kva forståing av Høyanger er det som dominar? Kva byggjer opp under den?

5. Kva er det ein ynskjer å endre i Høyanger i forhold til tidlegare? Har det oppstått nokon endringar som gjør at Høyanger er annleis no enn tidlegare?

6. Korleis trur du folk i Høyanger opplev staden? Er det forskjellig forståingar?

Staden i omstillingsdebatten:

7. Korleis forstår du omstilling, og Høyanger i omstilling? Er omstilling positivt eller negativt?

8. Kva er viktig for å omstille Høyanger? Strategiar, faktorar, satsingsområde?

9. I geografifaget så blir innovasjon, nettverk og entreprenørskapskultur trekt fram som viktig for utvikling. Korleis opplev du dette i Høyanger?

10. Kva reaksjonar var det på Hydro si manglande vilje til å investere? Var reaksjonane ulike i ulike miljø/blant ulike aktørar?

11. Korleis har Hydro sitt val verka inn på omstillingsprosessen, og omstillingsarbeidet?

12. Er det konflikt mellom å arbeide for modernisering av Høyanger Verk samtidig som ein prøver å omstilling Høyanger?

Praksis:

13. Kva trekk ved Høyanger, trur du, vil forme den framtidige utviklinga?
14. Korleis opplev du moglegskapen for endre Høyanger? Er det motstridande interesser som gjer omstilling vanskeleg?

Næringslivet:

15. Korleis er næringslivet i Høyanger? Kvifor er det slik, og kan det endre seg?
16. Kva type næringsaktivitet er ynskjeleg i Høyanger, og kvifor?
17. Er det enklare å fremje enkelte typar næringsaktivitet enn andre? I tilfelle kva?
18. Korleis reaksjonar er det til dei ulike verksemndene som etablerar seg i kommunen blant folk flest?
19. Korleis arbeider ein for å fremje næringsutvikling (mot spesielle aktørar, til dømes store, små, lokale, eksterne)?
20. Korleis forklarar verksemder som etablerar seg i Høyanger ei slik avgjersle? Kva faktorar ved Høyanger gjer at dei ynskjer å etablere seg her?
21. Korleis framstiller ein Høyanger ovanfor næringsdrivande?

Avslutning:

22. Korleis ser du for deg, eller ynskjer at Høyanger er i framtida?
23. Er det noko du har lyst å sei som vi ikkje har vore inne på til no?

Vedlegg 2: Intervjuguide, næringsaktørar

1. Namn, stilling, kva driv bedifta med ?

Staden:

2. Korleis opplever dykk å drive næringsverksemd i Høyanger?

3. Kva trur du skil det å drive næringsverksemd i Høyanger frå å drive næringsverksemd andre stadar?

4. Kva fordelar opplever dykk at Høyanger som stad gir dykkar verksemd?

Omstilling:

5. Kva legg dykk i at Høyanger er omstillingskommune?

6. Korleis har omstilling hatt innverknad på dykkar verksemd (val, handlingar, strategiar)?

7. Har det vore endringar i samarbeidet med kommunen etter at Høyanger vart omstillingskommune? I tilfelle kva endringar?

8. Korleis endrar omstilling Høyanger som ein stad for næringsaktivitet? Er forholda for næringsaktivitet annleis no enn tidlegare?

9. Kva opplever du at omstilling fører til, eller endrar ved Høyanger?

Endringar i forståing av staden:

10. Korleis opplever du ikkje-industrirelaterte verksemder sin moglegskap i Høyanger? Har dette endra seg?

11. Kva moglegskap gir Høyanger dykk i framtida?

Vurderingar, val, handlingar, strategiar:

12. Kva planar har dykk for verksemda i framtida? Vil dykk ekspandere? I Høyanger?

13. Korleis opplever dykk moglegskapen for å iverksetje ynskja visjonar og strategiar?
Korleis blir dette mottatt av resten av lokalsamfunnet? Opplev dykk reaksjonar?

14. Korleis vurderer dykk risikoen ved å satse i Høyanger (Hydro trekk seg ut, Fundo Wheels har vore gjennom nedgangstider)? Har andre næringsverksemder sin aktivitet innverknad på korleis dykk ser framtida?